# Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø Stord kommune



Vedteken 26.11.2009

I arbeidsgruppa som har arbeidd med kulturminneplan for kulturminne og kulutmiljø med bygningsvernplan har desse vore med:

Bjørn Arve Lunde
Oscar Ingebrigtsen
Arvid Helvik
Bergny Nordbø
Jakob Gullberg

Bergny Nordbø har hatt ansvaret for layout.

Fotografia er ved
Tor Resser (TR)
Bjørn Arve Lunde (BAL)
Arvid Helvik (AH)
Bergny Nordbø (BN)
Jakob Gullberg (JG)
Bård Gram Økland (BGØ)

# INNHALD


**1. Plangrunnlaget** 3

***1.1 Innleiing*** 3

***1.2 Kulturminne – ein ikkje-fornybar ressurs*** 3

***1.3 Kvifor verna kulturminne og kulturmiljø?*** 4

***1.4 Kva er kulturminne? Definisjonar*** 4

*Kulturminne*

*Kulturmiljø*

*Kulturlandskap*

*Kulturminnevern*

*Freding*

***1.5 Ulike typar kulturminne*** **5**

**2. Kva skal vernast?** 6

***2.1 Verdivurderingar*** 6

*Kunnskap*

*Oppleving*

*Bruk*

***2.2 Vernekategoriar*** 7

*Freda/fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø*

*Verna/verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap*

***2.3 Kartfesting*** 7

**3. Kulturminneforvaltning** 7

***3.1. Vern*** 7

***3.2 Verkemiddel for forvaltning og vern*** 8

*Informasjons- og haldningsskapande arbeid*

*Juridiske verkemiddel*

*Økonomiske verkemiddel*

***3.3 Ansvarsdeling*** 9

**4. Rammer for arbeidet** 10

***4.1 Juridisk plangrunnlag*** 10

***4.2 Planperiode*** 10

***4.3 Arbeidet med planen*** 10

**5. Målsetjing for arbeidet med å verna kulturminne** 10

***5.1 . Hovudmålsetjing*** 10

***5.2 Retningslinjer for oppfølging av planen*** 10

***5.2 Framlegg til tiltak*** 11

**6. Kulturminne på Stord** 11

***6.1 Huglo*** 12

***Topografisk og historisk utgangspunkt*** 13

***Korleis landskapet er teke i bruk og forma*** 14

***Ferdsel og ferdselsårer*** 19

***Enkeltobjekt og kulturmiljø*** 20

*6.2 Frå Mehammar til Grov* 25
*Topografisk og historisk utgangspunkt* 25
*Korleis landskapet er teke i bruk og forma* 25
*Ferdsel og ferdselsårer* 29
*Enkeltobjekt og kulturmiljø* 30

*6.3 Frå Førland til Hystad* 32
*Topografisk og historisk utgangspunkt* 32
*Korleis landskapet er teke i bruk og forma* 34
*Ferdsel og ferdselsårer* 41
*Enkeltobjekt og kulturmiljø* 42

*6.4 Orninggard og gardane kring Ådlandsvatnet* 50
*Topografisk og historisk utgangspunkt* 51
*Korleis landskapet er teke i bruk og forma* 52
*Ferdsel og ferdselsårer* 60
*Enkeltobjekt og kulturmiljø* 61

*6.5. Frå Leirvik til Digernes* 68
*Topografisk og historisk utgangspunkt* 69
*Korleis landskapet er teke i bruk og forma* 69
*Ferdsel og ferdselsårer* 77
*Enkeltobjekt og kulturmiljø* 78

*6.6. Storavatnet med gardane omkring* 85
*Topografisk og historisk utgangspunkt* 85
*Korleis landskapet er teke i bruk og forma* 86
*Ferdsel og ferdselsårer* 92
*Enkeltobjekt og kulturmiljø* 93

**7. Kart. Tabellar**

**Bygningsvernplan for Stord**

1. **Innleiing**
2. **Utveljing**
3. **Utviklinga av byggestilen på Stord**
4. **Nosituasjonen. Utviklingstrekk. Utfordringar**
5. **Målsetjingar og tiltak**
6. **Framlegg til revidert plan – oversyn**

**Vedlegg**

1. Skjema med oversyn over bygningar
2. Kart

# Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø

## 1. Plangrunnlaget

### *1.1. Innleiing*

Kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø er todelt: ein kulturminneplanen og ein eigen bygningsvernplan, som tar for seg bygningsvern spesielt. I kulturminnedelen er det med ein del enkeltbygg som ikkje er med i bygningsverndelen, men som utgjer viktige deler av verneverdige kulturmiljø.

I planen vert kommunen delt inn i seks geografiske område. Dette er gjort for å få fram kvart område sine sermerke med tanke på topografi, naturforhold og historisk utvikling. Alle kulturminne er skapte i ein historisk samanheng og i samspel med topografi og naturforhold.

Dei seks områda er:
- Huglo
- Austsida av Stord frå Mehammar til Grov
- Nordbygdo med Fjellgardane og Hystad
- Vikjo og gardane som grensar til Ådlandsvatnet
- Utbygdo frå Leirvik til Digernes
- Sagvågsområdet med gardane rundt Storavatnet

For kvart av desse områda vert det først gjeve eit kort oversyn over topografi og historisk bakgrunn. Så kjem eit kapittel der det vert vist til korleis menneskeleg aktivitet har påverka området. I tredje kapittel vert vist til korleis behov for samband og kontakt har utvikla kommunikasjonslinjer tilpassa dei naturlege føresetnadene. Endeleg er i det fjerde kapitlet i kvart område ei opplisting av dei kulturminna og kulturmiljøa som er prioriterte i planen.

Når ein skal verna kulturminne, må ein gjera eit utval. At eit kulturminne ikkje er med i planen, betyr ikkje at det ikkje har verdi. Dagleg forsvinn verna og verneverdige kulturminne enten ved brann, ved naturskadar, eller ved at utbyggingskreftene blir sterkare enn verneinteressene. All vidare utbygging, bør ta utgangspunkt i det som er, vellukka utbyggingsprosjekt vil alltid vera tilpassa det eksisterande.

Til sist i planen kjem kart og lister med oversyn over kvart enkeltobjekt som er med i planen frå dei ulike områda.

### *1.2. Kulturminne – ein ikkje–fornybar ressurs*

Heilt frå isen trekte seg tilbake for om lag 10 000 år sidan har øya vår vore tilhaldsstad for menneske. I strevet for å skaffa seg mat, klede og vern mot ver og vind har dei sett merke på landskapet. Jegerar og fangstfolk i dei første tusenåra gjorde ikkje store inngrep i naturen, og det er få spor etter dei. Men for 3-4000 år sidan tok folk til å dyrka jorda og verta fastbuande. Då tok dei også til å forma og endra landskapet. Dei reinska stein or jorda for å laga åker, steinen vart lagt i røyser. Dyra som beita heldt buskar og tre borte, så landskapet vart ope. Hus, steingardar og gravhaugar var inngrep i naturen. Landskapet slik me kjenner det, er forma av folk sitt arbeid for levevegen. Det siste hundreåret har mange av spora etter dette arbeidet forsvunne. Dei siste 50 åra er det på Stord gjort større naturinngrep enn i dei føregåande 10 000 åra til saman. Skal kommande generasjonar få del i kulturminnearven frå det gamle jordbrukssamfunnet, hastar det med å verna om noko av det som er att av han.

Men også spora etter aktiviteten dei siste hundre åra er kulturminne. Vegar, industri, bustader og bygg og anlegg til offentlege føremål er også spor etter menneskeleg aktivitet. Nokre av gardsområda er omdanna til byliknande strok. Kulturminna fortel oss korleis menneska har tatt øya vår i bruk, utnytta ressursane og utvikla stadig meir avanserte teknikkar for å bearbeida råmateriale.



*Tingvikjo, i bakgrunnen Trekantsambandet (Foto: TR)*

Kulturminna er ein del av landskapet og gjev oss visuelle og estetiske opplevingar. Kulturlandskapet har endra seg i takt med folketalsutvikling, næringsutvikling og teknologisk utvikling. Når noko nytt skal byggjast, må ofte det som var der frå før vika. Kulturminna er såleis ein ikkje - fornybar ressurs. Difor er det viktig at me også tek vare på døme frå vår eiga tid – dei er kulturminne for framtida.

Kulturminneplanen for Stord kommune skal vera med på å gje innbyggjarane og private og offentlege planleggjarar kunnskapar om kva ressursar som finst i kommunen. Planen viser status og gjer framlegg om ei prioritering av kulturminna, slik at ein best råd er skal kunna ta vare på fysiske spor frå fortida.

## 1.3. Kvifor verna kulturminne og kulturmiljø?

Det er viktig å ta vare på kulturminna fordi:

- dei gjev oss kunnskap, om historia, om verdfulle handverk, teknikkar og driftsformer
- dei gjev oss identitetsverdiar – dei gjev lokalsamfunnet særpreg
- dei gjev opplevinga – viser samanhengen mellom gammalt og nytt, er ofte vakre å sjå på
- dei har bruksverdi

Men kulturminna er truga, av naturen sjølv og av lovleg og ulovleg menneskeleg aktivitet.

I St.melding nr 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner står dette om behovet for behovet for kulturminneplanar:

> *Regjeringen legger vekt på at kulturminner, kulturmiljøer og kulturlandskap gis økt oppmerksomhet i de kommunale planprosessene og i den enkelte byggesak. Kommuneplaner og kommunedelplaner som klargjør kulturminne – og kulturmiljøverdier gir økt forutsigbarhet når det gjelder hvilke hensyn forvaltninga og tiltakshavere må ta i reguleringsplaner og utbyggingsprosjekter. Plan – og bygningslovens bestemmelser om regulering til spesialområde bevaring bør brukes aktivt som virkemiddel for å sikre kiulturminner og kulturmiljøer gjennom bruk.*

## 1.4 Kva er kulturminne. Definisjonar

*Kulturminne*

Med kulturminne meiner me alle spor etter menneskeleg aktivitet i det fysiske miljøet vårt og lokalitetar det knyter seg historiske hendingar til.

Kulturmiljø
Med kulturmiljø meiner me område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Desse definisjonane er i samsvar med dei som kulturminnelova nyttar.



*Spor etter saga i Vikabekken (Foto: TR)*

Eit kulturminne kan vera *materielt* (ein gjenstand) eller *immaterielt* (t.d. eit stadnamn eller ei segn). Ein skil også mellom *jordfaste* og *lause* kulturminne (ei steinøks er eit laust kulturminne, medan ein bygning er jordfast.) Denne planen tek for seg dei materielle og jordfaste kulturminna.

*Kulturlandskap*
er i denne planen definert som det landskapet som menneske har forma gjennom tidlegare tiders landbruksdrift. Det omfattar ulike kulturmarkstypar, steingardar, rydningsrøyser, ferdselsårer og miljø med verneverdig bygningsmasse.

*Kulturminnevern*
Miljøverndepartementet er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet gjennom strategiar, lovverk, tiltak og økonomiske midlar. På regionalt nivå er det fylkeskommunen som forvaltar kulturminnevernet. På lokalt nivå har kommunen ansvaret med heimel i plan – og bygningslova. Men det viktigaste kulturminnevernet ligg i det ansvaret som kvar enkelt av oss har for å verna og ta vare på kulturminna. Å verna kulturminnearven er eit personleg ansvar, styresmaktene kjem først inn med tiltak når eigar ikkje maktar å følgja opp pliktene sine.

*Freding*
Freding er det sterkaste juridiske vernet eit kulturminne eller kulturmiljø kan få. Gjennom Kulturminnelova vert alle kulturminne eldre enn 1537 og ståande bygningar eldre enn 1649 automatisk freda. Andre kulturminne kan *fredast ved vedtak.* Det er Fylkeskonservatoren eller Riksantikvaren som står for den formelle fredinga, men alle kan gjera framlegg om freding. Det er i hovudsak kulturminne og kulturmiljø med nasjonal eller høg lokal verdi som kan fredast med vedtak.

### *1.5. Ulike typar kulturminne*
Kommunedelplanen vil ta for seg følgjande typar kulturminne:
- Kulturminne knytt til jordbruk
- Kulturminne knytt til sjøbruk
- Teknisk utnytting av vassdrag
- Bergverk
- Handverk/industri
- Handel/service

- Offentlege bygg og anlegg
- Fornminne
- Kulturlandskap
- Materielle krigsminne
- Naturformasjonar det knyter seg særlege tradisjonar til
- Ferdselsårer/kommunikasjon

Alle bygningar som er med, er samla i ein eigen bygningsvernplan.





*Landskapet endrar seg. T.v. Eldøyane før 1975. (Foto: TR)*

# 2. Kva skal vernast?

## *2.1. Verdivurderingar*

Slik ordet kulturminne er definert, omfattar det alle spor etter menneskeleg aktivitet. Men me kan ikkje ta vare på alle kulturminna. Me må velja ut nokre me vurderer som særleg verdfulle.

I heftet "Alle tiders kulturminner" gjeve ut av Riksantikvaren i 2001 vert det peika på ulike kriterium for vern, som igjen kan knytast til tre ulike hovudverdiar: Kulturminne og kulturmiljø som

- kjelde til kunnskap
- grunnlag for oppleving
- bruksressurs

*Kunnskap*
Eit kulturminne er kjelde til kunnskap om fortida. Då vert *alder* ein viktig delverdi. *Representativitet* er eit anna omgrep som vert nytta. Det gjeld å finna eit utval av kulturminne som kan representera eit tverrsnitt av fortida. Kva kunnskap eit kulturminne gjev, er også avhengig av korleis me vel å sjå ulike objekt i samanheng i tid og rom. Eit enkelt hus på eit gardstun viser byggeskikk, men ser ein heile gardstunet under eitt med bygningar, åker og eng, vegar, fornminne osv, gjev det kunnskap om bruk av ressursane gjennom lang tid. Om eit objekt er sjeldant eller typisk kan også bety noko for verneverdien. Eit anna kriterium er *autentisitet*. Med det meinest at noko verkeleg er det det gjev seg ut for å vera. Hovudregelen er at di meir autentisk eit kulturminne er, di høgare verdi har det.

*Oppleving*
Mange kulturminne og kulturmiljø har kvalitetar som gjer at dei vert viktige for menneska si kjensle av å høyra til og kjenna seg att. Slik kan eit område få identitets- eller symbolverdi. Kulturminna har også mykje å seia for korleis me opplever det fysiske miljøet på ein stad. Det har alltid vore eit nært samspel mellom naturressursar og det miljøet som menneska har skapt. Dagens teknologi gjer oss mindre avhengige av landskapet, me kan lettare skapa det om slik me ønskjer. Men dermed kan me også komma til å viska ut dei opphavlege samanhengane og slik svekkja forståinga for at nett den staden er valt til busetnad eller annan aktivitet. Gjennom planlegging er det råd å halda ved like nøklane til å forstå det særeigne ved ein stad. Estetisk verdi ut frå arkitektonisk eller kunstnarleg kvalitet er også med på å gje opplevingsverdi.

*Bruk*
Bruksverdien må vurderast med utgangspunkt i om det økonomisk løner seg å ta vare på gamle bygningar og anlegg framfor å byggja nytt. Det ligg store ressursar for samfunnet i å utnytta det som alt eksisterer framfor å byggja nytt. Bruk av kulturminne og kulturmiljø er viktige bidrag til ei berekraftig utvikling. Økologiske vurderingar er dermed også med på å bestemma verneverdien.

## 2.2 Vernekategoriar
Ut frå desse verdivurderingane kan kulturminne og kulturmiljø sikrast enten ved freding etter kulturminnelova eller ved vern med heimel i plan – og bygningslova. I planen vert desse vernekategoriane nytta:

*Freda/fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø*
Kulturminne og kulturmiljø som er freda eller som det vert gjort framlegg om å freda, har høg nasjonal og/eller svært høg lokal/regional verneverdi. I denne kategorien er også alle kulturminne som er automatisk freda. Alle fornminne, arkeologiske funn, kjem i denne kategorien. Det same gjeld bygningar som er eldre enn frå 1648.

*Verna/verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap*
Denne kategorien kan delast i to underkategoriar:
*a) særleg verneverdige kulturminne og kulturmiljø.(Kategori I)*
Dette er kulturminne med stor lokal/regional verneverdi. Dei bør sikrast ved særlege tiltak. Dei kan vernast i samarbeid med grunneigar og brukarar, eller ved regulering til spesialområde vern. For denne kategorien bør det gjelda eit generelt riveforbod og spørsmål om endringar og andre tiltak bør
sendast Hordaland fylkeskommune til vurdering. Kulturminna som er nemnde spesielt i planen og teke med i dei vedlagde listene, vert rekna til denne kategorien.

*b) andre potensielle verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap (Kategori II)*
Dette vil vera ei stor gruppe kulturminne og kulturmiljø. Spørsmål om endringar, riving og andre byggetiltak bør vurderast i kvart enkelt tilfelle av kommunen, eventuelt fylkeskommunen. Elles skal all planlegging ta omsyn til eksisterande kulturminnemiljø, slik at nyanlegg kan tilpassast det som finst frå før. Alle SEFRAK- registrete bygningar som ikkje er med i kategori a) vert rekna til denne gruppa.

## 2.3 Kartfesting
Alle fornminne, freda bygg og særleg verneverdige kulturminne og kulturmiljø er kartfesta. Desse skal også takast inn i kommuneplanen sin kartdel.

# 3. Kulturminneforvaltning
## 3.1. Vern
Kulturminne og kulturmiljø kan sikrast vern gjennom Plan – og bygningslova (Pbl), offentlege eller private verneplanar, ved tilskotsmidlar og vern – og vedlikehaldsavtalar. Kommunen kan følgja opp framlegga i kulturminneplanen med sikring gjennom regulering til spesialområde vern og med skjøtselstiltak. Gjennom reguleringsføresegnene kan ein gje nærare reglar for kor strengt vernet skal vera.

Dei nasjonale måla for kulturminnevernet er:

> *Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og ivaretas som bruksressurser og som grunnlag for opplevelse og videreutvikling av fysiske omgivelser.*

og

> *et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv som kunnskapsressurs og som grunnlag for opplevelse.*
> (Riksantikvaren: Veileder kulturminner og kulturmiljøer.)

I dette ligg at ein ikkje kan ta vare på alt, men må gjera eit utval. Også me som lever no, og dei som kjem etter oss, må få høve til å setja våre merke på omgjevnadene og visa våre verdival.

I fylkesdelplanen for kulturminne i Hordaland: "Kultur viser veg 1999 – 2010" er det overordna målet formulert slik:
*" Forvalta kulturarven i Hordaland slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida."*

### 3.2 Verkemiddel for forvaltning og vern

Stortingsmelding nr 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner slår fast at

> *Offentlig forvaltning skal være pådriver i arbeidet med å sikre kulturminner. Som planleggings – og reguleringsmyndighet er kommunen den største forvalteren av kulturhistoriske verdier. Regjeringen vil legge til rette for at kommunen kan bruke kulturminnene i den lokale samfunnsutviklingen, blant annet gjennom utvikling av plan – og bygningsloven og betre tilgang på registre og kunnskap.(s. 11-12)*

Vidare heiter det i meldinga at plan – og bygningslova er eit verkemiddel i kulturminneforvaltninga for å

- *utforme langsiktige mål og strategier for forvaltning og vern av kulturminner og kulturmiljøer*
- *samordne kulturminnesektoren og de øvrige sektorene i arbeidet med fylkes – og kommuneplaner*
- *avklare den langsiktige statusen for kulturminner og kulturmiljøer gjennom kommuneplanens arealdel*

Me har tre aktuelle verkemiddel for å verna kulturminne og kulturmiljø:
1. Informasjons – og haldningsskapande verkemiddel
2. Juridiske verkemiddel
3. Økonomiske verkemiddel

*1. Informasjons – og haldningsskapande arbeid*
Dette er kanskje det viktigaste verkemidlet me har, fordi folk si oppfatning av kva som er av verdi til sjuande og sist vil vera avgjerande for kva som vert verna.

Haldningsskapande arbeid bør ta til alt i barnehage og skule. På kortare sikt er det viktig å komma i dialog med grunneigarane, som eig kulturminna og med dei som brukar dei. Det er viktig å få ut til folk informasjon om kulturminna, kor dei er, kvifor dei er viktige å bevara osv. Musea og sogelaga er naturlege samarbeidspartnarar i arbeidet med å spreia informasjon om kulturminna i kommunen.

*2. Juridiske verkemiddel*
Når interessekonflikten vert stor mellom utbyggings – og verneinteresser kan det vera aktuelt å bruka juridiske verkemiddel

**Kulturminnelova (Lov om kulturminner av 9.juni 1978, sist endra 31.01.03)** er særlova til vern om kulturminne. Den har til føremål å ta vare på kulturhistorisk eller arkitektonisk verdfulle kulturminne og kulturmiljø. § 1 lyder slik:

*Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø – og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.*
*Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål.*

**Plan – og bygningslova (av 14. juni 1985)** er det viktigaste verkemiddelet kommunen har når det gjeld arealdisponering og byggesaksbehandling. Dei kulturminna som fell utanfor kulturminnelova, kan vernast gjennom bruk av *plan – og bygningslova.* Lova pålegg kommunane å driva oversiktsplanlegging gjennom utarbeiding av kommuneplan med arealdel. Med heimel i § 20 – 4, pkt. 4 i Plan- og bygningslova kan kommunen i arealdelen i kommuneplanen bandleggja spesielt verneverdige miljø og område. Vilkåret er at området innan fire år vert sikra vern gjennom vedteken reguleringsplan.

Gjennom Plan – og bygningslova skal kommunen driva fysisk detaljplanlegging og behandla byggesaker. Lova gjev høve til å utarbeida reguleringsplanar med ulike reguleringsføremål. Under § 25.6 "Spesialområde" inngår mellom anna *"områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares."* Dette gjev kommunen høve til å regulera til spesialområde bevaring.

Plan –og bygningslova gjev og føresegner om behandling av byggesaker. § 92,3 (verneregelen) pålegg kommunen å *"se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til en bygnings ytre, så vidt mulig blir bevart".* Etter § 81 skal oppføring av nye driftsbygningar i landbruket og endring av eksisterande driftsbygning meldast til kommunen. § 79 handlar om uvanleg bygging, og gjev bygningsrådet heimel til å *"forby bebyggelse som etter sin art eller størrelse avviker vesentlig fra det som er vanlig i strøket."* Når det gjeld riving, skal kommunen etter § 95 samarbeida med regional kulturminneforvaltning og henta inn fråsegner frå desse. Som hovudregel kan ingen riva eit byggverk utan at det på førehand er henta inn løyve etter plan – og bygningslova.

**Lov om forvaltning av naturens mangfold (av 1.juli 2009). (Mangfoldsloven)**
Mangfoldslova skal sikra at naturen med det biologiske og geografiske mangfaoldet og dei økonomiske prosesssane vert tatt vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gjev grunnlag for menneskeleg verksemd, kultur, helse og trivsel no og i framtida.

Kap. V Områdevern inneheld m.a. forskifter om verneområde (§34), nasjonalparkar (§35), landskapsområde (§36) og naturreservat (§37).

*3. Økonomiske verkemiddel*
Økonomisk verkemiddel skal stimulera til bevaring og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø. For vedlikehald og restaurering av kulturminne (bygningar og anlegg) kan ein søkja fylkeskommunen og Norsk kulturminnefond om midlar. Til skjøtsel og vedlikehald av landbrukslandskap og kulturmiljø kan ein søkja fylkeslandsbrukskontoret. Husbanken og Innovasjon Norge kan gje lån på antikvarisk grunnlag.

### *3.3. Ansvarsdeling*
*Riksantikvaren* har det nasjonale ansvaret for kulturminnevernet etter kulturminnelova. Er nasjonale interesser truga, har Riksantikvaren ansvaret for å gripa inn uavhengig av regionale eller lokale forvaltningsorgan.
*Fylkeskommunen* er regional styresmakt innan kulturminnevernet. Kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune er ein del av kulturseksjonen. Kontoret for kulturminnevern og museum har eit breitt samansett fagmiljø med fylkeskonservatoren som fagleg leiar.
Kommunen har gjennom forvaltninga av plan – og bygningslova ei nøkkelrolle når det gjeld å sikra kulturminna i eigen kommune.
*Musea* er først og fremst formidlarar og har berre i liten grad ansvar for forvaltninga av kulturminna. Bergen Museum ved Arkeologisk institutt har eit ansvar når det gjeld forvaltning av fornminne.
*Dei frivillige organisasjonane* innanfor kulturvernområdet gjer eit viktig arbeid for å ta vare på kulturminne og formidla kunnskap om kulturminna og kulturarven. I tillegg til musea har me lokalt Stord sogelag, Sagvågen kystlag, Huglo bygdalag, Historiegruppa

ved Aker Solutions, Stord husflidslag og Venelaget for Grua som på ulike måtar driv viktig kulturvernarbeid.

***Private og offentlege eigarar*** sin innsats er heilt avgjerande i forvaltninga av kulturminna. Heldigvis har det i dei seinare åra blitt eit auka medvit om verdien av kulturminna, og mange eigarar ser verdien av å ta vare på kulturminna som dei eig.

# 4. Rammer for arbeidet

### 4.1. Juridisk plangrunnlag

Kulturminneplanen er ein tematisk kommunedelplan med heimel i Plan – og bygningslova § 20 – 1.

### *4.2. Planperiode*

Planperioden er 8 år frå 01.01.2010 til 31.12.2018.

### *4.3 Arbeidet med planen*

Stord kommune har hatt bygningsvernplan frå 1991. Då planen skulle reviderast, kom tanken opp at planarbeidet burde utvidast til å verta ein kulturminneplan for Stord, som bygningsvernplanen kunne vera ein del av. Det vart meldt oppstart for arbeid med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø 22.08.01.

Ei tverrfagleg prosjektgruppe med Jakob Gullberg som leiar har arbeidd ut forslaget til kommunedelplan. Med i gruppa har vore Arvid Helvik frå landbrukskontoret, miljøvernleiar Oscar Ingebrigtsen og Bergny Nordbø frå eining for regulering, byggesak og oppmåling.

I styringsgruppa har Tore Bjelland, Tore Lande Moe frå Sunnhordland folkemuseum og kulturkonsulent Guri Andresen Aksnes vore med. Ei referansegruppe med medlemmar frå lokale organisasjonar har komme med innspel til planframlegget.

Planarbeidet tok til hausten 2001, men har i periodar hatt lita framdrift. Frå hausten 2003 kom kommunen med i Riksantikvaren sitt prosjekt "kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø" som er ein del av Riksantikvaren sitt arbeid for å laga ein rettleiar for kommunane for utarbeiding av kommunedelplanar for kulturminne og kulturmiljø.

For å få betre oversyn over kva som finst av kulturminne knytt til jordbruket, er det utarbeidd eit eige registreringsskjema som er lagt ut på Internett, og registreringane er samla i ein eigen database og kartfesta. Prosjektgruppa har knytt til seg Kåre Roalkvam til å oppsøkja grunneigarane på ein del gardar for å hjelpa til med registreringa. Han har teke for seg gnr 1 - 5 og 7- 9 og dessutan 64, 66 og 67.

# 5. Målsetjing for arbeidet med å verna kulturminne. Tiltak

### *5.1. Hovudmålsetjing*:

*Stord kommune ønskjer at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap skal forvaltast med tanke på ei berekraftig utvikling og at utvalde kulturminne og kulturmiljø skal verta verna som dokumentasjon av fortida og som ein ressurs for framtida.*

### *5.2. Retningslinjer for oppfølging av planen*

- Utvalet av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i planen skal prioriterast for vern ved framtidig planarbeid (kommuneplan, områdeplanar, reguleringsplanar)
- Kulturminneplanen skal vera retningsgjevande for arealplanlegging og byggesaksbehandling. Han skal vera ein reiskap for saksbehandlarar og utbyggjarar

- Kulturlandskap, bygningsmiljø og kulturminnemiljø i planen bør markerast som omsynssonar i kommuneplanen sin arealdel.
- Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal objekt og område som er teke med i planen regulerast til spesialområde vern
- Kommunen skal orientera eigarar av kulturmine og kulturmiljø som er med i planen om Vernestatus
- Alle bygg som er med i bygningsvernplanen, og alle SEFRAK-registrerte bygg skal gjennom ei kulturfagleg vurdering før byggesak (tilbygg, fasadeendring, riving m.m.) vert endeleg avgjort. Andre bygg må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

### *5.3. Framlegg til tiltak*

1. Det bør opprettast ei gratis kommunale rettleiingsteneste som eigarar av verna kulturminne/bygningar kan nytta seg av .
2. Det bør opprettast ei tilskotsordning for ekstraordinære kostnader ved vedlikehald/skjøtsel av kulturminne som er med i planen.
3. Det bør lagast ei kortutgåve av planen til bruk for skular i undervisninga om nærmiljøet
4. Kommunen skal ha spesialkompetanse innanfor bygningsvern/kulturvernområdet. Kompetansen bør knytast til ein bestemt stillingsheimel.

## 6. Kulturminne i Stord

Planen deler kommunen inn i seks område. Innanfor kvart område vert det gjort greie for eit topografisk og historisk utgangspunkt. Deretter vert det skildra korleis menneska har teke i bruk og forma området. Eit kapittel tek for seg ferdsel og kommunikasjon, og til slutt kjem eit oversyn over dei kulturminna som vert prioriterte innanfor området. Dei seks områda er

- Huglo
- Frå Mehammar til Grov
- Frå Førland til Hystad
- Orninggård og gardane rundt Ådlandsvatnet
- Frå Leirvik til Digernes
- Gardane rundt Storavatnet

# 6.1 Huglo

### *6.1.1. Topografisk og historisk utgangspunkt*

### *6.1.2. Korleis landskapet er teke i bruk og forma*

*Jordbruk*

Haukanes, gnr 1
Stora Brandvik, gnr 2
Nordhuglo, gnr 3
Litla Brandvik, gnr 64
Tveit, gnr 65
Sørhuglo, gnr 66
Røssbø, gnr 67

*Gruvedrift industri*

Kalkbrennng
Gruvedrifta på Tveit
Båtbygging i Huglavikjo
Fartøybygging og sagbruk ved
Vikasanden og i Røssbøvikjo
Sortland møbelfabrikk

*Handel*

*Offentlege bygg/forsamlingshus*

### *6.1.3. Ferdsel og ferdselsårer*

*Dampskipsruter*

*Vegar og vegbygging*

### *6.1.4. Enkeltobjekt og kulturmiljø*

*Kulturminne knytte til jordbruk*

Hagalemyro. Torvhus
Steinmur
Steingardar
Bruer av stein

*Kulturminne knytte til sjøbruk*

Naustrekkje i Huglavikjo
Naustrekkje i Tveitvågen

*Teknisk utnytting av vassdrag*

Nordhuglo – Storavatnet - Rudleholene
Tveit – Kvednavikjo – kvernhus

*Bergverk/gruvedrift*

Tveitgruvene
Kalkomnar

*Fornminne*

Nordhuglo
Sørhuglo

*Kulturlandskap*

Kulturlandskap Tveit
Kulturlandskap Nordhuglo
Brandvikneset landskapsvernområde
Storsøya naturreservat

*Ferdselsårer og kommunikasjon*

Kisteveit Tveit, fylkesveg 56

## TOPOGRAFISK OG HISTORISK UTGANGSPUNKT

Huglo er den nest største av øyane i Stord kommune, om lag 13,5 kvkm. Øya er for det meste flatlendt, berre midt etter reiser ho seg etter måten bratt og høg, og det har vel gjeve henne namn. Huglo kjem av gno. hugul, som tyder haug. Huglo har gode hamnar. Huglavikjo og Tveitevågen er dei beste.
(Frå Ola Høyland: Stord bygdebok, b I s. 16.)

Den sentrale delen av Huglo har skrint jordsmonn og småkupert berglende. Fleire stader er det førekomstar av kalk, særleg på Sørhuglo og den vesle øya Storsøyo som høyrer til Nordhuglo. Den mest næringsrike jorda finst på vestsida av øya mot Langenuen med gardane Nordhuglo og Sørhuglo, skapt av isen sine endemorenar. På austsida, mot Halsnøy og Kvinnherad finst det fleire stader både berg som stuper i sjøen og store viker med gardane Tveit, Stora Brandvik, Litla Brandvik og Haukanes.
(Bård Gram Økland/Magne Njåstad: Stord frå steinalder til oljealder s 56).

Gardane Litla Brandvik, Tveit, Sørhuglo og Røssbø høyrde til Eid sokn i Fjelberg prestegjeld fram til 1. januar 1898, medan Nordhuglo, Haukanes og Stora Brandvik høyrde til Stord. Dette gjorde at det frå gammalt var to bygdelag med fire gardar i sør og tre i nord.

På gardane Nordhuglo og Sørhuglo er det gjort gravfunn frå bronsealder og jernalder. Slike gravminne er teikn på at det har vore busetnad frå dei eldste tider. Desse to gardane er mellom dei eldste dyrka områda på Stord, Nordhuglo er største garden i kommunen, når ein måler etter avling. I bronsealderrøysa på Hommandeneset vart det funne ein bronsedolk, det eldste bronsefunnet på Stord. Gravrøysene frå bronsealder vitnar om godt organiserte slekter med hovdingar med makt over store område.

På Huglo er mykje av det gamle kulturlandskapet i hevd enno. Dei utbyggingane som har vore, har vore i liten skala og ikkje trengt seg inn på oppdyrka område. Tunstrukturen er om lag slik han vart etter utskiftingane, endå om det har komme til ein del nye bustadhus.

Alle gardane på Huglo, med unnatak av Stora Brandvik, har vore heilt eller delvis i Halsnøy Kloster si eige.



**Nordhuglo frå lufta (Foto:TR)**

## KORLEIS LANDSKAPET ER TEKE I BRUK OG FORMA

### Jordbruk

På Huglo er det sju matrikkelgardar med fleire bruk på kvar gard. Nordhuglo og Sørhuglo er dei to eldste gardane, begge truleg frå eldre jernalder, dvs før 550 e.Kr. På austsida av øya er det ikkje gjort arkeologiske funn. Det tyder på at gardane her er yngre. Brandvik er seinare delt i to, Litla Brandvik og Stora Brandvik.

Jordbruket har vore hovudnæringa på Huglo i alle år. Men kalkbrenning og fiske har frå gammalt vore viktige attåtnæringar. Det finst restar etter kalkomnar på mest alle gardane, og dei er kulturminne som bør takast vare på. Alle restar etter kjende kalkomnar vert tekne med i planen, tre av dei med høgast prioritet. Kalkbrenninga førte også til at det vart knapt med brensel. Difor har det vore vanleg å ha torvmyrar og skjera torv på Huglo, noko ein finn få spor etter i resten av kommunen. To torvhus står att, på kvar si langside av Hagalemyro – Nordhugle - torvhuset ved den nordaustre sida og Røssbø – torvhuset ved den sørvestre. Dei er med i bygningsvernplanen, men sjølve myra er viktig i kulturhistorisk samanheng. Begge gardane tok torv der før, frå kvar si side. Myra er delt mellom dei i omtrent to like store delar. Nordover frå det nordre torvhuset stod det fleire torvhus før, som tilhøyrde andre Nordhugle- bruk.

***Haukanes gnr. 1***

Haukanes ligg på eit nes på austre sida av Huglo. Namnet kjem av fuglenamnet hauk. Tunet ligg særs fint til oppe på ein flate og med godt utsyn innetter fjorden og over til kvinnheradsbygdene. Haukanes er truleg rydda i mellomalderen, og er altså mellom dei yngre gardane. Til garden høyrer ein god makrellvåg, Haukanesvågen. Rundt Haukanesvågen er det restar etter tre kalkomnar. Tett attved nausta på Haukanes ligg restar etter ein stor omn og eit steinuttak. Alle restar etter kalkomnar er tatt med i planen. Her er også murrestar etter gamle nothus. Eit par gamle steinbryggjer er enno i bruk. På garden er også fleire sirleg oppmura rydjerøyser.

I landbruksplanen for Stord er Haukanes teke med som eitt av fire særs viktige kulturlandskapsområde. Området er ikkje prega av moderne utbygging, bygningsmassen er etter måten einsarta, landskapet avspeglar driftsmåtane frå midt på 1900-talet, og det er fin kontakt mellom tuna og sjøen. Sjølv om Haukanes ikkje er med i planen som kulturlandskapsområde, bør ein her vera varsam med vidare utbygging.

***Stora Brandvik, gnr 2.***

Første leddet i gardsnamnet kjem av brenning, det tyder at dei har svidd av tre og buskar då garden vart busett. Garden er truleg rydja i mellomalderen. Stora Brandvik er nemnd som adeleg setegard så seint som i 1611. I 1836 vart garden delt i to like store partar, bnr 1 og bnr 3. I 1888 vart bnr 2 skilt frå bnr 1.

På bruk nr 3 er sett opp ei sirkelsag ved utlaupet av bekken. Der bekken går langs innmarka, er det mura opp ein fin steinmur for at ikkje bekken skal fløyma inn over bøen. To stader er det laga steinbruer over bekken. Både muren og steinbruene er tatt med i planen.

Stora Brandvik hadde kalksteinsbrot og kalkomn, deler av omnen og limbua står att ved Omnsneset mellom Buneset og Oldervikneset. Restane etter omnen og limbua er godt synlege, og i lia ovafor er eit stort steinbrot. Denne omnen har i planen fått høg verneverdi.

***Nordhuglo gnr 3.***

Nordhuglo er den største garden i kommunen (rekna etter verdi) og ein av dei eldste. Han var busett alt i bronsealderen og truleg skilt ut som eigen gard i eldre jernalder. Han har frå gammalt vore delt i 6 bruk. Det gamle tunet før utskiftinga i

1860-åra låg oppe på ei høgd med fin skråning nedover til sjøen både i nord og vest. Alle husa til dei 6 bruka stod i ei klyngje, somme så tett saman at det var vanskeleg å gå mellom dei, men løene stod fritt frå dei andre. På bruk nr 3 kan ein sjå konturane av det gamle tunet og geilen som førte til utmarka.



Restar etter kalkomn Storsøyo (Foto:TR)

*Kalkomnar*
Til Nordhuglo høyrde Storsøy. Her har det vore fleire kalkomnar. Lengst sør på øya, på Øyatongen står restar etter ein omn. I Omnsvikjo på austsida er restar etter steinbrot, fleire kalkomnar og ein gammal steinkai. Her har det vore gjestgjevar og handelsstad, og ei tid hadde rutebåtane stoppestad. Storsøyo er i dag naturreservat.



I Huglavikjo stod det 5 kalkomnar. Dei var mura opp av stein, runde, om lag 3 m høge og 2,5 m i tverrmål. Dei 6 brukarane på Nordhuglo hadde kvar si jekt som dei førte kalkstein på frå Storsøyo til Huglavikjo. Der stod omnane på fjell og i ei skråning slik at det var lett å fylla dei frå toppen av. Kvart bruk hadde også si kalkebu som dei lagra kalken i. Buene var tømra av tjukke plankar og stod lagleg til ved sjøen for lasting av kalken.



Heile området frå Huglavikjo og til tuna på dei seks bruka er eit interessant kulturlandskap. Området illustrerer på ein god måte den gamle gardsstrukturen. Ein kan sjå kor det gamle tunet har vore, dette tunet er kjent som eit typisk vestnorsk klyngetun. Frå tunet kan ein også sjå kor geilen har ført ut i utmarka. Kontakten til sjøen er tydeleg, nede i Huglavikjo hadde kvart bruk sin eigen naustplass. (*Foto: JG)*
I kulturminneplanen vert området frå Huglavikjo og opp til dit vegen flatar ut, definert som kulturlandskap med høg verneverdi.

Huglavikjo med naust, bryggjer og butikk er ein del av kulturmiljøet. Mellom Huglavikjo og innmarka er fleire steingardar, uvanleg høge og fint mura. Den eine steingarden går direkte over i bryggja. Desse steingardane har høg verneverdi også som einskildobjekt. Butikken er ny, og den gamle dampskipskaien er erstatta med ferjekai. Men både handel og dampskipsekspedisjon har lange tradisjonar i Huglavikjo

Kulturlanskapet omfattar også fornminnene på Hommandeneset , Løehaugen, Liarhaugen og Grønneset. Heile dette området har høg verneverdi. Endå om mykje av det gamle i dette landskapet er borte, det gjeld både nede i Huglavikjo og oppe kring dei einskilde tuna, viser enno landskapet dei gamle strukturane.

*Stemmevatnet - Rudleholene*
I nordenden av Storavatnet (Stemmevatnet) var det stem for å regulera vassføringa i Elvo. Nedover langs elva var det til saman fire kvernhus. To av dei stod ca 150 m ned frå stemma, dei to andre i Rudleholene litt lenger nede. Alle kvernhusa er vekke, berre murrestar viser att. Demningane er der enno, men er litt skadde. Kulturminnemiljøet frå Stemmevatnet langs elva ned til Rudleholene vert tatt med i planen. Det er ønskjeleg at demningane vert haldne ved like og at ei av kvernene vert reist opp att.

*Hagalemyro*
Røssbø og Nordhuglo åtte kvar sin halvpart i Hagalemyro. På nordhuglesido var myra delt opp i ein teig til kvart bruk. Torvhusa til nordhuglarane stod i rad og rekkje på austsida av vegen ved kanten av myro, og der hyste dei torva inn når ho var turr. Torvhuset til bnr. 5 er halde i god stand og er med i bygningsvernplanen for Stord. Det er eit grindbygg og har høg verneverdi (Foto: JG).



***Litla Brandvik gnr 64***
Litla Brandvik på austsida av Huglo er truleg rydja i mellomalderen. Garden hadde kvern og kalkomn. Ved bekken som renn frå Lomatjødno, var det kvern, nemnt i matrikkelen 1665 og 1723. På Litlabrandvikeneset stod kalkomnen. Litt av murane står att.

På Kråkehaugen på neset mellom Litla – og Stora Brandvik er restar etter husmannsplasset Nesjaplasset. Det er murrestar etter stovehuset. (11,5 m x 4, 5 m) Huset har hatt kjellar i vestenden Det er også murrestar etter "Gamlaløo" på plasset og etter båtstøa til husmannen. Tuftene etter husmannsplasset er eit interessant kulturminne som bør takast vare på.

***Tveit gnr. 65***
Namnet Tveit tyder ein fråskild part (eit avskore stykke). Garden er truleg skild frå Sørhuglo i yngre jernalder. Tuna på Tveit ligg på flata over Tveitevågen med utsyn over vågen og innover fjorden. Utskiftinga på Tveit var i 1869 – 71. Den gamle heimestølen låg like ved parkeringsplassen over Tveitevågen. Der er det no bygt ein fritidsbustad. I nærleiken er tufter etter to uteflorar. Herifrå gjekk også skulevegen nordover etter at skulehuset på Moskamyro vart bygt kring 1910. Før det høyrde Tveit, Litla Brandvik og Røssbø til Sørhuglo krins og hadde skule på Sørhuglo. Idrettslaget har merkt vegen, slik at han i dag er ei fin turløype. Litt lenger borte, bakom eldhuset på bnr 4 var smie og kjelde med vaskeplass. Vaskehella ligg enno





der. Tveit er eitt av to kulturlandskap frå Huglo som er teke med i planen. Området som er teke med, omfattar Kvednavikjo og bruksnummera 65/4, 65/5 og 65/11. (Foto Eldhus og landskap Tveit: JG)

Garden hadde kvern og kalkomn. Kverna stod nede i Tveitevågen, ved bekken frå Tveitevatnet. Ho vart gjeven til Sunnhordland Museum og flytta til Vikabekken i Leirvik. Men seinare er det bygt ein kopi av kverna der ho opphavleg stod. (*Foto: JG)* Like ved Kvernhuset er restar etter ein av kalkomnane på Tveit. Omnen er gammal og er omgitt av store slagghaugar. Lenger oppe mot Tveitevatnet er eit stort steinbrot. Kulturminnemiljøet i Kvednavikjo med slok, kvern og kalkomn har høg verneverdi.



På Tveit er restar etter to andre omnar den eine om lag 200 meter innanfor Kvednavikjo og den andre på Omnsneset inst i Tveitevågen. Begge er tatt med i planen. I ein periode sist på 1800-talet var det gruvedrift i Tveitevågen. Alle spor etter gruvedrifta er med i kulturminneplanen.

Heile Tveitevågen, og særleg Kvednavikjo, er kulturhistorisk verdfull med kvernhuset, kalkomnane og restane etter gruvedrifta. Frå Sørhuglo til Tveitevågen er det laga ein kultursti, som går innom dei fleste av dei kulturhistorisk interessante stadene. I Tveitevågen er også eit naustmiljø med tre naust. Det eine er truleg frå midt på 1700 talet. Nausta er med i bygningsvernplanen, og er omtala der.

***Sørhuglo, gnr 66***

Sørhuglo ligg på sørvestre sida av Huglo. Garden er ein av dei største og eldste i kommunen, rydja i eldre jernalder. Sørhuglo har frå langt attende vore skift i to bruk. Den eine halvparten høyrde til Halsnøy Kloster, den andre var krungods. Sørhuglo har i periodar vore futegard. Futastovo, eit staseleg gardshus, og eit eldhus er flytta frå tunet på Sørhuglo til Sunnhordland Museum. I landbruksplanen for Stord (2005) er Sørhuglo klassifisert som særs viktig landbruksområde.

På Sørhuglo kjenner ein til to kalkomnar. Den eine ligg i Kalfaret, om lag der vegen endar, ned mot sjøen. Den er truleg av nyare dato og ikkje så mykje brukt. Deler av omnen står att. Han er med i planen som einskildobjekt med høg verneverdi. Den andre er Limomnen på austsida av Huglo. Dette er kanskje den eldste omnen på Huglo, berre ei grop i bakken syner kor omnen stod. På Sørhuglo er mange fint mura steingardar, som markerer skiljet mellom utmark og innmark og skiljet mellom dei ulike bruka. Dei er registrerte, men ikkje tekne med som einskildobjekt i planen. Dei er viktige kulturminne som må vernast om så langt det let seg gjera.

***Røssbø gnr 67***

Namnet kjem av gamalnorsk hross, som tyder hest, og bø som er gard. Truleg har dette vore beite for hestane før det vart skilt ut som eigen gard. Røssbø er sjølveigande frå 1758. Røssbø hadde torvhus på Hagalemyro. Det er restaurert på antikvarisk god måte. Det er med i bygningsvernplanen. Huset har høg verneverdi (Foto: BAL ).



To gamle sommarflorar er teke vare på og vert i dag nytta til røykehus og vedhus. Vedhuset står i bøgarden. I Gamlastøo er båtstøer og lendingsplass for båt. Den søre muren er 13 meter lang. Ei anna gammal båtstø er Hiljestøa. Eit nothus står på pilarar 60 cm over bryggja. Dette er kulturminne som bør takast vare på, endå om dei ikkje er teke med som einskildobjekt.

To steinbruer over ein bekk på garden er teke med i planen som enkeltobjekt

I utmarka til Røssbø er eit bureisingsbruket, bnr. 3 Myrvoll, som Olav Røssbø (1904 – 1981) dyrka og bygde opp i 1930 – og 40-åra. Huset sette han opp i 1939. Olav Røssbø hadde skipstømmermannsarbeid som attåtyrke på broren sitt skipsbyggeri i Røssbøvikjo.

## Gruvedrift, industri

### *Kalkbrenning*



Kalkbrenning har vore ei viktig inntektskjelde for gardane på Huglo i mange hundre år. Den eldste historiske kjelda til kunnskap om kalkproduksjon er rekneskapane frå Bergen Kongsgard frå 1516-23. Her får me opplysningar om at det på den tida gjekk føre seg ein godt organisert kalkproduksjon. På Storsøya vart det arbeidd i kalkbrotet heilt fram til tidleg på 1950-talet. Når dei skulle brenna kalksteinen, nytta dei omnar mura opp av stein. Her la dei lagvis ved og stein til omnen var full. Det gjekk med store mengder ved til ei slik brenning, minst 3 – 4 famnar kvar gong. Skogen vart difor lett snauhoggen. Alle dei seks bruka på Nordhuglo var med i kalkdrifta på Storsøyo. Kvart bruk hadde også ei kalkebu, der kalken vart lagra til han vart ført ut. Huglo bygdalag har gjeve ut eit hefte: Kalkbrenning på Huglo" (1999).Alle restar etter kalkomnar er teke med i planen. Tre av dei som viser best att, er gitt høg verneverdi, det gjeld omnent på Kalfaret (Sørhuglo), omnen på Oldervikneset og ein av omnane på Storsøyno. Men alle spora etter kalkomnar bør takast vare på og stellast, slik at dei ikkje gror ned (Foto: JG).

### *Gruvedrifta på Tveit*

Ved Tveitevågen har det vore drift etter svovel og koparkis. Det same selskapet som dreiv Vigsnes gruber på Karmøy, dreiv også gruvene på Tveit i åra fram mot 1883. Dei store gruvegangane er godt synlege. Både lasteplassen og banesporet fram til lasteplassen bør takast vare på. Det same bør tuftene etter bygningar som er der.

### *Båtbygging i Huglavikjo.*

Reinert Nordtveit tok til med fartybygging i Huglavikjo 1945 og heldt fram til 1982, dei siste åra vart det bygt plastbåtar. Flest folk i arbeid var det i 50-åra, opptil 12-15 personar. Då bygde dei skøyter, 50 – 65 fot. Båtbyggjeriet hadde oppdraget med å forskala og støypa ferjekaien i Huglavikjo i 1966-67. Verkstaden til båtbyggjeriet står enno og er ein del av bygningsmiljøet inne i Huglavikjo.

### *Fartøybygging og sagbruk på Vikasanden i Røssbøvikjo.*

Frå 1932 har det vore bygt båtar på Vikasanden. Då bygde brørne Sigmund, Olav og Erling Røssbø ei skøyte på 40 fot. Fram til midt på 50-talet vart det bygt båtar på opptil 50-60 fot.
I 1946 fekk Erling Røssbø kjøpt eit sagbruk og sette det opp på Vikasanden. Han trong sag til fartybygginga. Sagbruket brann ned i 1971.

***Sortland møbelfabrikk***
Peder Sortland hadde bygt opp eit hus i Tveitevågen sist i 40-åra med tanke på trevarefabrikk. Arne Sortland leigde seg inn der då han skulle byrja for seg sjølv med møbelfabrikk 1956. I 1962-63 vart tomta på Leiretongjen kjøpt. Her var det kai og veg. Når møbelfabrikken no vert lagt ned, bør ein vurdera å ta vare på deler av bygningsmassen som minne om den aktiviteten som har vore.

## Handel
Storsøyo var første handelsstaden på Huglo. Der var det offisiell hamn med boltar og merke i fjellet.
I 1890 starta Salomon Haukanes med handel i ei gammal kalkebu på Nordhuglo. Straks handelen hadde komme i gang, tok han til med å byggja hus inst inne i vågen. Etter det har det vore handel på same staden i Huglavikjo. Men huset som står i dag, er nyreist i 2004 etter brann.

## Offentlege bygg/forsamlingshus
Frå gammalt høyrde dei fire gardane i sør og dei tre i nord til kvar sin skulekrins. Dei sørlege gardane hadde skulehus på Sørhuglo, medan dei tre nordlege hadde omgangsskule. Det gamle skulehuset på Sørhuglo vart flytta til Agdestein, der det no vert nytta som fritidsbustad. I 1911 fekk Huglo nytt skulehus, det vart rive i 1953, og i 1954 stod nytt bygg ferdig. I 1980 vart det bygt gymnastikksal/samfunnshus som tilbygg til skulen. Skulebygg og samfunnshus ligg i krysset der vegen mellom Nordhuglo og Sørhuglo møter vegen til gardane på austsida.

I 1911 vart bedehuset reist. Det vart bygt om til kapell i 1937, bedehuskapell. Seinare er det bygt kor og eit lite siderom med småsal og kjøken. I 1976 vart huset igjen utvida. Gravplass vart laga ved Hagalemyro, Nordhuglo i 1905. I 1962 fekk gravplassen klokkestopul, i 1967 vart han utvida og i 1989 utbetra.

Ungdomshuset Fjellheim vart bygt i 1930 av Huglo ungdomslag. Huset vart påbygt og utvida i 2007 etter ein stor dugnadsinnsats.

## FERDSEL OG FERDSELSÅRER
***Dampskipsruter.***
Lettaste ferdselsvegen mellom gardane på Huglo var frå gamalt sjøen. Den måtte dei alltid ty til når dei skulle føra så mykje med seg at dei ikkje vann bera det. Salomon Haukanes fekk bygd kai i Huglavikjo i 1902. Då hadde rutebåtane i nokre år hatt Nordhuglo som stoppestad, men utan å kunna leggja til kai. I 1948 vart det bygt ny betongkai og i 1966 ferjestø ved sida av kaien. Frå Huglavikjo er det i dag ferjesamband til Jektevik og Hodnaneset. Frå Huglavikjo går hovudvegen sørover på vestsida av øya.

***Vegar og vegbygging***
Før dei fekk arbeidd køyreveg som knytte saman nordre og søre delen av øya, gjekk det stiar mellom gardane, over berg og gjennom utmark, t.d. frå Haukanes over fjellet til Nordhuglo. I det siste har idrettslaget merkt den gamle vegen mellom Tveit og Nordhuglo, slik at det er blitt ei fin turløype.

I 1898 vedtok kommunestyret å byggja vegen Nordhuglo - Brandvik. Vegen nådde fram til Stora Brandvik i 1914-15 og til Tveit i 1925-26. Ved Moskamyro møtest vegen frå gardane på austsida med vegen nord – sør. Her ligg skule og kapell.

Der fylkesveg 65 passerer tunet på bruk nr 65/1 Tveit, er det ei fint mura kisteveit til å leia vatnet under vegen. Slike finn ein få att av no. Kisteveita er med i planen.

## ENKELTOBJEKT OG KULTURMILJØ
## Kulturminne knytte til jordbruk

***Gardstun Nordhuglo. bnr 3, 4 o g 5.***
To av bruka på Nordhuglo, bnr 3 og bnr 4 er del av det gamle rekkjetunet på garden. Våningshuset og stabburet på bruk nr 3 og våningshus, reiskapshus, driftsbygning og stabbur på bruk nr 4 er teke med i bygningsvernplanen. I tillegg til einskildbygga, er tunet som desse husa lagar eit verdfullt kulturminnemiljø. Også tunet på bruk nr 5 er ein viktig del av kulturlandskapet, men einskildbygga er ikkje teke med i planen.



***Hagalemyro. Torvhus***
*To torvhus* på Hagalemyro er med i bygningsvernplanen, det eine høyrde til garden Røssbø og det andre til Nordhuglo. Heile *Hagalemyra* på vestsida av fylkesveg 56 frå gravplasssen og så lengt sør som myra rekk, er tatt med som eit kulturminnemiljø.

***Steinmur***
*Steinmur og bruer av stein.* i bekken i Stora Brandvik, bnr 2/3. I bekkeløpet langs den dyrka jorda er det bygt opp fine steinmurar for å hindra utgraving. Bekkevatnet vert samla som i ein kanal. I same bekken er lagt opp to steinbruer.

***Steingardar***
Tre steingardar er teke med i planen, alle på bruk nr 5, nede i Huglavikjo. Den eine er 120 meter lang, vel 1 m høg og 1,2 meter brei. Nedom naustet til bnr 5 går han over i ei steinbryggje. Den andre er 180 m lang med same høgde og breidde. Den nedste enden vert kalla gardsenden. (bnr. 5).Den tredje steingarden er ein forstøtningsmur mot sjøen. Han er 70 m lang, 1 m brei og 70 cm høg. Steingardane er ein del av kulturlandskapet på Nordhuglo. Dei har høg verneverdi.

Også på Sørhuglo er det registrert mange *steingardar*. Gardane kan vera skiftesgardar mellom to gardar, mellom to bruk eller mellom innmark og utmark. Dei er ikkje tatt med i planen som enkeltobjekt, men alle steingardane er vakre kulturminne med høg verneverdi. Steingardar er generelt verdfulle kulturminne, som bør bevarast så langt det let seg gjera.

***Bruer av stein*.**
På Røssbø er fleire døme på store, flate steinar lagt over bekken som små bruer til å gå over. Dei er kulturminne som ein bør verna om for framtida.

## Kulturminne knytt til sjøbruk
To naustmiljø er tatt med i planen, eitt i Huglavikjo og eitt i Tveitvågen. (Sjå bygningsvernplanen)

*Naustrekkje i Huglavikjo* To av nausta i Huglavikjo er teke med i bygningsvernplanen, gnr. 3/1og gnr. 3/21 Men heile Huglavikjo er eit verdfullt kulturminnemiljø med alle spor etter aktivitet som er der. Kulturminna må bevarast, samstundes som Huglavikjo framleis skal vera ein stad for aktivitet knytt til sjøen. (Sjå elles kulturlandskap Nordhuglo) *Naustrekkje i Tveitevågen* gnr. 65/2-6, 65/1 og 65/4-4. Desse tre nausta står vegg ved vegg og dannar eit typisk naustmiljø. Bygningsdetaljane er ulike, men samla vert det eit godt døme på



plassering, storleik, og byggemåte. Dei tre nausta er bevaringsverdige kvar for seg, saman utgjer dei eit særs verdfullt kulturminnemiljø. (Foto: JG)

## Teknisk utnytting av vassdrag

***Nordhuglo – Storavatnet - Rudleholene***

I nordenden av Storavatnet (Stemmevatnet) på Nordhuglo er det laga ei *demning* for å kunna regulera vatnet i elva som renn ut. Ved Rudleholene på bruk nummer 3/2 er det ei ny *stem og murane etter eit gammalt kvernhus*. Demninga ved Storavatnet og ved Rudleholene og elveløpet nedover er eit interessant kulturmiljø med lokal verneverdi.

***Tveit – Kvednavikjo – kvernhus***

Ved bekken frå Tveitevatnet står ein kopi av den kverna som har stått her frå gammalt, og som i 1960 vart flytta til Vikabekken på Stord. Kverna som står der no, vart reist på slutten av 1990-talet og er i god stand med kvernkall og slok. Ei stem der bekken renn ut frå Tveitvatnet kan regulera vasstilførsla.
Like ved kverna er restar etter ein *kalkomn* (sjå under kalkomnar)

## Bergverk/gruvedrift

***Tveitgruvene***

På flaten ovafor sjølve Kvednavikjo, i berget i nordaustre enden av Tveitvatnet er opne *sjakter* og merke etter gruvedrift. Derifrå har kisen vore ført fram til kanten ut mot Tveitvågen og blitt tippa om bord i båtar der. Langs *traseen* er det tufter etter *kontorbygningen*. Det var svovel og kopar dei fann i gruvene her, og det var aktiv drift i nokre år kring 1880. Gruvesjaktene, traseen med steinmurar, tufta etter kontorbygningen og lasteplassen er med i planen.

Spora etter gruvedrifta saman med kalkomnar og kvernhus gjer dei Kvednavikjo til eit verdfullt kulturminnemiljø.

***Kalkomnar***

Det har vore kalkomnar på alle gardane på Huglo, utanom Røssbø. Dei fleste er delvis raste saman og er i ferd med å verta øydelagde. Dersom dei skal bevarast, er det nødvendig med tilsyn og eit visst vedlikehald. Eigarane har overordna ansvar for vedlikehald. Men også frivillige kan gjera ein innsats. Huglo Bygdalag har gjeve ut eit informativt hefte om kalkbrenning på Huglo, der omnane er registrerte og kartfesta. Alle merke etter kalkomnar på Huglo er med i planen. Tre av omnane er prioriterte med høg verneverdi:



*Omnen i Kalfaret på Sørhuglo.*Omnen ligg 50 meter frå vegen, ned mot sjøen. Han er kraftig mura av store steinar og i god stand.Denne omnen er truleg av nyare dato og ikkje så mykje brukt. (Foto: TR)

*Omnen i Kvednavikjo* høyrde til Tveit og er gammal. Rundt omnen er det store slagghaugar. I berget opp mot Tveitevatnet er det eit stort steinbrot. Restane etter denne omnen er del av det rike kulturminnemiljøet i Tveitvågen

På *Omnsneset*, ved sjøen mellom Buneset og Oldervikneset ligg restar etter ein omn som har tilhøyrt Stora Brandvik. Murane syner restar etter omn og limbu. Denne omnen har det vore brent mykje i. I lia ovafor er det eit stort steinbrot.
I tillegg er desse omnane med i planen:

| | | |
|---|---|---|
| - | Tveitvågen om lag 200 meter nord for Kvednavikjo. Her låg også limbua til garden Tveit. Dette er ein mindre omn og truleg etter måten ny. | |
| - | Tveitevågen ved Omnsneset | Tveit |
| - | Storsøya, Omnsvikjo | Nordhuglo |
| - | Storsøya – Øyatongen, (sørspissen) | Nordhuglo |
| - | Storsøya – (austsida) | Nordhuglo |
| - | Huglavikjo | Nordhuglo |
| - | Limomnen austsida av Sørhuglo | Sørhuglo |
| - | Litlabrandvikeneset | Litla Brandvik |
| - | Haukaneshamn | Stora Brandvik |
| - | Haukanes, i skogen ut mot Haukaneshamn | Haukanes |
| - | Haukanes, ved nausta | Haukanes |

## Fornminne

Alle fornminne er automatisk freda etter kulturminnelova. Vestsida av Huglo er rik på gravfunn.

***Nordhuglo***

på *Hommandeneset* er det funne ei gravrøys frå eldre bronsealder.Røysa er 15 m i diameter og 2 m høg. På *Grønhaug* er ein gravhaug frå jernalder. Den er 20 m i diameter og 3,5 m høg. Grønhaug ligg fritt og høgt med godt utsyn. (Foto:BGØ)



Rett nordvest for Grønhaug ligg eit langstrekt gravfelt frå jernalder med opptil *24 små gravhaugar*. Feltet strekkjer seg i retning nord-sør. På *Løehaugen* er ein gravhaug frå jernalder, 19 m i diameter og 1 m høg og like vedpå *Liarhaugen* ein med diameter 17 m og høgde 2 m. Dei to haugane ligg på kvar si side av vegen som går nordvestover frå hovudvegen. Eit lite gravkammer ligg på neset lengst nord i *Huglavikjo*. Ei lita hellekiste er synleg. I *Guravikjo* er eit felt med tre gravrøyser. Røysene er svært låge og ligg i eit plantefelt med tett granskog.Ei gravrøys i *Norda Korsvikjo* er også svært låg og berre 5 m i diameter. Ho ligg på ein bergknaus og er tilvaksen med mose, lyng og skog.

***Sørhuglo***

På *Nakken*, eit høgt nes som stikk ut i Langenuen ligg restar av ei gravrøys som truleg er frå bronsealderen. Røysa har vore kjend frå 1895, men kan vera vanskeleg å få auga på. Ho er overgrodd av kratt og skog.
På *Hjalmarhaugen*, eit høgdedrag på dyrka mark, ligg restar av to gravhaugar frå jernalderen. Den eine kan ha vore 12 m i diameter og 0,5 m høg. Men haugen er mest ikkje synleg i dag. Den andre haugen heiter Skjelmarhaug og er , 15 m i diameter og 1,5 m høg.
På *Komleneset* ligg ei langrøys, slike røyser, plasserte tett ved sjøen, er ofte frå bronsealderen. Denne røysa er, 13 m lang og 4,5 m brei. Rett ved sida av er ein gravhaug med diameter 10 m og høgd 0,5 m.
I byggefeltet *Skarvene* ligg ei gravrøys inne i ein privat hage. (bnr. 44). Ho var bygd av jord og stein. Restane av røysa ligg like ved ein garasje.
På Stølshaugen ligg to gravrøyser. I dag stengjer skogen, men tidlegare må der ha vore fritt utsyn mot sjøen.

Ved Skarvaberget i utmarka til Sørhuglo ligg *Kuhidlaren*. Her er det funne avfall frå ein gammal buplass. Dateringar syner at den har vore nytta første gong om lag 2 900 år f.Kr.

## Kulturlandskap

### *Kulturlandskap Tveit*

På Tveit utgjer bruka 65/5, 65/4, 65/20, 65/11 og 65/19 eit landskapsområde som er etter måten lite merkt av nyare utbygging og som gjev eit godt bilde av det gamle kulturlandskapet. Her er

- heimestøl m/tufter etter to uteflorar
- gammalt eldhus
- kjelde og vaskeplass
- torvmyr
- Steingard i skiftet mellom 65/4 og 65/2
- Naustmiljø, tre naust (bygningsvernplanen)

Området strekkjer seg til skiftet mot 65/3 i sørvest og søraust, og mot skiftet til 65/2 i nord og nordvest. I dette landskapet bør ein avgrensa vidare utbygging mest råd er. I den grad det vert bygt nytt, bør ein taka særleg omsyn til landskapet og dei minna som er etter tidlegare driftsformer.

Heile Tveitvågen er også eit interessant og verdfullt kulturminnemiljø (Sjå bergverk og teknisk utnytting av vassdrag)

### *Kulturlandskap Nordhuglo*

Området som er teke med i planen, strekkjer seg sørover frå Huglaneset og Huglavikjo til ei linje frå Nordre Korsvika til tuna på bruksnummera 7, 8 og 21 og vidare til elva frå Storavatnet (Stemmevatnet), så langs elva til bruk nummer 19 og derifrå med ei linje rett nordover til Huglavikjo. Kulturmiljøet innanfor dette området omfattar:

- Gravrøyser frå bronsealder og jernalder
- Den gamle tunstrukturen på Nordhuglo (bygningsvernplanen)
- Naustrekkja i Huglavikjo (bygningsvernplanen)
- Tre svært fine steingardar bakom naustrekkja.
- Omnsmuseum på bnr 5. John Bruntveit har samla gamle omnar i mange år og sett dei i god stand. Ein del av dei har han samla i eit eige hus.
- Gardstun, innmark og bygdevegar/gardsvegar
- Dyrka mark, kulturbeite og utmark.
-

I dette området bør ein vera svært varsam med vidare utbygging. Området bør forvaltast som jordbruksområde. Det som er att av det gamle naustmiljøet i Huglavikjo bør vernast, og steingardane nede ved vika har høg verneverdi.



*Nordhuglo før utskiftinga*



*Omnsmuseet (Foto BN)*

***Brandvikeneset landskapsvernområde*.**
Skog av kristtorn og barlind som vert utnytta. Området har status som landskapsvernområde.

***Storsøyo naturreservat*.**
Her er også kulturminne, særleg etter kalksteinsbrota. Restar etter tre omnar er synlege. Men i vika nord på øya også restar etter kai. Der var ein gong handelsplass.



## Ferdselsårer og kommunikasjon

***Kisteveit. Tveit***

På fylkesveg 56 ved bruk nr 65/1 er det under vegbana ei fint mura kisteveit som leiar vatnet under vegen. Dette er ein type kulturminne som ein ikkje finn mange av lenger. (Foto JG)

**Registrering kulturminne på Huglo**

Hausten 2003 gjorde Kåre Roaldkvam ein del registreringar av kulturminne på gardane på Huglo.. Registreringane er viste på eigne skjema og kartfesta. Her følgjer ei liste over kulturminna som vart registrete fordelte på gards- og bruksnummer:

*Haukanes gnr 1.*

Bnr 1: Murrestar i stein etter eit nothus
Fleire fint oppbygde rydjerøyser
Nothusmur som det er bygt rorbu på. Helletaket er brukt på rorbua

Bnr 7: Mur etter eldhus
Våningshus m/helletak. Bislag påbygt 1956

Bnr 8: Steinbryggje

Bnr 10: Steinbryggje

*Nordhuglo – gnr 3*

Bnr 2: Kvernhus nr 3 Fundament for sloket. Dette var kverna til bnr 2
Murar etter vassag. Akslingen er intakt. Saga var felles for alle bruka.

Bnr 3: Kvernhustuft. Kvernhus nr 4. Denne kverna var felles for bnr 1 og 3. Samson Huglen brukte huset som verkstad fram til 1950. Dreia rokkehjul.
Gammalt naust i bruk. Tekt med heller på austsida og panner på vestsida.

Bnr 5: Kvernhus 1 – murrestar. Dette var kvernhuset til bnr 5 og 6
Stem til kvernhuset til bnr 5 og 6. Her var inntaket av vatn til slåket.
Desse ruinane vert tatt med i planen (Sjå ovafor).
Brønn. Vasskjelde. Vaskeplass. Ei renne var plassert der vassåra kom opp i dagen. Heile Nordhuglo henta vatn her i turkeperiodar.
Steingard (nr 1) Uvanleg høg og vakkert mura. Går over i bryggja nedom naustet til bnr 5.
Steingard (nr 2)i grensa for bnr 5. Nedste enden vert kalla gardsenden.
Steingard (nr 3). Forstøtningsmur mot sjøen.
Steingardane er med i planen som ein del av kulturlandskapet på Nordhuglo og også som einskildobjekt. Dei har høg verneverdi.

Bnr 6: Stem i osen av Stemmevatanet. Stein. Stemma er med i planen.
Kvernhus nr 2. Høyrde til bnr 4. Restar etter muren

*Litla Brandvik gnr 64*

Bnr 1: Stem på 11 meter for å demma opp myr og laga vassmagasin til kverna
Murrestar etter kvernhus. Kvernsteinane ligg der.
Hustuft etter husmannsplass
Hustuft, løa på husmannsplasset
Restar etter mur for nothus og nothengje
Bryggje, kai.
Båtstø, lendingsplass. Båtstøa til husmannsplasset
Naust/sjøhus

*Sørhuglo gnr 66*

Bnr 4: Stem over bekkeosen ved Morkavatnet
Steingard 280 meter. Grensa mellom Sørhuglo og Røssbø
Steingard (nr 7). 220 meter. Langs sjøen og opp mot vegen for bnr 4
Steingard (nr 1). 80 meter. Grensa mellom bnr 1 og bnr 4.
Steingard (nr 2) 175 meter. Grensa mellom bnr 4 og bnr 7
Steingard (nr 4). 110 meter. Grensa mellom bnr 4 og bnr 5.

Bnr 5: Steingard (nr 5) 190 meter. Grensa mellom bnr 3 og bnr 5
Steingard (nr 9) 280 meter. Bøgard mellom utmarka til bnr 5 og innmarka til fleire bruk
Steingard (nr 3). 200 meter. Bøgard mellom utmarka til bnr 5 og innamrk til bnr 1, 6 og 20.

Bnr 8: Steingard (nr 6). 260 meter. Mot vegen og langs sjøen til grensa mot bnr 4.
Steingard (nr 10). 140 meter. I grensa mellom bnr 8 og bnr 12

Bnr 10: Steingard (nr 10) 35 meter

Bnr 12: Steingard, 50 meter, kring hage
Hustuft husmannsplass. Restar etter grunnmur.
Bnr 13 Hustuft husmannsplass. Restar etter grunnmur.
*Røssbø gnr 67:*
Bnr 1: Uthus, grindbygt. Flytt hit i 1930-åra. Uteflor nytta til sauefjøs og seinare smie.
Uthus. Står i bøgarden. Brukt til sommarflor. No vedaskut.
Hageanlegg m/steingard på 3 sider. Fjerde sida vender mot eit brot.
Steingard. 115 meter. Gammal bøgard.
Steingard. 40 meter. Gammal bøgard.
Hustuft. Murrest etter gammal sommarflor.
Steinbru, ferist (nr 1). Denne er teke med som enkeltobjekt i planen.
Hustuft. Like i nærleiken av det gamle tunet.
Steinbru, ferist (nr 2) Er med som enkeltobjekt i planen.
Rydjerøys (nr 1, 2, 3 og 4)
Gamlastøo. Båtstøer, lendingsplassar. Mura sider.
Naustmur.
Naust. 2,1 meter høg mur på sjøsida. Naustet vølt kring 1960.
Bryggje/kai. Båtstø
Nothengje. Huset står på pilarar 60 cm over bryggja
Steingard. Bøgard for Røssbøvikjo, som tidlegare var husmannsplass.
Gammalt stabbur i tunet. Minst 150 år, huset har vore flytta. Tunet vart om lag midt på 1800- talet flytta frå vestsida av bekken. Både bustadhus og stabbur vart truleg flytta då.
Våningshus – den eldste delen truleg bortimot 200 år. Men huset er restaurert 1969-70.
Røssbøvikjo – gammalt husmannsplass, skilt ut som eige bruk i 1937. Våningshus, løe og eldhus er gamle og bør takast vare på. Dette husmannsplasset har bevart den gamle forma og er spesielt ved at det er omkransa av utmark på dei sidene der det ikkje grensar til sjøen.

## 6.2 Frå Mehammar til Grov

***Topografisk og historisk utgangspunkt***
***Korleis landskapet er teke i bruk og forma***
*Jordbruk*
Mehammar, gnr 4
Børtveit, gnr 5
Agdestein, gnr 6
Hetlesæter, gnr 7
Bordavikjo, gnr 8
Grov, gnr 9
*Kraftutbygging/kraftstasjon*
***Ferdsel og ferdselsårer***
***Enkeltobjekt og kulturmiljø***
*Kulturminne knytte til gardsdrifta*
Våningshus på Agdestein
Stabbur og eldhus i Bordavikjo
Stabbur og eldus på Grov
*Teknisk utnytting av vassdrag*
Kraftstasjon på Børtveit
Kanal ved Svartavatnet
Tufter etter sag på Agdestein
*Kulturlandskap*
Bordavikjo, tun og innmark
Grov, gardsveg, tun, innmark, gravhaug
*Fornminne*
Agdestein
Grov
*Ferdselsårer*
Gamlevegen gjennom Uføro

### TOPOGRAFISK/HISTORISK UTGANGSPUNKT

På austsida av Stordøya mellom Grov og grensa til Fitjar stig landet bratt frå sjøen og opp til fjells. Gardane ligg på hyller i landskapet, flatast og vidast er Grov, nordover vert terrenget brattare og dei grøne "hyllene" smalare. På denne strandlinja ligg frå nord til sør gardane Mehammar, Børtveit, Agdestein, Bordavikjo og Grov. Opp mot fjellet ovafor Agdestein og Grov ligg Hetlesæter. Mellom Agdestein og Børtveit er Uføro, der berget går loddrett i fjorden så det har vore uråd å laga skikkeleg veg gjennom. Dei to nørdste gardane har difor ikkje hatt vegsamband til resten av kommunen før i 1965 då bilvegen gjennom Uføro vart opna.

På Grov er det ein gravhaug, truleg frå jernalderen. På Børtveit er det også funne eit gravminne, elles er det ikkje gjort fornfunn i området.

### KORLEIS LANDSKAPET ER TEKE I BRUK OG FORMA

Gardane på nordaustsida av Stord må seiast å liggja i utkanten av kommunen, det er utmarksområde både mellom Grov og Fjellgardane og mellom Grov og Kyvik. Hetlesæter har utmark på alle kantar.

Utbygginga i området er i hovudsak knytt til jordbruket. Men frå Børtveit er det skilt ut grunn til eit kraftverk med vatn gjennom røyrgate frå Svartavatnet.

Høgspentlinene frå Tysnes som kryssar Langenuen, kjem i land på Børtveit og går over fjellet til Litlabø.
I landbruksplan for Stord og Fitjar er området Grov – Agdestein teke med som eitt av seks viktige landbruks – og kulturlandskapsområde. Det same er Børtveit.

## Jordbruk

*Mehammar, gnr. 4*



Namnet kjem av gamalnorsk á midjum hamri, altså midt på hammaren. Garden er ikkje av dei eldste, truleg rydja i mellomalderen. Frå gammalt høyrde Mehammar til Fitjar kyrkje. På Mehammar var det to husmannsplass, Mehammarvikjo (bnr. 4) og Myro. Mehammarvikjo er nemnt like tidleg som hovudbruket. Det vart skilt ut som eige bruk i 1904. På Mehammar er mange kulturminnemiljø og einskildobjekt som bør vernast om.

På bnr 3, oppe i tunet, er ei gammal løe, med trenaglar i bordkledningen. På same bruket nede ved sjøen, ved Naustneset, er eit kulturminnemiljø med tufter etter nothus og eldhus. Her er gammal vervaplass med slipp. Mellom anna vart Mehammarskøyta bygd her.

Bnr. 6 er postopneriet og handelsplassen Mehammar. Her var også dampskipsekspedisjon. Det vart skilt frå bnr. 3 i 1934 og skøytt til Tollak og Helmer Mehammer. I 1967 vart handelen lagt ned og i 1971 posten. Grunnen var at ein ikkje fekk veg frå hovudvegen og ned til kaien. (Foto: AH )

Bnr 4 er det gamle plasset Mehammarvikjo. Her er eit rikt kulturminnemiljø med to fortøyningskrykkjer, tufter etter nothus og murar etter eit våningshus med naust i kjellaren. Huset vart flytta og nytta til bedehus på Flatråker, Tysnes. Det står også att restar etter den gamle trekaien på utsida av bryggja der rutebåtane la til . Krambua som stod på bryggja, er no på Sunnhordland Museum. På Gunhildflekkje er det hustufter etter eit gammalt husmannsplass.

Gardshuset på bnr 17, Vikastova, er det eldste huset i Mehammarvikjo. Her var den første krambua, og her har vore fabrikk for hermetisering av krabbe. I dag er huset brukt til ferieplass.

*Børtveit, gnr. 5*



Namnet er sett saman av dei to orda borg og tveit. Tveit tyder rydning eller slåtteng i skog. Borg -namnet knyter seg truleg til fjellhøgda ovanom garden. Garden er rydja i yngre jernalder. Garden stig bratt opp frå fjorden, men tunet ligg på eit platå, fritt og med utsyn over fjorden og Kvinnheradsfjella. (Foto: TR)

Frå gammalt var garden i Halsnøy Kloster si eige. I 1758 fekk dei to brukarane kjøpa partane sine. Garden er delt i to ev E39, dermed er dei gamle vegane mellom tuna og sjøen brotne av.

I utmarka over dei to gardstuna og ned mot sjøen er det mange restar etter tidlegare aktivitetar –steingardar, kvern, rydjingsrøyser, husmannsplass, naust, nothus.

På bnr 1 er naustmurane truleg frå 1800-talet. Naustet av tre, som står der no, er frå 1970 og bygt oppå dei gamle murane. Bryggja er laga av granittstein, i 1990 vart

det bygt dekke av betong oppå. Den gamle gardsvegen til naustet viser også att som ein kjerreveg. Den var i bruk til 1963. 20 m nord for elva, tett opp frå sjøen er restar etter ein kvernhusmur. På nedsida av riksvegen er også åtte godt synlege rydjingsrøyser.
I tunet er gardshuset frå om lag 1860, men er påbygt i 1925 og 1966. Her er også murrestar etter ei gammal smie. Nokre meter vest for løa er ein gammal brønn.

På bnr 2 i utmarka nord for tunet er delvis nedrasa murar etter ei stampe. Like ved er restar etter ein bygning som kanskje har tent som lager. Litt lenger nord er også tufter etter kvernhus. Frå tunet framover mot stampa er det restar etter to steingardar som skrår mot kvarandre. I utmarka er også fleire steingardar som markerer skiftet mellom bnr 1 og bnr 2.

Ned mot sjøen går sjoarvegen, ein vegparsell på 90 meter som fører til naustet. Vegen er køyrande med traktor.

Naustet som er i bruk i dag, står på muren etter det gamle naustet. På Nothusneset er også restar etter eit gammalt nothus.
Nedom riksvegen er hustuft etter husmannsplass. På plasset er to like store, delvis nedrasa husmurar. I kanten av dyrka mark, Larsamarka er også tufter etter eit husmannsplass.

*Agdestein, gnr 6*
Garden har fått namn etter Agdesteinen, ein stor stein på fjellbruna ovanom, lett synleg frå Langenuen. Forstavinga er truleg det same som i Agder, noko med taggar på, noko som stikk fram. Garden er ikkje av dei eldste på Stord, truleg rydja i vikingtid. Agdestein er gammalt sjølveigande bondegods. I 1795 vart garden skilt i to om lag jamstore bruk, bnr. 1 og 2. I 1851 vart bnr. 3 skilt ut frå bnr 2. Det gamle våningshuset på bnr 2 er med i revidert bygningsvernplan.



Alt i matrikkelutkastet frå 1723 er det nemnt ei flaumsag på Agdestein. Saga ligg i Sørelvo (Sa(g)elvo) der ho renn ut i sjøen. Det er murrestar att etter saga. I Agdesteinsvikjo er det også eit naustmiljø, som er bevaringsverdig, men som ikkje er teke med i planen.



Agdestein var ei tid eigen skulekrins. Skulehuset kom frå Sørhuglo, det står enno, men vert i dag nytta som fritidshus. Huset er eit interessant kulturminne, som bør bevarast, men det er ikkje teke med i planen. (Foto: AH )

I Øyjorda, eit utmarksområde i fjellsida over Agdestein, ligg ei tuft etter eit hus. Steingardar markerer det som kan ha vore grensa mellom innmark og utmark. Truleg er dette mellomaldergarden Selfall, som i 1427 er ført opp i Munkeliv kloster si jordebok, men som ein seinare ikkje har funne spor etter i kjeldene. Øyjorda har vore brukt som slåtteeng av brukarane på Agdestein.

*Hetlesæter, gnr. 7*
Namnet kjem av hasl (hatl) og seter. Seter tyder bustad eller tilhaldsstad. Garden ligg oppunder fjellet, han grensar mot utmark på alle kantar. Hetlesæter kan vera rydja i vikingtida. Garden har hatt kvern i elva fram til om lag 1900 og naust i

Naustvikjo på Agdestein til 1863. Då gav dei frå seg naustretten der mot å få nausttuft i Hanavikjo. Halvparten av Hetlesæter var klostergods, den andre helvta åtte brukarane frå 1650. (Foto: TR)



Under Hetlesæter var det eitt husmannsplass: Holo. Plasset låg aust mot bøgarden, noko lågare enn innmarka elles. Stovehuset på plasset vart rive først i 1890-åra, medan løa vart riven i 1946. Tuftene etter husa er godt synlege.

I utmarka er eit gammalt beiteområde med askestyvingar, eit fint kulturlandskap. På garden er også steingard og over elva fundament etter to bruspenn.

*Bordavikjo, gnr. 8*

Namnet kjem av at dei lødde opp bord i denne vika når dei hadde vore på Agdesteinssaga og skore tømmer. Garden er truleg ein av dei yngste på Stord. Garden vart rudt som plass under Agdestein kring 1690. I 1723 er garden enno ikkje særskilt matrikulert. Husa i Bordavikjo, våningshus, løe, eldhus og stabbur, er gamle. Den nordre delen av våningshuset, er truleg frå sist på 1700-talet. Så gammalt kan også stabburet vera. Særleg på våningshuset er det gjort ein del endringar, m.a. er det påbygt i 1960. (Foto: AH)



Naustet på garden er gamalt, men har vore påbygt og endra fleire gonger. Gammal veg, sti, 200 meter, 2 m brei. Frå sjøen og opp til den gamle Bordavikevegen går ein 200 meter lang, gammal sti, om lag 2 meter brei. . Folk frå Huglo nytta denne og Mehammar nytta denne når dei kom sjøvegen

Elles er det ei rydjerøys, 12 x 3 meter, ca 40 cm høg og ein liten . steingardsstubbe mellom Bordavikjo og bnr 3 på Grov

*Grov, gnr. 9*

Namnet Grov kjem av det gamalnorske. grof som tyder grav, søkk i landskapet. Grov er ein gammal gard, rydja i jernalderen, men det er vanskeleg å bestemma alderen nærare enn det. Garden høyrde til Halsnøy Kloster sitt gods og vart selt til dei fire brukarane i 1758 med ¼ på kvar, bnr. 1 (to brukarar), 2 og 4. På bnr 1 er ei gravrøys frå jernalderen. Tunet på bnr 4 har mange gamle hus, våningshuset er gammalt og lite endra. Men fleire av husa er i litt dårleg forfatning no. Desse to bruka ligg i eit fint kulturlandskap som bør takast vare på slik det er i dag. Med til





Foto Grov: AH

landskapet høyrer ogsa åvegen ned til sjøen og eit naustmiljø. I dette området bør ein difor vera svært varsam med ny bustadbygging. Våningshuset, eldhuset og stabburet på bnr 4 er teke med i framlegget til bygningsvernplan.

Frå bnr 1 vart i 1908 selt grunn på Grovaholmen til Fyrvesenet som sette opp lyktehus og oljehus der.

Registreringar:
På bnr 3 er det tufter etter eit husmannsplass. Inne i ei granplanting er grunnmuren av eit stovehus.På bnr 6 er murrestar etter ei stampe og restar etter ein kvernhusmur. Bnr 10 har hustuft etter eit husmannsplass. Det er restar etter husmuren på Elveplasset Her er også ei rydjerøys på 6 x 6 x 0,6 meter. Ein 75 meter lang steingard er den gamle bøgarden for Elveplasset.

## Kraftutbygging/kraftstasjon

Planane om å nytta vasskraft for å produsera elektrisk straum til drifta ved Stordø Kisgruber vart realiserte under 1. verdskrigen. Arbeidet med Børtveit kraftstasjon tok til i 1918, og straumen vart skrudd på i 1922. Då var det i tillegg til kraftstasjonen bygt demning ved Svartavanet, røyrgate ned til Børtveit og kraftlinjer frå Børtveit over fjellet til Litlabø.

Kraftstasjonen på Børtveit og bustaden til driftsingeniøren er med i kommunen sin bygningsverplan.
I Børtveitdalen er det mange interessante kulturminne både knytte til kraftutbyggiinga og til gardane si utnytting av fjellområdet.

Frå stemmetjønn i Store Tjødnadalen vert vatn ført ned til Svartavatnet. Dei siste metrane går vatnet i ein open vakkert mura kanal med gong gangsti langs kanalen. Kanalen kjem inn på vestdisa av Svartavatnet.Truelg er kanalane laga i samband med utbigginga på 1920-talet. Dette er eit kulturminne med høg verneverdi.

## FERDSEL OG FERDSELSÅRER

I dag går E39 gjennom området og gjev godt samband både nordover og sørover. Frå Børtveit går det ferje til Huglo og Tysnes. Europavegen langs austsida av øya har gjort heile området lettare tilgjengeleg og meir sentralt. Men vegen skjer tvers gjennom gardane, som strekkjer seg frå sjøen og oppover til fjells. Dermed er dei gamle sambandslinjene frå fjøra gjennom tunet og heilt opp til fjellet brotne av.

Det kom veg frå sør og fram til Agdestein på slutten av 1800-talet. Men heilt fram til 1965 var gardane Børtveit og Mehammar, utan direkte vegsamband med resten av kommunen. Då vart vegen gjennom Uføro opna. Kort tid etter stod også ferjestøet i Jektavikjo ferdig, eller på Raudeholmen som er det rette namnet på staden der ferjekaien er plassert. Jektavikjo er vika like nordom.

Hausten 2004 vart det opna ny tunnel gjennom Uføro, og vegen frå 1965 vart gjort om til gang/sykkelveg. Gamlevegen som skjer seg inn i fjellsida er eit interessant kulturminne og vert tatt med i planen med høg prioritet.

På Mehammar har vore stoppestad for rutebåtar frå 1907 då Helge J. Mehammer starta forretning og fram mot 1970. I 1917 vart det bygt dampskipsbryggje i tre. Etter andre verdskrigen gjekk Åkrafjord og seinare Håvik innom både Mehammar og Børtveit på turen mellom Bergen og Leirvik.

## ENKELTOBJEKT OG KULTURMINNEMILJØ

### Kulturminne knytte til jordbruk



***Våningshuset på Agdestein*** *(Gnr 6/2)*
Dette er kanskje eitt av dei eldste som står att på Stord. Det er ombygt og påbygt i 1891 og 1906. Sjå bygningsvernplan. (Foto Agdestein:AH )

***Stabbur og eldhus i Bordavikjo*** *(Gnr 8/1)*
Stabburet kan også vera frå sist på 1700 –talet. Saman med eldhuset er det teke med i planen som einskildbygg. Sjå bygningsvernplanen

***Eldhus og stabbur på Grov*** *(Gnr 9/4)*
Desse to bygga er med i bygningsvernplanen (sjå nedanfor). Tunet på bnr 4 er ein viktig del av kulturlandskapet på Grov.

### Teknisk utnytting av vassdrag

***Kraftstasjonen på Børtveit***
Stasjonsbygningen og smia, er med i bygningsvernplanen for Stord. (Sjå denne) Han vart bygt i 1918. Det var selskapet Stordø Kisgruber som bygde ut kraftanlegget her. Gamlebygget er ein liten bygning, men staseleg utforma.

***Demning og kanal ved Svartavatnet, mura i naturstein.***
Svartavatnet er demt opp for å gje vatn til kraftstasjonen på Børtveit Også ved Stemmetjørn i Store Tjødnadalen er det demning, og vatn vert ført frå Børtveitdalen og over til Svartavatnet. Siste stykket fram til Svartavatnet er vatnet ført i ein fin oppmura kanal.



***Agdestein-saga***
Der Sørelva (Sagelva) renn ut i sjøen, er det tufter etter den gamle **Agdestein –saga**. Alt i 1603 er det nemnt ei flaumsag på Agdestein. 1723 er nemnt ”1 flomquern til egen fornødenhed”. I dag ser ein berre murrestar att etter sagbygningen og sloket. I 1756 vart det skore 200 bord ved saga. I 1786 vart det skore 700 enkle bord og to år etter 400 doble og 400 enkle bord. (Foto: AH)

### Kulturlandskap



***Bordavikjo, tun og innmark****.* *(Gnr 8/1)*
Tunet i Bordavikjo består av 4 bygningar, alle noko gamle. Ei stove i våningshuset kan vera frå 1700-talet, men huset vart noko påbygt i 1960.Tunet med innmark er eit fint døme på eit småbruk av ein type det var mange av i Sunnhordland, men som det i Stord er få att av. Tunet saman med innmarka og vegen til sjøen bør difor bevarast slik det står no. (Foto: AH)

Frå sjøen går veg opp til gamle ”Bordavikevegen”.
Folk frå Huglo, Mehammar og Børtveit lende i Bordavikjo når dei skulle til kyrkja eller hadde andre ærend i Leirvik.Saman med innmarka i Bordavikjo ligg Elveplasset, husmannsplass som låg under Grov. Det viser att hustufter etter plasset. Det verna området følgjer skiftet mellom Bordavikjo og Grov i sør, i vest følgjer det vegen fram til skiftet mot bnr 8/2. Derifrå i rett linje ned til stranda i Bordavikjo.

***Grov, gardsveg, tun, innmark, gravhaug*** *(Gnr 9 bnr 1 og 4)*
Der det gamle tunet på Grov låg, er det enno att eit kulturlandskap som er etter måten lite merkt av nybygging. Den gamle bygdevegen går framom tuna på nr 1 og bnr 4. Med våningshus, driftsbygningar, eldhus og siloar dannar desse to tuna eit interessant kulturminnemiljø. Området kan avgrensast av den gamle bygdevegen i vest og vegen frå bygdevegen og ned til Naustvikjo i sør. I aust følgjer området grensa mellom bnr 1 og bruk nr 4 fram til bygdevegen, derifrå nordaustover langs vegen mot Slettedalen til skifte mellom bnr 4 og bnr 3. Alle vegane her er vesentlege deler av miljøet.

På bnr 1 ligg ein mogleg gravhaug frå jernalderen. I fråsegna si til kommuneplanen for Stord 2004 – 2015 kravde fylkeskommunen at dette området på Grov skulle ha status som LNF – neiområde. Kulturlandskapet her er tatt med i planen med høg verneverdi. (Foto: AH)





## Fornminne

***Agdestein****:*
På *Øyjorda* ovanom garden er det funne ei hustuft som truleg skriv seg frå *mellomaldergarden Selfall*. ( Set inn TR B-98B4) Dette er ein gard som må ha blitt skilt ut frå Agdestein truleg i vikingtid eller mellomalder, som er blitt lagt øyde under Svartedauden og ikkje er rydda opp att. Agdesteinsgarden har nytta han til utslått heilt fram til vår tid, slik at innmarka ikkje har grodd att.

***Grov***
På ein skogkledd knaus med utsyn mot garden ligg ein mogleg ***gravhaug frå jernalderen*****.**
Fornminna er automatisk freda etter kulturminnelova.

**Ferdselsårer**
**"Gamlevegen" gjennom Uføro** var del av ein liten samferdselsrevolusjon då han vart opna i 1965. Det vart råd å køyra rundt øya, og samstundes vart ferjeleiet i Sandvikvåg opna. Men den vesle vegstubben var ein flaskehals, det var ikkje lett for store bilar å passera kvarandre. Og på utsida av vegen er fjellsida loddrett. Det har vore mange slike vegar på Vestlandet, men etter kvart vert dei erstatta av tunnelar. I 2004 vart det opna tunnel gjennom Uføro, og den gamle vegen vert berre nytta som reserveveg og som gang- og sykkelveg. Men slik tener han ein viktig funksjon, og han må haldast ved like som eit kulturminne med høg verneverdi. Litt sør om tunnelane, langs gamlevegen, viser restar frå den eldste vegen, ei fint oppmura bru over elva.



***Registrerte kulturminne Mehammar – Grov***

Hausten 2003 registrerte Kåre Roalkvam kulturminne på Gardane frå Mehammar til Grov, for det meste spor etter gammal drift på garden. Registreringane er viste på eigne skjema og kartfesta. Her følgjer ei liste over registreringane fordelte på gards – og bruksnummer.

*Mehammar, gnr 4*

Bnr. 3: Gammal løe. Trenaglar i bordkledninga
Slipp og vervaplass
Murrestar etter nothus
Eldhus, uthusmur. Sperrene står, men er til nedfalls

Bnr. 4: Båtfeste/fortøyningskrykkje
Hustufter husmannsplass. Løemur, naturstein.
Naust/sjøhus. Nothusmur på bryggje.
Kvernhusmur, restar.
Trekaien der rutebåtane la til. Berre restar att. På denne kaien stod krambua som no er på Sunnhordland Museum
Hustuft husmannsplss. Murar etter våningshus. Kjellaren var naust
Gunhildflekkje. Mur etter hustuft, husmannsplass

Bnr. 17: Gardshus. Eldste huset i Mehammarvikjo.

*Børtveit, gnr 5*

Bnr. 1: Naust/sjøhus. Murane truleg frå 1800-talet.
Kvernhustuft. Restar etter murane.
Kjerreveg. Gamlevegen i bruk fram til 1963
Gardshus. Minst 100 år. Tilbygg i 1925 og 1966.
Tuft etter husmannsplass. "Smiesekjo"
Brønn. Vasskjelde.
Sjoarvegen. Den gamle vegen frå riksvegen til naustet på bnr. 1
Rydjerøyser. 8 stk.
Stein med innhogde bokstavar på Kodlahaugen. TMSM

Bnr. 2: Stampe. Murar, delvis nedrasa.
Kvern, delvis nedrasa murar
To hustufter på husmannsplass
Eldhus, godt vedlikehalde
Larsaåkeren. Hustuft etter husmannsplass. Murane delvis nedrasa
Hustuft 50 m sør for den andre tufta påLarsaåkeren
Naust/sjøhus. Delvis nedrasa murrestar
Rydjerøyser. Søraustre kanten av "Larsaåkeren"
Vegparsell, kjerreveg. Gamle sjoarvegen.
Naust/sjøhus. Restar etter nothuset på Nothusneset.
Naust på gammal grunnmur. Naustet er i bruk i dag
Steingard 130 meter. Gammal bøgard
Steinardstubb, 25 meter. Rest etter bøgard
Kjerreveg. Gamlevegen. Gardsvegen før riksvegen vart opna i 1963
Steingard 85 meter. Skiftegard mellom bnr. 1 og 2.
Steingard 100 meter. Skiftegard mellom bnr. 1 og 2
"Fenarekkje". Gamle steingardrestar som kjem nesten saman frå kvar sin kant, går parallelt eit stykke, for så å svinga frå kvarandre igjen. Stien "Fenarekkja" gjekk truleg til stampa mellom steingardane.
Røyrgate. To stålrøyr med diameter 50 og 40 cm. Lengd 1030 meter. Fall ca 340 meter.
Røyrgate. Fordelingsbasseng og inntak av overflatevatn til røyrgata.
Kanal for oppsamling av overflatevatn som vert leia ut i tunellen frå Svartavatnet.
Tunell med diameter 2 m frå Svartavatnet til røyrgata
Ventilhus ute i Svartavatnet der inntaket til vasstunellen kan stengajst. 18 m gangbru av tre ut til huset.

Vestre Svartavassdammen. Bygd 1918-19. 132 m. Gjort høgare både i 1928 og 1933.
Austre Svartavassdammen. Bygd i 1933. 90 m. 4 m høg.
Kanal 550 meter. Graven for å samla overflatevatn og leia det ut i Svartavatnet.
Kanal 325 meter. Groven frå Svartavatnet til tunellen som kjem frå Strupen. Delvis murte sider.
Tunell frå Strupen ut i Nipalia. Fører vatn frå Store Tjødnadalen til Svartavatnet
Demning med overløp 10 meter nedanfor tunellinnslaget i Nipalio,
Arbeidsbrakke. Verneverdig uthus. Brakka for dei som arbeidde med anlegget kring Svartavatnet.
Demning som demmer elva frå Store Tjødnadalen slik at vatnet renn rett inn i den 700 m lange tunellen mot Svartavatnet.
Demning ved Stemmetjødn i Store Tjødnadalen.
Hustuft. Mur etter brakke i bruk under arbeidet med stem i Store Tjødnadalen.
Fundament etter bru over elva frå Store Tjødadalen. Trebrua er borte.

Bnr. 6: Sagbruk og smie. Kraftstasjonen
Bnr. 19: Børtveit kraftstasjon.

*Gnr. 7 Hetlesæter*

Bnr 1: Landskap med askestyvingar
Hustuft husmannsplass. Kjellarmuren står att etter plasset i Holo.
Hustuft, mur etter sommarflor som stod like utom bøgarden.
Steingard 95 meter.
Fundament til bru over elva
Kjellarmur til husmannsplass. Fint mura i naturstein.

*Gnr 8 Bordavikjo*

Bnr 1: Gardshus. Nordre delen truleg frå 1700-talet. Også søre delen er gammal.
Løebygg. Gammalt grindbygg. Taket tekt med naturheller.
Eldhus med grue. Har også vore brukt til smie og vedhus
Stabbur. Tømra med helletak. Frå 188-talet.
Naust, endra og påbygt fleire gonger.
Rydjerøys
Steingardsstubbe mellom Bordavikjo og bnr 3 på Grov
Veg-sti. Gammal veg frå sjøen og opp til den gamle "Bordavikevegen".

*Gnr. 9 Grov*

Bnr 3: Husmur etter husmannjsplass. Inne i ei granplanting
Steingard 130 meter.
Bnr 4: Tuft etter kvernhus. Muren går tvers over ei 3 m brei bergklove.
Tuft etter kvernhus. Solide murar på nordsida av elva ved sjøen
Murar etter sagbruk. Fire murar på tvers av lengderetninga.
Bnr 6 Stampe, restar av muren.
Kvernhustuft
Bnr 10: Hustuft husmannsplass
Rydjerøys
Steingard 75 meter
Steingard. Gammal bøgard for Elveplasset.

*Gnr 10 Førland*

Bnr 13: Steingard i sørgrensa for garden
Hustuft etter husmannsplass

## 6.3 Frå Førland til Hystad

***Topografisk og historisk utgangspunkt***

***Korleis landskapet er teke i bruk og forma***

*Jordbruk*

Fjellgardane

Gardsområdet Norda Tveita/Lundemannsverk/Lunde/ Kyvik/ Rommetveit

Gardsområdet Tyse/Nedra Økland/Haga/

*Industri*

*Bustadbygging*

*Offentleg utbygging*

*Høgskulen Stord/Haugesund*

*Idrettspark – fritidsanlegg*

*Spesialskule – omsorgsenter*

***Ferdsel og ferdselsårer***

*Vegar*

*Dampskipsekspedisjon*

***Enkeltobjekt og kulturmiljø***

*Kulturminne knytt til jordbruk*

Norda Tveita

Kyvik

*Kulturminne knytt til sjøbruk*

Naust i Kyvik

Naustmiljø Breivikjo

Lykt og fyrmeisterbustad på Midtøyo

*Teknisk utnytting av vassdrag*

Hauglandskvedno

Demninga ved Ravatnet

Demning i Vaulane. Lundsæter kraftstasjon

*Handel/service*

Handelsstaden Seminariet

*Bustader*

Bustadfelt Aslaksvikjo

Rekkjehus Apalvegen

Bustader og fritidsbustader i Breivikjo

Tyse prestebustad og bustadhus i det gamle tunet.

*Offentlege bygg og anlegg*

Høgskulen Stord/Haugesund

Hystad skule

*Kulturlandskap/parkar/naturvernområde*

Hystadmarkjo

Grøntkorridor/kulturlandskap Sævarhagen – Haga - Nedra Økland

Seminarhagen

*Fornminne*

*Ferdselsårer/kommunikasjon*

Prestavegen – Valdaivegen

Føringsvegane til fjells. Presten og klokkaren

Kyrkjevegen frå Norda Tveita

**TOPOGRAFISK OG HISTORISK UTGANGSPUNKT**

Til Nordbygdo reknar me her Fjellgardane frå Førland til Haugland og gardane frå Kyvik i nord til og med Hystad i sør. Dette er det rikaste jordbruksområdet i Stord

kommune. Berggrunnen med mykje fyllitt gjev god og næringsrik vitringsjord og morenejord. Landbruksområda er i hovudsak sand – og grusblanda moldjord. Dei fine flatene på Rommetveit er gamle sjøfjører/strandflater med leirhaldig jord. Dei fyllittrike, mjuke bergartane i søraust var lette for isen å ta med seg. Seinare har vassdraga vore med på å påverka landskapet. Dei har grave seg ned i terrenget og laga bekke – og elvedalar. Dei harde bergartane opp mot Stordafjellet vart ståande att.

Terrenget er terrassert i retning sørvest - nordaust og stig i ei slak skråning frå havflata og opp til 50 – 60 moh ved E39 og vidare opp til 140 – 160 moh før det igjen flatar ut, for så endeleg å stiga bratt opp mot fjellet.

Den historiske utviklinga heilt frå stein – og bronsealder har skapt kulturlandskapet i Nordbygdo. Ein finn att mange historieforteljande element som viser kontinuitet i busetnad og driftsmåtar opp gjennom hundreåra. Kulturlandskapet kan med grunnlag i terrengformer og naturgjevne tilhøve delast i tre hovudområde: Fjellgardane, Nordre Tveita/Lundemannsverk/Lunde/Kyvik/Rommetveit og Nedre Økland/Tyse/Haga/Sævarhagen/Hystad. Når me vurderer spora etter gardssamfunnet i Nordbygdo under eitt, peikar tre gardar seg ut i eldre jernalder: Lunde, Hystad og Tyse. (Foto:TR)



I bronsealderen var Hystad eit sentralområde. Det vitnar alle gravhaugane mellom Aslaksvikjo og Hovaneset om. På denne tida er det tenkjeleg at jordbrukarane nytta eit større landområde, som strekte seg vidare nordover. I jernalderen synest området å ha vorte delt opp i større og mindre gardar. Gravminne, gardsgrenser og namneformer kan tyda på det. Ein av dei eldste gardane kan ha vore Lunde. I romartid vart to kvinner gravlagde i same haugen på Breivikneset, som denne tida truleg høyrde til Lunde sitt ressursområde. Litt nord for Breivikneset ligg ei stor nausttuft frå mellomalder eller vikingtid. I ein åker på garden Lundemannsverk er det funne ein gullring frå 500-talet e.Kr. I nærleiken av funnstaden ligg den store Skjelmarhaugen, eit av dei største gravminna i kommunen, 20 m i diameter og 4 m høg. Frå haugen er det godt utsyn over garden og landskapet omkring. Haugen ligg tett ved den gamle kyrkjevegen. Folk frå Fjellgardane kom ned her og passerte få meter sørvest for Skjelmarhaugen på veg til kyrkja.



Nedanfor tunet til Tyse, dvs på Hagastølen, er det påvist ein liten gravflokk av små udaterte gravhaugar. Lengre nede ved sjøen, i ei vik rett nord for Grønneset på Nedra Økland, er det funne ei nausttuft som ut frå forma kan vera frå eldre jernalder. På nesa like ved denne naustplassen finst det tre gravminne. (Foto:TR)

## KORLEIS LANDSKAPET ER TEKE I BRUK OG FORMA

Nordbygdo er det viktigaste jordbruksområdet i kommunen. Men det har også vorte det mest populære bustadområdet. Området er merkt av desse to forholda, og det er interessemotsetnader i dag mellom ønsket om å halda fram jordbruksdrifta og ønsket om å ta i bruk attraktive område til bustader. Den tredje faktoren som sterkt har prega Nordbygdo, er utbygginga av Seminariet, seinare Høgskulen på Rommetveit. I Aslaksvikjo har det frå om lag 1920 utvikla seg eit større industriområde.Eit industriområde så tett inn til både bustadområde og naturvernområde kan lett føra til konfliktar.

## Jordbruk

### *Fjellgardane*

Fjellgardane har etter måten stor variasjonar i terreng og jordbruksareal og lite flat jordbruksmark..
Gamle steingardar i skilje mellom innmark og utmark er teke godt vare på i området. Spesielt må steingardane rundt Hauglandsgardane og Presthaug nemnast. Steingardane er ikkje teke med i planen som einskildobjekt, men dei er vakre og verdfulle kulturminne. Ved all utbygging bør det takast særleg omsyn til gamle steingardar.

Fjellgardane har eit heilskapleg kulturlandskap med jordbruksareal som er halde i god hevd, stort mangfald og velhaldne bygningsmiljø, men her er ikkje så mange historieforteljande element. Felles for heile området er utparsellering av bustadtomter nær Fjellgardsvegen. Deler av Førland og Solhaug er bygd så mykje ut at området får meir karakter av bustadfelt enn tradisjonelt jordbruksområde.

I landbruksplan for Stord og Fitjar 2005 - 2015 er Fjellgardane nemnt som eitt av 6 viktige landbruks – og kulturlandskapsområde.

*Førland, gnr. 10*

Namnet Førland kjem av gn. fyri, altså fura. Førland har vore kyrkjegods heilt fram til 1778. Førland sitt gardsområde strekkjer seg ned til sjøen mellom Grov og Kyvik. Førland har mange moderne bygningar, både driftsbygningar og våningshus, og det er lite av det opphavlege bygningsmiljøet.

På Førland er det registrert ein stor, gammal askestyving, ein steingard på 50 meter og ei hustuft etter ein gammal husmannsplass. Registreringane er gjort av Kåre Roaldkvam i 2003. Dei er ikkje tekne med som eigne objekt i planen, men dei er verdfulle kulturminne som bør takast vare på.

*Øvra Eskeland, gnr. 11*

Namnet kjem av gn. eski, altså ein stad der det veks mykje ask. Like ovanom tunet på bnr. 1 ligg restar etter det gamle tunet, mellom nokre svære asketre. I tunet på bnr. 2 står ei gammal tømre, kanskje ei gammal røykstove. Nord for tunet ligg ruinar etter ein uteflor, den gamle vegen frå tunet ut i utmarka gjekk hit. Her er også ein fin steingard som viser skiljet mellom utmark og innmark.
Til Øvra Eskeland høyrde plasset Austestølen. Ein veit at der har budd folk frå 1750-åra. Tuft etter stova står att.

*Nedra Eskeland, gnr 12*

Ovafor Massamyro låg husmannsplasset Myro, (eller Holo?), som vart fråflytta om lag 1870. På plasset er det tufter etter stove og løe. Der er også ei kjelde. Nordvest for hovudtunet ligg stølen. Her er restar etter ein uteflor og dessutan ein stor uteflor frå åra like før krigen. Den er sett i god stand.

Sjoarvegen frå Eskeland til Fuglavikjo viser godt på ei strekkje, litt ovanom Fjellgardsvegen. Denne vegen brukte også Førland. Alle gardane her har naust i Fuglavikjo. På Eskelandsgardane, spesielt på Nedra Eskeland, har brukarane teke godt vare på den gamle bygningsmassen og passa nyare bygg inn i dei gamle miljøa.

*Solhaug, gnr. 13*
Namnet på garden viser at dette er ein solrik stad. Solhaug var krongods fram til 1660. Solhaug har i dag mange moderne bygningar, det er bygt fleire bustadhus, og det er lite att av det gamle bygningsmiljøet.

*Presthaug, gnr. 14*
Garden har høyrt til prestebolet på Stord, difor namnet. Bygningsmassen på garden er av ulik alder, men hovuddelen er frå nyare tid.

*Haugland, gnr. 15*

Innmarka på garden er mykje kupert, det viser også namnet. Garden ligg høgt og fritt med godt utsyn sørover og vestover. Haugland er gammalt kyrkjegods og vart etter reformasjonen lagt til krona. Haugland har mykje skog. Det er ein nesten kontinuerleg steingard rundt heile innmarka som viser dei gamle grensene for innmarka til den opphavlege Hauglandsgarden. Desse steingardane er ikkje tekne med som einskildobjekt i planen, men dei er svært verdfulle kulturminne, som bør takast vare på. I utmarka til bnr 2 ligg *Hauglandskverna*. Den vart restaurert av Stord Rotary i 1974 og er med i bygningsvernplanen med slok og kvernkall. (Foto:TR)

Til garden høyrde fleire husmannsplass: Vad, Kvednastølen, Hauglandsstølen, Træ og Hauglandsdalen. Vad har vore sjølveigande bruk frå 1856 (bnr 5).

***Gardsområdet Nordre Tveita/Lundemannsverk/Lunde/Kyvik/Rommetveit***
Rommetveitområdet ligg i ei slak helling frå sjøen og opp mot skogsområda i Rommetveitmarka. Landskapet er variert med små koller/haugar innimellom dei flate jordbruksmarkene. Kollene og haugane har grunnlendt mark og er som regel nytta til beite. Ein finn også litt lauvskog med mange gamle, flotte tre i desse områda. Store, gamle tre står det også på dei fleste gardstuna. Innimellom ligg bekkefar som har grave seg ned i terrenget. Langs desse bekkefara har det vakse opp lauvskog dei fleste stader. Bøndene driv hovudsakleg med mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon av storfe. Mindre bruk av beiteområda saman med einsidig beiting av storfe har ført med seg at det har vakse opp noko kratt av lauvskog og noko barskog dei siste tiåra. (Arealanalyse for Nordbygdo s. 24f)

På garden Nordre Tveita finst restar av gamle slåtteteigar. Terrenget er lite omforma opp gjennom hundreåra, men nokre av bekkefara er lagde i røyr, og terrenget planert for å auka jordbruksarealet.

Busetnaden knytt til landbruket ligg i klynger kring dei opphavlege gardstuna. Gamle bygningar og bygningsmiljø er stort sett teke godt vare på. Nyare gardsbygningar er passa inn i miljøet, og heile bygningsmassen og jordarealet er halde godt ved like. På Rommetveit og Kyvik er det bygd ein del einebustader mellom gardstuna, som omformar det tradisjonelle jordbrukslandskapet i retning av byggefelt. Dersom ein ønskjer å ta vare på det opne kulturlandskapet i området, bør denne utviklinga

stoppast. Området har god samanheng mellom dyrka mark og beitemark. Ein finn dei gamle steingardane i overgangen mellom dyrka mark og beite. På Kyvik og Økland er det framleis mange steingardar som er teke vare på. (Arealanalyse for Nordbygda, s. 25)

"Jordbrukslandskapet i dette området er heilskapleg, men likevel med stort mangfald. Området har eit velhalde, samanhangande og harmonisk kulturlandskap med fine bygningsmiljø og mange spor frå tidlegare drift. Variasjonen mellom den relativt flate dyrka marka, dei små kollane med skog, bekkedraga og gardstuna gjev landskapet stor opplevingsverdi." (Arealanalyse for Nordbygda, s.28)

I arealanalyse for Nordbygdo vert dette området klassifisert som A- område (særs verdfullt) "på grunn av det heilskaplege kulturlandskapet med den beste jordbruksmarka i kommunen og med mange historieforteljande element samt stort mangfald og velhaldne bygningsmiljø."

I landbruksplan for Stord og Fitjar 2005 – 2015 er området Kyvik – Norda Tveita teke med som eitt av sju særs viktige landbruksområde i Stord.

*Nordre Tveita, gnr 16 Lundemannsverk, gnr 17 Lunde, gnr 18*
Nordre Tveita, Lundemannsverk og Lunde utgjer eit samanhangande kulturlandskap mellom E39 og Rommetveitvegen, med aktiv gardsdrift, vakre og velhaldne tun med mange gamle og mektige tuntre. To gardsvegar gjennom området, begge frå Rommetveitvegen til E39 bind tuna saman. I dette området er brukarane interesserte i at jordbruksdrifta skal halda fram og at landskapet vert bevart. Alt i alt er dette eit svært viktig område når det gjeld å visa den gamle gardsstrukturen..



Tuna på bnr 1 og bnr 2 på Nordre Tveita ligg tett i kvarandre. Saman utgjer dei eit viktig kulturminnemiljø. På bnr 2 har eigarane gjort mykje for å halda bygningane i god stand og ta vare på dei kulturhistoriske verdiane. Frå dei tok over bruket i 1993 har dei drive allsidig og tradisjonelt jordbruk. Tilleggsproduksjon med ymse tilbod til lokalsamfunnet har blitt stadig viktigare for drifta. Det gjeld pedagogiske tilbod til barnehagar og skular, julegard med sal av juletre og pynntegrønt, kulturhistorisk omvisning og samling i eldhuset for ymse vaksengrupper.

Vidare drift er avhengig av at kulturlandskapet og det historiske bygningmiljøet vert teke vare på. Å halda vedlike bygningar og kulturlandskap krev både arbeid og økonomiske utlegg, offentlege støtteordningar eller kjøp av tenester er difor viktig. Også bygningsmiljøet på granneeigedommen (bnr 1) betyr mykje for det samla kulturmiljøet. Difor må også dette tunet sikrast for framtida.

Bnr 1 har også eit gammalt og sermerkt tun. Men eigarane har ikkje budd der dei siste åra, og bruket har skifta eigarar, slik at nokre av bygningane er noko forsømte. Våningshuset kan verta vanskeleg å setja i stand att, og bør kanskje rivast.. Men dei andre husa kan restaurerast slik dei står. Ein må ta omsyn til det opphavlege miljøet når det eventuelt skal reisast nye bygg. Alle bygningane i tunet på bnr 2 er med i bygningsvernplanen, i kulturminneplanen er også heile tunet på bnr 1 med. (Foto:TR)

*Lundemannsverk, gnr 17*
På Lundemannsverk ligg ein stor gravhaug, *Skjelmarhaugen.* I tunet på bnr 1 er eit gammalt stabbur som er med i framlegget til bygningsvernplan. Dei gamle kyrkjevegane frå desse gardane og også frå Fjellgardane går gjennom tunet. Området er ikkje teke med i planen som kulturlandskapsområde, men bør absolutt bevarast med bygningar, vegar og innmark.



*Kyvik, gnr 19*
Kyvik har frå gammalt av vore skift i to partar med lik skyld, Øvra og Nedra Kivikjo. Til Øvra høyrde bnr 2, 3, 4 og 7, til Nedra bnr 1, 5 og 6. Det er uvisst kva namnet kjem av, men kanskje kjem det frå ordet køyta, som tyder pytt, sump, søle. I så fall skriv det seg frå Kyvikøyro, der det er så utgrunt at det lagar seg massevis av pyttar ved fjøra sjø. Kyvik er frå gammalt kyrkjegods, delt mellom Munkeleiv kloster og Stord kyrkje. Det gamle tunet i Øvra Kyvik låg oppi bakken der tuna til bnr 2 og 15 er. Alle bygningane i tunet til bnr 15 er med i bygningsvernplanen. Tunet er velhalde og godt bevart. Bruk nr 7 er i aktivt bruk. Her er eit gammalt våningshus, stabbur og eldhus og mange fine steingardar. Det gamle tunet i Nedra Kyvik, Klokkargarden, som han vart heitande i dagleg tale, var om lag der som bnr 1 har tunet sitt. Bygningane her er gamle. Det låg noko lågare enn tunet i Øvra Kyvik.

Også naustmiljøa i Kyvikjo og Fuglavikjo er ein viktig del av kulturlandskapet. Både desse miljøa og sambandslinjene mellom gardstuna og naustmiljøa bør takast vare på. Naustet på bnr 31 er med i bygningsvernplanen og omtala der.

*Nedre Rommetveit, gnr 20*
Namnet kjem av mannsnamnet Romundr (Råmund). Frå gammalt har garden truleg vore adelsgods. Garden er eit naturleg framhald av kulturlandskapet i Kyvik og fører dette landskapet vidare til gardstuna på Lunde og Lundemannsverk.

*Øvre Rommetveit, gnr 21*
Frå gammalt var garden kyrkjegods og høyrde til bispestolen i Bjørgvin. Bnr 1 og 2 vart i 1860 selde til Oplysningsvæsenets fond for at Stord off. skolelærerseminarium skulle reisast der. Innafor dette området ligg også Seminarhagen, som vart etablert i åra før og etter 1900. Heile Høgskuleområdet, Seminarhagen og eit område nedom hagen er med i planen. Det er laga reguleringsplan for høgskuleområdet, og heile bygningsmassen er regulert til spesialområde vern..

Langs stranda frå Breivikjo mot Kyvikjo ligg fleire verdfulle naustmiljø. Naustrekkja i Breivikjo (fire naust) er med i framlegget til bygningsvernplan for Stord. Der den gamle Prestavegen tek til, i Kilevikjo ved Prestabryggjo, er også tre verdfulle naust. Vidare er det eit naustmiljø nord for Kilevikjo, sør for Kråkeholmen. Alle desse naustmiljøa er med i ei registrering som fylkeskonservatoren fekk gjennomført i 1989 og er viktige kulturmiljø som bør takast vare på. Ein stor del av gardsområdet på Øvre Rommetveit er lagt ut til bustadfelt.

***Gardsområdet Tyse – Nedre Økland – Haga –Sævarhagen - Hystad***
Her finn me i dag tre gardar som alle er delte vertikalt, med tilgjenge til sjøen: Nedre Økland, Haga og Sævarhagen. Saman med Tyse kan desse ha vore eitt gardsvald med tun på Tyse.

*Tyse, gnr 22*
Frå 1648 har Tyse vore prestegard på Stord. Men i lange periodar budde prestane på andre gardar: i Kårevik siste halvparten av 1700-talet og i Sævarhagen tidleg på 1800-talet. Sokneprest Daae tok i bruk Tyse att og fekk rusta opp bygningane. Han vart også den første rektoren på Seminaret og fekk bygt både ei skulestove og eit allmugehus på prestegarden. Skulestova vart flytta til lærarskuleområdet på Rommetveit og var i mange år sløydsal, men kring 1970 brann det ned. Allmugehuset står i dag i Sævarhagen.

Garden vart driven av paktarar fram til 1990-åra då staten selde han til brukaren. Garden var då driven fram til å vera den største og beste garden på Stord. Men etter salet vart det laga golfbane på garden. Prestebustaden vart skilt ut som eige bruksnummer og er bustad for prost/sokneprest. Denne eigedommen er med i bygningsvernplanen. Det gamle tunet på Tyse låg på haugen nord for prestebustaden. Her står att eitt gammalt stovehus som er teke med i framlegget til bygningsvernplan.
*Nedra Økland, gnr. 23*
På Nedra Økland har det lenge vore fire gardsbruk. På bnr 3 er mange gamle bygningar teke godt vare på. På bnr 1 er driftsbygningen ny, men det er også ein del eldre bygg eller deler av eldre bygg. Våningshuset er restaurert. På begge tuna er det gamle, prektige tuntre.

Nedre Økland høyer til det beste jordbrukslandet i kommunen. Men også her er det lagt ut store bustadfelt (Øklandslio, Strongalio).

Til Nedre Økland høyrde to husmannsplass: Lundarstøl og Øklandsstykket (i skiftet med Lunde og Tyse). Dei ulike bruka har naustrett og naust. Dei gamle sjoarvegane og naustplassane er viktige trekk i kulturlandskapet.

Gjennom Tyse og Nedre Økland går den gamle kyrkjevegen frå Prestabryggjo og til kyrkja. Den er eit viktig kulturminne og er med i planen.

I strandsona nedanom dei store bustadfelta ligg det tre gravminne og ei nausttuft frå førhistorisk tid.
Nedre Økland er ein del av eit kulturlandskapsområde som er teke med i planen.

*Haga, gnr. 24*
Haga tyder hage, altså beitemark, og Haga har truleg opphavleg vore del av garden Tyse.
Om ein kjem sjøvegen rundt Hovaneset, vil ein sjå eit kvitt steinmerke i berget. Merket, som liknar ein hestehov, skal ha gitt namn til neset. På den andre sida av fjorden, på Halsnøy, skal det vera eit tilsvarande merke. Det finst fleire segner om hovmerket. Ei av dei fortel at ein gong i farne tider tok hesten til Odin, Sleipner, springsats frå neset og landa på Halsnøy. På neset har det og vore gravplass i førhistorisk tid, to gravrøyser viser att. Også inne i eit grøntareal i bustadfeltet Hagastølen ligg eit lite gravfelt frå førhistorisk tid. Mellom lauvkratt og leikeapparat kan ein sjå seks små gravhaugar. (Bård Gram Økland: Arkeologi på Stord, 2001).

Store deler av Haga er lagt ut til bustadområde (Hagalio, Hagastølen, Hagavollen, Hagatre, Hagamyrane, Kviteluren). Men på eit par bruk er det enno aktiv gardsdrift.

Hagavikjo – strand med grus og belte med strandeng bakom - er klassifisert som B –område (verdfullt område) i grøntplanen til kommunen.

Haga er ein del av eit kulturlandskapsområde som er teke med i planen.

*Sævarhagen, gnr. 25*
Namnet Sævarhagen tyder hagen, altså beitemarka, ved sjøen. Garden var ein del av Tyse og vart nytta til beitemark. Tunet låg lunt og fint oppunder Husahaugen med god utsikt over fjorden. Presten Erik Olsen fekk kjøpa garden i 1793 og budde der til han døydde i 1834. Garden vart delt i to bruk i 1868, og i 1957 vart bnr 1 selt til staten som bygde spesialskule der. I 1990-åra overtok kommunen eigedommen.

Mykje av garden er no lagt ut til bustadområde.

Sævarhagen er ein del av eit kulturlandskapsområde som er teke med i planen.

*Hystad, gnr 26*
På Hystad er det spor etter busetnad like tilbake til bronsealderen. Namnet meiner ein kjem av mannsnamnet Hysing, altså garden der Hysing budde. Ressursområdet til garden har truleg strekt seg innover mot det gode jordbruksområdet på Tyse/Lunde.



Det gamle tunet på Hystad låg på høgdedraget ovanom Hystadvikjo, på austsida av Hystadvegen. Bnr 10, rett sør om Storhaugvegen, har bevart ei fin bygningsrekkje med våningshus og uthus. Også på bnr 4 og 7 finn ein noko av den gamle tunstrukturen, endå om det har komme mange ny hus. Det som er att av det gamle kulturlandskapet frå Hystadvikjo og opp til Storhaugvegen, bør så langt råd er bevarast slik det er no. (Foto: BN)

Ved ei registrering av verneverdige sjøbruksmiljø som fylkeskonservatoren gjorde i 1989, er åtte naust i Hystadvikjo teke med. Bruka på Hystad hadde nausta sine i hero, og naustmiljøet Nedra Økland er ein del av eit kulturlandskapsområde som er teke med i planen.
inneheld fleire sefrak - registrerte bygg. Frå Hystadvikjo gjekk sjoarvegane opp til tuna, men tett bustadbygging har brote av dei naturlege sambandslinjene.

*Samandrag:*
Området frå Nedre Økland/Tyse og til Hystad har frå gammalt vore eitt av dei beste jordbruksområda i kommunen. Men etter kvart har bustadkonsentrasjonen vorte så sterk at det i dag først og fremst er eit attraktivt bustadstrok. I sør er sett av eit større industriområde. Det er også bygt ut område for skule og for fritids- og friluftsaktivitetar. Likevel er området Haga, Tyse, Nedra Økland eitt av dei få områda i kommunen der kulturlandskapet knytt til gardsdrifta enno er godt bevart. Å sikra dette kulturlandskapet for ettertida er viktig, endå om områda i dag ligg inneklemt av bustadfelt på alle kantar. Grøntområdet Haga – Nedre Økland bør sikrast som ein grøntkorridor i dette området. Kulturlandskapet bør takast vare på slik det er i dag.

## Teknisk utnytting av vassdrag
I 1932 vedtok kommunestyret å byggja ut Tysevassdraget for å skaffa meir elektrisk straum, og i 1934 stod kraftstasjonen på Lundseter ferdig. Den er med i bygningsvernplanen. Det vart også bygd demning i Vaulane. Seinare er Tysevatnet blitt kommunen si drikkevasskjelde og det er bygt vassbehandlingsstasjon nedanfor Lundseter.

## Handel/service
Frå 1880- åra og framover til 1950- åra var Klingenberg ein sentral service-stad med dampskipsanløp, postkontor, bakeri og butikk. Det var lærarskulen som gav grunnlaget for aktiviteten. Det var også andre daglegvarebutikkar i området, men

dei er alle nedlagde, og Rommetveit har ikkje lenger eige postkontor. Også på Hystad var det bakeri og butikk som er nedlagde no.

## Industri

Alt i 1918 vart eit område, Aslaksvikjo, skilt ut frå Hystad for å nyttast til industriføremål. Det vart etablert både sildoljefabrikk og skipsbyggeri. I 1956 vart ein stor del av området kjøpt av Leirvik Sveis. (Leirvik Module Technology). På resten av området har Oma Båtbyggeri fått plass. Industriområdet er seinare utvida, både ved fylling i sjøen og ved sprenging innover mot Hystadmarkjo. Industriområdet ligg i dag klemt inne mellom bustadområda i Aslaksvikjo og natur-og kulturvernområdet i Hystadmarkjo. Det gjer at ei kvar utviding av området vil vera konfliktfylt.

## Bustadbygging

Mykje areal, til dels tidlegare jordbruksland, i dei sentrale delane av Nordbygdo er nytta til bustadbygging. Hystad har blitt eit tett og attraktivt buområde. Det vart skilt ut mange parsellar til hustomter før det vart vanleg å byggja ut samla felt.

Kring lærarskulen vart det bygt rektorbustad og lærarbustader. Dei fleste er regulert til spesialområde vern i samband med reguleringsplanen for høgskuleområdet. Dei vert i dag nytta til kontorbygg. I og nedanfor Seminarhagen er også ein del bustadhus/fritidsbustader, som er tekne med i bygningsvernplanen og som også er regulerte til spesialområde vern.

Hystad og Nordbygda har alltid vore populære område å busetja seg i. Det har vakse fram samanhengjande buområde frå Rommetveit til Hystad på begge sider av hovudvegen. Dei første områda som fekk konsentrert utbygging, var Hystadvikjo/Aslaksvikjo og Amlivegen/Rusti. I Aslaksvikjo er eitt av dei eldste bustadfelta i kommunen, bygt ut sist på 50-talet. Seinare er store deler av Tyse si utmark bygt ut og deler av Haga og Nedre Økland. Denne utbygginga har skjedd frå 1960-åra og fram til slutten av 80-åra. Dei seinaste utbyggingane er Storhaug og noko meir av Hystadgarden si innmark på vestsida av vegen. Dei ulike bustadfelta er merkte av den tida då dei vart etablerte. Byggefelta frå 50-60 og delvis 70 – talet har små, nøkterne hus, ofte typehus på etter måten romslege tomter. I felta frå 80 – og 90 talet er husa store med individuelt preg, medan tomtene er blitt mindre. Dei romslege tomtene i dei eldste felta gjer at det kan plasserast nye hus i hagane. Dette vil lett skipla det harmoniske preget som desse felta har. Også kravet om garasjar, ofte doble og med loftsrom er med på å omforma byggefelta. I dei eldste felta var det ikkje sett av plass til garasjar, og dei vil ofte komma inn som framandelement. Typisk er det også at mange av husa frå 60 og 70 –talet er påbygde og endra, slik at det opphavlege bygget knapt kan kjennast att.

Det fyrste regulerte einebustadfeltet på Stord vart bygt ut 1957-60 og låg i Aslaksvikjo. Eit rekkjehusområde i Apalvegen frå 1970-åra er med i bygningsvernplanen som døme på dei fyrste konsentrerte bustadområda i kommunen.

## Offentleg utbygging

*Høgskulen Stord/Haugesund*

I 1860 kjøpte Oplysningsvæsenets fond bnr 1 og 2 av Øvra Rommetveit for å byggja skuleseminarium der. Hovudbygget til lærarskulen stod ferdig i 1864. Seinare er området bygt ut i fleire etappar, den siste i 2003-04. Framom hovudbygningen, nedover mot sjøen, ligg lærarskulehagen, anlagt på slutten av 1800-talet. Hagen er kjent m.a. for eit rikt utval av tre som ikkje veks naturleg her. Hagen vart restaurert i 1990–åra..

I 2002 vart det laga reguleringsplan for heile høgskuleområdet, og store deler av det er regulert til spesialføremål bygningsvern. Området er med i framlegget til bygningsvernplan.

*Idrettspark- fritidsanlegg*
I utmarka til prestegarden er det sett av eit større område til idrettspark med tre fotballbanar, trimløype, innandørs pistolbane og barnehage og rundbaneløype for hestesport. I dette området er det også sett av areal til ny ungdomsskule. På prestegarden si innmark er det laga 9-hols golfbane. Det er laga reguleringsplan for heile området.

I Sævarhagsvikjo er det bygt ut stor småbåthamn. Hamna ligg tett inntil naturvernområdet. Det er difor ikkje plass til utviding av hamna.

*Skular*
I 1975 vart Hystad skule bygt i Håvåsen. Skulen er med i kommunen sin bygningsvernplan.
I 2008 tok arbeidet med ny ungdomsskule for Nordbygdo til. Skulen har Hystad skule og idrettsanlegga i Prestagardsskogen som naboar

*Spesialskule - omsorgssenter*
I Sævarhagen bygde staten spesialskule i slutten av 1950-åra. Skulen vart nedlagt i 1990-åra, og kommunen overtok området. Anlegget vert no nytta av kommunen sine heimebaserte tenester.

## FERDSEL OG FERDSELSÅRER

*Vegar*
Den første offentlege vegen som vart bygd på Stord, gjekk frå kyrkja, over Ådland til prestegarden på Tyse. Det var i slutten av 1850-åra. Om lag samstundes vart det semje mellom grunneigarane om ein veg frå prestegarden og ned til Kjeldsvikjo, der prestegarden fekk rett til ei nausttuft og vegrett til naustet. Vegen frå Prestabryggjo til Tyse og vidare over Valdai til kyrkja (Valdaivegen) er eit viktig kulturminne. Den delen av vegen som går over prestegarden, er regulert til vern. Også resten av vegen bør vernast gjennom reguleringsvedtak. I 1890 vart vegen frå Tyse til kyrkja lagt om, slik at han gjekk over Hystad, altså slik Rommetveitvegen går no.

Før dei offentlege vegane kom, gjekk gardsvegane frå tun til tun og knytte gardane og tuna saman. Desse vegane er private vegar, som vert nytta av oppsitjarane, og som til dels er mykje nytta turvegar.

Frå dei ymse tuna går det også vegar til sjøen og naustplassen og til fjells. Mellom anna hadde gardane faste ruter når dei dreiv smalen att og fram til fjellbeita. Frå Norda Tveita gjekk kyrkjevegen over Tyse og kom inn på Valdai –vegen litt sørom prestebustaden. Same vegen nytta også dei som kom frå Fjellgardane.

Då vegen gjennom Uføro vart opna i 1965, kom gjennomgangstrafikken mellom Sandvikvåg og Leirvik til å gå gjennom Nordbygdo. Det vart ei stor belastning på den smale Rommetveitvegen som var tilførselsveg til mange store bustadfelt og dessutan skuleveg både for grunnskuleelevar og studentar. Den nye E39 er lagt utanom dei tettaste buområda, men skjer over sambandet mellom innmarka og utmarka for gardane mellom Kyvik og Norda Tveita.

*Dampskipsekspedisjon*
I 1881 vart Klingenberg skilt ut frå Nedra Økland, og det vart etablert dampskipsekspedisjon der. Klingenberg vart også handelsstad og postopneri , ei tid var der skomakar, og det har vore bakeri. Det var Seminaret som gav grunnlaget for at rutebåtar kunne stoppa på Rommetveit, og frå først av heitte stoppestaden

"Seminaret i Søndhordland". Men i 1925 vart namnet på postopneriet endra til "Rommetveit", og då skifta også dampskipsstoppestaden namn. Frå først av var det ei trebryggje som ekspeditøren bygde og heldt ved like. Men i 1953 bygde kommunen ny kai. Men ikkje mange år etterpå, i 1961, slutta rutebåtferdsla på Rommetveit.

Ved ei registrering av verneverdige sjøbruksmiljø som fylkeskonservatoren gjorde i 1989 er bygningsmiljøet på Klingenbergkaien teke med. Klingenbergkaien med dei gamle bygningane er med i bygningsvernplanen. Den gamle sjøbua har falle ned, men skal etter planane byggjast opp att.

## ENKELTOBJEKT OG KULTURMILJØ

## Kulturminne knytt til jordbruk

### *Gardstun Nordre Tveita*

Nordre Tveita, bnr 1 og bnr 2 har til saman ei samling med gardsbygningar som utgjer eit einestående kulturminnemiljø. Begge desse tuna bør vernast på grunn av den heilskapen dei utgjer. Særleg på bnr 2 er det gjort mykje for å halda bygningane i god stand. Alle bygningane her er med i bygningsvernplanen. Men også på bnr 1 er det no arbeid i gang for å ta vare på bygningsmiljøet..

### *Gardstun Kyvik, bnr 15*

Bygningane på dette tunet er med i bygningsvernplanen. Tunet slik det står i dag, kan truleg førast attende til 1700-talet. Husa er små, enkle og velhaldne og samla i eit firkanttun. Tunstrukturen og enkeltbygga bør vernast.

### *Stabbur Lundemannsverk, gnr 17*

Stabburet i tunet er truleg frå 1700-talet, og er teke med i bygningsvernplanen

## Kulturminne knytt til sjøbruk

### *Naust i Kyvik*

I Kyvikjo er strandsona med mange naust ein vesentleg del av kulturlandskapet. Naustet på bnr 31 er grindabygt og truleg eitt av dei eldste på Stord. Naustet står på hellande grunn rett på stranda. Naustet er med i bygningsvernplanen. (Foto:BN)



### *Naustmiljø Breivikjo, Øvre Rommetveit*

Dette naustmiljøet er godt kjent, ikkje minst fordi det gjenom mange år har vore fast teikneoppgåve for lærarstudentar og kjært motiv for lokale kunstnarar. Lundemannsverk, Høgskulen Stord – Haugesund og Rommetveit har naustrett her.

### *Lykt og fyrmeisterbustad på Midtøya, gnr 26, bnr 11, 12, 64.*

Staten kjøpte grunn på Midtøya (gnr 26 Hystad) i 1878 for å setja opp fyrlykt og fyrmeiseterbustad. I 2007 kjøpte Stord kommune eigedommane frå Kystverket. Direktoratet for naturforvaltning gav tilskot til kjøpet. Bustaden, fyrlykta, maskinhus, uthus, naust og gangvegen frå naustet til fyrlykta utgjer kulturminnemiljøet. Dei einskilde bygningane er omtala i bygningsvernplanen. Betongmuren ved naustet vart bygt av tyskarane under krigen. (Foto:BN)



## Teknisk utnytting av vassdrag

***Hauglandskvedno, demning, slok og kvernhus.***

Garden Haugland har hatt kvern på denne staden i alle fall tilbake til 1600-talet. Kverna som står der no, med demning, slok og vasskall vart restaurert av Stord Rotary i 1974, slik at ho no kan nyttast til å mala korn på. Kverna ligg ved skogsvegen innanfor Vad og er eit svært populært turmål. Kverna høyrer til garden Haugland, gnr 15, bnr. 2. (Foto:TR)

***Demning i Vaulane. Lundsæter kraftstasjon.***

Vatnaverket vart snart for lite, og kommunestyret vedtok i 1932 å bygja ut Tysevassdraget. Det vart bygt demning i Vaulane og røyrgate ned til Lundsæter der kraftstasjonen stod ferdig i 1934. Bygningen står i dag slik han vart bygt som eit autentisk minne om den første kraftutbygginga og den nye byggestilen, funksjonalismen. Stasjonen er med i bygningsvernplanen. Både Ravatnet og Tysevatnet har seinare blittt kommunale drikkevassreservoar. Demingane ved Ravtanet og i Vaulane er viktige kulturminne. Også den i Vaulane er mura i stein, entreprenør var Wilh. Engelsen.

## Handel

***Handelsstaden Seminariet***

Lærarskulen på Rommetveit gav grunnlaget for eit heilt servicesenter ved Klingenberg. Der var dampskipsstogg frå 1881, og der kom etter kvart både butikk, postopneri, bakeri og skomakar. Kaien esom er der no, er kommunal og vart bygt i 1953. Klingenbergkaien med dei gamle bygningane er med i bygningsvernplanen. Det gjeld dei tre husa der det har vore landhandel, bakeri, skomakar og postopner.

## Bustader

***Rekkjehus Apalvegen***

Dette bygningsmiljøet inneheld 21 husvere samala i tre rekkjer og med ein felles biloppstillingsplass og felles uteområde. Byggeåret er 1972. Bumiljøet har fått ei harmonisk utforming og kan stå som eit godt døme på rekkjehusmiljø frå denne tida.

***Bustader og fritidsbustader i Breivikjo***

Reguleringsplanen for Høgskulen Stord/Haugesund inneheld eit spesialområde vern like søraust for høgskuleområdet ned mot Breivikjo. Dette gjeld bygningar som tidlegare har vore knytte til lærarskulen, men som i dag er fritidsbustader i privat eige. Fem av bygningnae i området har i reguleringsplanen fått status spesialområde vern, og dei er også med i bygningsvernplanen. Heile området er eit interessant kulturminnemiljø saman ,ed skulehagen, Breivikjo, Klingenbergkaien og heile høgskuleområdet.

***Tyse prestebustad og bustadhus i det gamle tunet.***

Prestebustaden er bygt i 1912. Han er eit godt døme på samanblanding av fleire stilartar, og så leis typisk for tida han var bygt i. Klassisismen har voe idealet. Innvendig vart bygningen restaurert i 2002. I vedteken reguleringsplan er bustaden med hagen rundt regulert til spesialområde vern. Det same er det huset som ligg att i det gamle tunet på Tyse, oppe på haugen ovanom prestebustaden. Den gamle kyrkjevegen (sjå ovafor) går forbi tunet og er med på å fylla ut kulturminnemiljøet.



## Offentlege bygg og anlegg

***Høgskulen Stord/Haugesund***

Heile høgskuleområdet med undervisningsbygg, kontorbygg, bustader, uteareal er omfatta av reguleringsplan

R–230-000 og regulert til spesialområde vern. Hovudbygningen, Annekset, fire bustader, rektorbustaden, gymnastikksalen, formingsbygget, studentbustadene, spesialromsbygg, kantine , aula og den gamle Børtveit skule er med i bygningsvernplanen. (Sjå der for nærare omtale av anlegget).

***Hystad skule***
Skulen er bygt i 1975 med Knut Eide som arkitekt. Han har seinare fått fleire tilbygg. Sjå bygningsvernplanen for nærare omtale

## Fornminne

Kystlinja frå Rommetveit til Hystad er svært rik på fornminne, for det meste gravrøyser frå bronselader og jernalder, men også tufter etternaust. Oversynet her er henta frå Bård Gram Økland sitt hefte Arkeologi på Stord. For meir utfyllande opplysningar viser ein til dette heftet.

***Rommetveit:***
På Breivikneset (på nordsida) vart det i 1865 funne nokre rustne jernsaker i ein steinblanda jordhaug. Ved utgraving i 1870 viste det seg at dette var ei *kvinnegrav* frå om lag 300 e.Kr. Grava inneheldt m.a. eit lyst blågrønt glas, truleg laga i ein av dei austlege romerske provinsane, kanskje Syria.

Litt lenger nord, rett sør for Kråkeholmen, ligg ei stor *nausttuft* frå mellomalder eller vikingtid. Ein kan sjå 1 m høge vollar kring deler av tufta. Ved ei utgraving i 1939 vart det funne nokre tjukke trestokkar som kan ha vore lunnar til naustet.

***Lundemannsverk.***
*Skjelmarhaugen* er ein stor *gravhaug* på dyrka mark på Lundemannsverk. Haugen er ikkje utgraven. Dette er eit av dei stlørste gravminna i kommunen med god utsikt over garden og landskapet omkring. Gravminnet ligg også tett ved den gamle kyrkjevegen.

***Nedre Økland*:**
Like nord for Grønneset, på eit høgt nes, ligg to *gravrøyser* frå jernalderen. . På grunn av braken som veks der, er det svært vanskeleg å få auge på dei. Dei er om lag 6 m i diameter og 0,5 m høge. Ved utgraving i 1959 fann ein to kvite kvartsblokker i den eine haugen.
Inne i vika rett nord om Grønneset har det vore naustplass i uminnelege tider. Rett bakom det nordlegaste naustet er restar etter ei forhistorisk *nausttuft*, truleg frå folkevandringstida. Naustet kan ha vore 12 m langt og 3 m breitt.

Litt lenger sør, inne i hagen til ei privat hytte ligg ein *gravhaug*. Den er 5 m i diameter og berre 25 cm høg. Rundt deleer av haugen er det ein kant med stein, som gjer at denne haugen truleg kan daterast til eldre jernalder.

Fornminna på Nedra Økland er med på å understreka dei kulturhistoriske verdiane i dette området, dei byggjer opp under dei andre landskapsverdiane.

***Haga***
I bustadfeltet på Hagastølen kan er eit lite gravfelt frå førhistorisk tid. Det er *seks små gravhaugar*, 6-8 m i omkrins og 0,5 – 1 m høge. Det var ved etablering av byggefeltet at Bergen Museum greip inn og fekk kommunen til å gjera ei mindre omregulering slik at gravfelta vart regulert til grøntareal og demed bevart for framtida. Men så tidleg som i 1870-åra vart det grave i haugane utan at det vart gjort funn.

På Hovaneset ligg to gravrøyser. Røysa midt på neset vart graven ut i 1870-åra utan at det vart gjort funn. Lenger sør 25 m nord for ei lita vik, ligg ein haug som er om lag 10 m i diameter og 1 m høg. I midten er eit søkk etter gammal graving.

***Hystad***

I Hystadmarkjo "ligg eit av Vestlandets mest verneverdige fornminneområde med ei stor samling av gravrøyser frå eldre bronsealder. Dei 3 500 år gamle funna som er gjort i nokre av røysene syner at Hystadområdet var eit særmerkt sentrum i Hordaland på denne tida." Det er arkeologisk institutt ved Universitet i Bergen som skriv dette til Stord kommune i 1981. I dag er 15 gravrøyser tilgjengelege i Hystadmarkjo. Turvegen gjennom marka passerer nær nokre av dei, slik at dei er lett tilgjengeleg, andre er vanskelegare å finna. Kombinasjonen av friområde og naturvernområde gjera at fornminna er rimeleg godt verna. Fylkeskommunen har fått sett opp store informasjonstavler som fortel både om naturreservatet og fornminna.

På austsida av Valevågen ligg ei gravrøys. Det går sti frå brua opp til denne røysa. I 1858 vart det gjort eit interessant funn her , noko i utkanten av røysa var det eit lite gravkammer, i botnen låg det ein rakekniv i bronse. Dermed kan denne delen av grava tidfestat til tidleg yngre bronsealder, men truleg er hovudgrava mykje eldre.Røysa lengst ute er ei langrøys, 27 m lang og 4 m breid. Røysa ligg nokre få meter frå sjøen. Litt lenger inne, ved Valesundet, 25 m frå stranda ligg den tredje, 6 m i diameter og 0,5 m høg.

Like ved turvegen, rett innfor Tyttebærholmen ligg ein liten gravhaug, og på vestsida av turvegen, oppe på eit høgdedrag rett innanfor Russseklubben ligg det fire gravrøyser. Rett nordvest for desse ligg ein steinring, ein veit ikkje sikkert kva funksjon den har hatt.

Midt ute på Russseklubben ligg ei gravrøys. Ting tyder på at den kan vera frå jernalderen, m.a. er det ikkje funne noko gravkanmmer inne i henne. Røysa er 13 m i diameter og 1 m høg. I frå Mjelkevika går det ein steingard sørvestover. På kvar si side av denne ligg det to røyser. Dei er vanskelege å sjå. Kanskje er stein frå røysene brukt til å byggja steingarden.

På Vardhaug rett vest for Storhaugvegen, på bnr 26/10 ligg også ei gravrøys, tett ved ein steingard som skil ein bø frå skogen.

I Mjelkevikjo , tett ved turvegen på vestsidda ligg ei røys på toppen av ein bergknaus. Endeleg er det registrert to gravrøyser ute på Tyneset.

## Kulturlandskap/parkar/naturvernområde

***Hystadmarkjo***

Området omfattar eigedommane 26/306 og 26/649 som Stord kommune eig og 26/566 som direktoratet for naturforvaltning eig. Det siste er Hystad naturreservat, som er verna på grunn av svartorskogen (Foto: BN). Kommunen har forvaltningsansvaret her. Dei to eigedommane som kommunen eig, omfattar m.a. strandlina frå Straumen til Sævarhagsvikjo.



I området er det ei stor samling bronsealdergravrøyser, kolerakyrkjegard og gruntvassområde med sjeldne planter. Kolerakyrkjegarden og dei fleste gravrøysene ligg på

kommunal eigedom. Nokre av gravrøysene ligg inne på naturvernområdet.

Gjennom Hystadmarkjo frå Valevågen til Sævarhagsvikjo har kommunen opparbeidd ein grusa gangveg. Den gjev tilgang til fine badeplassar i Apalvikjo og Mjelkevikjo. Vegen går framom nokre av gravrøysene og kolerakyrkjegarden.
Hystadmarkjo er eit samanhengjande verneområde. Gravrøysene er automatisk freda etter kulturminnelova. Det har vore gjort noko ryddearbeid på nokre av røysene for at dei skal verta meir synlege. Det er også sett opp gode informasjonstavler. Kolerakyrkjegarden har Stord Rotary sett i stand, dei har også fått på plass ein minnestein. Saman med steinmuren rundt gjer den plassen til eit velstelt og interessant kulturminne. Dette området er sårbart for inngrep, særleg på nordsida har det vore ulike planar om utbyggingar. Slike planar bør avvisast.

***Grøntkorridor/kulturlandskap Sævarhagen – Haga – Nedre Økland***
*Type, storleik, eigartilhøve*
Mellom nordre del av Sævarhagsvikjo og Klingenberg strekkjer seg eit samanhengjande kulturlandskap med variert innhald: gardsmiljø, store landskapsrom, beitemark. Langs strandlinja er det naustmiljø og også tufter etter eit langskipsnaust frå vikingtida. Dei gamle bygdevegane mellom tuna fungerer også som turvegar for nærmiljøet.

Området strekkjer seg over gardane Haga (gnr 24, bnr3 og 5) og Nedre Økland (gnr 23, bnr 1, 3, 4 o g 16).

*Tilstand, inventar*
Dette er dei største lågtliggjande landskapsflatene mot sjøen i kommunen. Langgrunne vikar vekslar med strandberg som ofte stikk ut som nes. Jorda innanfor er leirhaldig og grøderik. Områda nærast sjøen er i hovudsak frie for tekniske inngrep. Unnatak er småbåthamna i Sævarhagen og Klingenbergkaien, samt ein del bustader, hytter og naust, særleg i den nordre delen av området. Det er aktivt landbruk innanfor store deler av området.

Innanfor området er det fornminne og naustmiljø.
Tunskipnaden gjev eit godt bilde av jordbruksstrukturen kring midten av 1900-talet

*Grunngjeving for vern*
Dette er det største samanhengande grøntområdet som er att i kommunen no, og eit av dei største samanengjande områda for aktivt jordbruk. Kulturlandskapet er omgitt av bustadfelt på alle kantar, men er ikkje truga av industri – eller anna næringsutbygging. Det opne kulturlandksapet er med på å gje auka kvalitet til buområda.

Framtidig forvaltning av dette området må innehalda element både av bruk og vern. Den varsla reguleringsplanen for landbruk/grøntstruktur vil vera viktig for å sikra deler av kulturlandskapet. Alternativt kan ein regulera deler til spesialområde vern, område for kulturminne.

Deler av ein framtidig kyststi mellom Sævarhagsvikjo og Klingenberg vil liggja utanfor regulerte område. For å få til ein fornuftig trasé kan det vara aktuelt å regulera inn område for deler av stien. Stien bør gå så nær strandkanten som mogleg, med unntak av partiet i Sævarhagsvikjo og Hovaneset. Her bør stien gå eit stykke inne på land, for å skåna fuglelivet i Sævarhagsvikjo og beitemarksoppen på Hovaneset.

*Potensiale, utfordringar og høve til vidare utvikling:*

Dette kulturlandskapet har stort potensiale som eit kombinert område for jordbruk, kulturminne, naturopplevingar og rekreasjon. Det opne landskapet og nærleiken til sjøen er unik.

*Viktige utfordringar:*
Det bør lagast reguleringsplan for sentrale deler av området i lengderetninga sør – nord. Føremålet må vera å fastsetja permanente byggjegrenser og sikra område for landbruk og grøntkorridor (friområde, område for biologisk mangfald m.v.)
Ei viktig oppgåve vil vera å etablera kyststien Sævarhagen – Klingenberg. Den vil gje tilgang til området for folk flest, utan at slitasjen vert for stor.

***Seminarhagen***



*Type, storleik, eigarstatus:*
Seminarhagen er eit historisk hage-/parkanlegg i tilknyting til Høgskulen Stord-Haugesund. Det er ope for publikum. Hageanlegget er på ca. 12 daa. I tillegg kjem allear kransa med parklind som går ut over parkområdet. Seminarhagen er i staten si eige. (Foto: BN)

*Kort historikk:*
Den nye seminarbygningen på Rommetveit stod ferdig i 1866. P.V.B. Deinboll (seinare rektor) var botanikar og tok initiativet til seminarhagen etter at han vart tilsett som lærar i 1870. Han engasjerte gartnar P.H. Poulsson som hadde planlagt byparkar både i Stavanger, Bergen og Haugesund. Alt i 1871 låg planane føre for ein "engelsk landskapshage". Typsik for desse var den romantiske stilen med fri utfalding av tre og buskar, ofte med sterke innslag av eksotiske planter.

Hagen står i dag fram som eit lite arboret med om lag 46 ulike treslag, viltveksande og kultivarar, fleirtalet utanlandske. Langs riksvegen og inne på skuleområdet er det planta parklind som allétre. Seminarhagen og alléane gjev ei flott omkransing av høgskuleanlegga og er blitt eit identitetsmerke for skulen.

*Tilstand, inventar:*
Hagen er i dag velstelt og godt vedlikehalden, etter at staten dei seinare åra har brukt ein god del midlar på å setja han i stand. Hagen vert nytta i naturfagsundervisninga ved høgskulen.

Blant det markerte innslaget av framande treslag, er det også ein del botaniske "godbitar":

- Lawson-sypress (Nord-Amerika)
- Mammut-tre ("Redwood", Nord-Amerika)
- Sydbøk (Chile)
- Ekte valnøtt (Søraust Europa)
- Tulipantre (Austlege Nord-Amerika)
- Himalayaseder (Asia)
- Korktre (Asia)
- Catalpa ovata (Kina)
- Påfuglbusk (Iran/Kaukasus)

*Potensiale, utfordringar:*
Seminarhagen har vore ein attraksjon på Stord sidan tidleg på 1900-talet. Mange av trea som vart planta for over hundre år sidan, er i dag blitt flotte eksemplar.

Hagen kan utvidast. Nokre område ned mot sjøen i aust ligg urydda og kunne vore opparbeidd og innlemma som ny del av hagen. Kunne ein til dømes utvida hagen med tre frå Afrika (det manglar i dag) ?
Informasjonen mot publikum om Seminarhagen bør bli betre:

- det bør lagast ein ny og oppdatert brosjyre til gratis utdeling
- det bør lagast ei stor informasjonstavle om Seminarhagen på staden
- det bør lagast skilt med opplysning om artsnamn og plantefamilie for kvart einskild tre i hagen, plassert ved objektet.

*Grunngjeving for vern:*
Seminarhagen er ein intakt historisk hage med særpreg knytt til ein 1800-talsskule på Stord. Utgangspunktet for hagen var å prova at mange utanlandske treslag kunne overleva så langt mot nord, på grunn av eit uvanleg mildt og vått klima. Det

har ein vist til fulle. Staten som eigar har gjennom å satsa vidare på hagen i samband med utviding av høgskulen lagt vekt på at Seminarhagen skal vera eit viktig element på Høgskuleområdet også i framtida, både estetisk og i undervisningssamanheng.

Ved framtidig utviding av veganlegg, parkeringsanlegg og høgskulen sine aktivitetar, er det viktig å ta vare på og sikra Seminarhagen og alléane på Høgskuleområdet. Det skulle ikkje vera så vanskeleg med den statusen Seminarhagen har både hos eigar, brukarar og folk flest i kommunen. Seminarhagen bør marknadsførast som ein av dei største turistattraksjonane på Stord.

***Paters kvile. Rasteplass.***
På austsida av Fv 57, nesten heilt oppe ved Førlandskrysset er ein liten flekk som vert kalla Paters kvile.Kritian Lilloe som var styrar ved lærarskulen frå 1875 til 1904 hadde dette til fast rasteplass på den daglege spaserturen sin. Elevane, som hadde gjeve rektoren heidersnamnet "Pater" visste om dette, og ein dag mura dei opp ein benk som han kunne sitja på. Staden har seinare heitt Paters kvile.

## Ferdselsårer/kommunikasjon

***Prestavegen – Valdaivegen***



Dette er den gamle vegen som gjekk frå prestagarden til kyrkja og frå prestagarden til Prestabryggjo. Deler av denne vegen er lett synleg i dag og er ein populær turveg. Vegen har det eine endepunktet ved Prestabryggjo nord for Breivikjo og går gjennom Seminarhagen, kryssar vegen ned til Klingenbergkaien og går over Knappane til Samhald. Her kryssar han riksvegen, passerer det gamle tunet på Tyse og prestebustaden. Over prestagarden er turvegen lagt litt utanom den gamle prestavegen for at han ikkje skal komma i konflikt med golfbanen. Men den gamle vegen skal etter reguleringsvedtektene haldast open og takast vare på som kulturminne. På sørsida av Vestlivegen følgjer vegen Kleivane, går så som gangveg på vestsida av Hystad skule, følgjer Håvåsen ned i Tysevegen til Sjukehuset og så ned Furulyvegen til kyrkja.

***Dei gamle føringsvegane til fjells. Presten og Klokkaren.***
Folket på Lunde, Lundemannsverk og Haga gjekk frå Lundstræet (gnr. 18 bnr. 4) tett ved E39 når dei skulle til fjells med smalen. Derifrå gjekk dei til Vetlestølen, fortsette Fjellvegen over Skarvåsen forbi Saugadadltjødno til Meåsen og over Lundaråsen til Presthaugshavet. Der trefte dei folket frå Rommetveit og Nedre Økland. Dei hadde gått gjennom tunet på Rommetveit over Ronmmetveitstølen, forbi

Hundshidleren, over Hundsryggen gjennom Lyåsen til Geitåsen og Presthaugshavet. Frå Presthaugshavet var vegen felles: Gjennom Dyråsen, over Sjoalemyro, opp Eikekleivo og Ormabrekko. Oppfor Ormabrekko ligg *Presten og Klokkaren*, to steinhaugar der det skulle ofrast for at det skulle gå bra med sauene. Så gjekk vegen gjennom Husasmoget (derifrå kunne ein sjå huset på Lundarstøl) til Lundarstøl. Frå Lundarstøl gjekk vegen forbi Hestafossen, Kyvikesetro, Nibbo og til Novo. I Kvelve tok sauene sine eigne vegar til sine "faste" plassar. Desse rutene var også turvegar til fjells. Så langt råd er, bør dei haldast oppe som turvegar. Særleg gjeld det strekkjene frå E39 til Presthaugshavet og frå Sjoalemyro til Lundsæter. Presten og Klokkaren er kulturminne som må vernast.

***Kyrkjevegen frå Nordre Tveita/Fjellgardane***

Vegen frå Fjellgardane kom ned til Nordre Tveita, derifrå gjekk kyrkjevegen over Tyse og kom inn på Valdaivegen litt sør for prestebustaden.

## 6.4. Orninggard og gardane kring Ådlandsvatnet

***Topografisk og historisk utgangspunkt***
***Korleis landskapet er teke i bruk og forma***

***Jordbruk***

Orninggard, gnr 27
Øvre Ådland, gnr 28
Vatna, gnr 29
Øvre Økland, gnr 30
Stuva, gnr 36
Lønning, gnr 37

***Teknisk utnytting av vassdrag***

Demning i Lønningsstemmo
Sagbruk/møllebruk ved Frugardselvo
Elektrisitetsproduksjon
Fiskeoppdrett

***Industri/skipsbygging***
***Handel/service***
***Bustadbygging***
***Offentleg utbygging***
***Ferdsel og ferdselsårer***
***Enkeltobjekt og kulturmiljø***
***Kulturminne knytt til jordbruk***

Gardstun Orninggard, Gnr 27, bnr. 1
Gardstun Ådland, gnr 28, bnr 4 og 5
Husmannsplass Ådland, bnr 2, Saneset
Sauefjøs og eldhus på Vatna. Gnr. 29 , bnr 2 og 4
Gardstun Øvre Økland, gnr 30, bnr 3
Stabbur, eldhus og jordkjellar på Stuva, gnr 36, bnr 1
Løe på Lønning, gnr 37, bnr 3

***Teknisk utnytting av vassdrag***

Demning i Lønningsstemmo

Demning i Frugardselvo. Møllebuo

Demning ved Ravatnet.

***Handel/service***

Trehusmiljø, handelsmiljø i Øvre Borggata
Frugårdbygget
Torget – Sparebankbygget
Borggarden – Gamle Grand hotell
Forretningsbygg Søndre Kaisving
Sunnhordlandskaien

***Bustadmiljø***

Villamiljø i Åsringen.
Trehusmiljø/Bustadmiljø i Prestlio
Trehusmiljø/bustadmiljø på Ingebrigtshaugen
Hadlabrekko burettslag

***Offentlege bygg og anlegg***

Rådhuset
Fengslet og rettsbygningen
Sorenskrivarbygningen.
Stord kyrkje
Stord sjukehus

***Fornminne***

Gildeskålsbakken

***Kulturlandskap – parkar***

Vidsteenparken – Sunnhordland Museum
Nordre kaisving
Frugarden

***Naturformasjonar det knyter seg særlege tradisjonar til Ferdselsårer***

Gammal steinbru over Vatnaelvo
Den gamle Prestavegen, Valdaivegen.
Gamle Litlabøvegen

## TOPOGRAFISK OG HISTORISK UTGANGSPUNKT

Ådlandsvassdraget, som startar i Stordafjellet og renn ut i Frugarden ved kyrkja, er det største i kommunen. Nedslagsfeltet rømer 30 km2 eller om lag ¼ av arealet på Stordøya. Ådlandsvatnet ligg ein snau kilometer frå sjøen og berre 3,5 m over havflata.

Desse gardane grensar til Ådlandsvatnet:

- Norda Tveita, gnr. 16
- Orninggard, (Nedra Ådland), gnr. 27
- Øvre Ådland, gnr. 28
- Vatna, gnr. 29
- Øvre Økland, gnr 30
- Stuva, gnr. 36
- Lønning, gnr. 37

Ådlandsvatnet omkransa av gardane Lønning, Stuva, Vatna og delar av Øvre Ådland dannar eit stort landskapsrom som ligg sentralt, men tilbaketrekt, og gardstuna er utan synskontakt med sjøen. Nedra Ådland eller Orninggard med Leirvik og også delar av Øvre Ådland ligg meir sentralt og er vende mot sjøen. Norda Tveita er i hovudsak vend mot Nordbygdo. Øvre Økland (gnr 30) ligg nord for Vatna, men er likevel teke med i dette oversynet.

Namnet Ådland kjem av Årland, altså "landet ved elva". Øvre og Nedra Ådland var opphavleg ein gard. Garden er kanskje frå ca. 500 år e.Kr. altså ein jernaldergard.

Området har få fornminne. Kjende fornminne er ein langhaug (skipshaug) i Frugarden nord for kyrkja og ein liten gravhaug på Lønning, som er borte. Kyrkjestaden har vore i bruk, i alle fall frå 1300-talet, då det stod ei steinkyrkje der. Den vart riven og erstatta med ei ny kyrkje i 1857. På Gildeskålsbakken ved Frugardselva er det merke etter ein bygning som kan vera frå mellomalderen.. Staden er ikkje undersøkt av arkeologar. Ådlandsstova, ei årestova frå mellomalderen, stammar frå Øvre Ådland og er i dag plassert mellom Sunnhordland museum sine bygningar i Vidsteenparken.

Ådlandsvatnet med innlaupselva (Vatnaelvo) og utlaupselva (Frugardselvo), har hatt mykje å seia for gardane kring vatnet gjennom alle tider:

- Vatnet har vore nytta som ferdselsåre i hundreår. Alle gardane brukte båt, og dei fleste hadde naust. Alle brukarane hadde lendingsrett i Skitnavikjo på Vatna. Også garden Øvre Økland, som er rydja frå Vatnagarden mot nord og ikkje grensar til vatnet, hadde slik rett. Den øvste lendingsplassen var Krekjalendinga, lendingsplassen nedst i Frugardselva var Stebmareset. Ærenda kunne vera mange, kyrkjeferd, handel på Døso og Leirvik m.m. (frå heftet "Torbjørn Ådland fortel").
- om lag heile fallet mellom vatnet og sjøen er ved elveutlaupet i Frugarden. Dette området har difor vore nytta til mange slags føremål: sagbruk, mølledrift

- (Frugaards Mølle), stampe, elektrisitetsverk (Olsens elektrisitetsverk) , sjoddyfabrikk og uttak for drikkevatn. I dag er det få eller ingen merke etter alle desse aktivitetane
- 1982 vart Ådlandsvatnet senka om lag 1 m, for å sikra bruka på Vatna mot flaum. Det vart bygd ny demning i Frugarden, og Frugardselva og nedste delen av Vatnaelvo vart kanaliserte (oppgravde i breidda og djupna) av NVE.

Dei historiske merka i dette området er mest knytte til Orninggard som adeleg setegard, prestegard og kyrkjestad frå 1100-talet. På Orninggard finn me namnet Gildeskålsbakken. Det vitnar om at det har vore eit lokalt gilde her (Stord bygdebok, I, s. 243). Også Vatna var adeleg setegard og Øvre Ådland var ått av adel ein periode.

Leirvik ligg midt mellom dei to store gardsområda på søre delen av Stordøya: Nordbygdo og Sørbygdo. Slik sett er det eit naturleg sentrum for innbyggjarane i kommunen. Staden har vakse opp kring eit stort og godt hamnebasseng omkransa av åsar, haugar og bratte berg. Sørsida av hamna, Skotabergsido ligg godt i ly av alle vindretningar, medan den indre hamna og særleg den nordlegaste delen er utsett for vind frå aust og til dels sør.

Leirvik har vore tingstad og gjestgjevarplass frå midt på 1600-talet og fram til 1865. Utviklinga av Leirvik som sentral tettstad i Sunnhordland skaut fart frå midt på 1800-talet.

## KORLEIS LANDSKAPET ER TEKE I BRUK OG FORMA

Den eldste innmarka og tunet på Orninggard (Frugarden), er framleis lite utbygd, men er under press, m.a. på grunn av manglande areal til kyrkjegardar og på grunn av den sentrale plasseringa.

Gardane Vatna, Øvre Økland og Stuva er også lite utbygde. Lønning si innmark er intakt, men Lønningsåsen er bygd ut på sørsida mot Leirvik. Norda Tveita er bruksmessig orientert mot Nordbygdo og er omtala der. Ådlandsgarden er for ein stor del utbygd med bustadfelt. Nokre av bruka på Ådland har likevel att noko landbruksareal som er i drift.

Området har hatt fylgjande typar utbygging:

- jordbruk
- teknisk utnytting av vassdrag
- industri/skipsbygging
- handel- og service
- bustadbygging
- offentleg utbygging

### Jordbruk

*Nedre Ådland (Orninggard), gnr. 27*

Gildeskålsbakken er namnet på ei lita sletta på sørsida av Frugardselva, om lag 200 meter ovanom demninga. Her må det ha stått ein gildeskål. Tradisjonen seier at det var Ådlandsstovo som opphavleg stod her. Ho skal vera C-14 datert til 1300-talet. Dersom dette er rett, må ho ha vore flytta til tunet på Øvre Ådland omkring år 1600, då adelsmannen Palle Friis residerte der. Frå Ådland vart ho flytta til Sunnhordland Museum i Vidsteenparken i 1934.

Namnet Orninggard fekk garden etter at admiral og adelsmann Bernt Orning på Vatna overtok han i 1648. Før det hadde han vore prestegard. Seinare fekk den delen av garden som ligg på nordsida av elva, namnet Frugarden. Grunnen var at det var mange framståande kvinner (fruer) som åtte og styrde garden i fleire hundre år. Mellom dei mest kjende er Karen Mowat, prostinne Christie og bispinne Hagerup. Admiral Orning budde ikkje sjølv på Orninggard, han valde Vatna som sin residens.

Hovudhuset i Frugarden var bygd om lag 1770. I 1847 vart det flytta til Leirvik. I dag står eit bustadhus frå tidleg 1800-tal i Frugarden, saman med Borgstova og Bårdsstova. Bårdsstova vart nytta av langvegsfarande som kom i båt og som trong å byta klede før dei skulle i kyrkja. (Foto:TR)



Det var i første halvdelen av 1800-talet god hagebruksdrift i Frugarden. Det vart planta mange tre i denne perioden, m.a. ask og alm. Mange av dei har falle over ende i stormar etter kvart. Det er tydelege innslag av bøk langs Frugardselva, i Frugardsskogen og i Vidsteenparken. Dette er etterkomarar av bøketre som vart planta i Frugarden. I landbruksplan for Stord og Fitjar er Frugarden nemnt som eitt av fem særprega og verdfulle bygningsmiljø.

Frugarden har gitt areal til alle gravlundane i Stord sokn. Fyrst vart arealet rundt kyrkja nytta, deretter Frugardshagen som vart til Vestre gravlund (kjøpt 1905), så kom Øvre Gravlund (frå ca. 1970) og til sist Midtre gravlund (frå 2000).

Tunet i Frugarden og arealet rundt er verneverdig, både nokre av enkeltbygga og kulturlandskapet er med i planen. I landbruksplan for Stord og Fitjar er Frugarden teke med som eitt av fem særprega og verdfulle bygningsmiljø.
Frugardsfossen har vore utnytta både til sag, mølle, elektrisitetsverk og sjoddyfabrikk. Men ingenting viser att av desse aktivitetane no. Om lag 1960 vart det bygd laksetrapp i Frugardsfossen. Trappa eksisterer framleis, men vart noko endra i samband med bygging av ny demning ca. 1982. På 1970-talet kom det ny bru over elva nedanfor den gamle, som enno står att. Arealet på begge sider av elveutlaupet vart rydda og Sagkaien utvida og forsterka. Det vart laga stor parkeringsplass der for kyrkja og bedehuset. Om lag 1990 vart det bygd mekanisk reinseanlegg i Frugarden for kloakken frå bustadområda nord for elva. Midt på 1990-talet vart det bygd to tersklar nedanfor stemma for å hjelpa fisken til å gå opp laksetrappa. Det vart også bygd nye murar langs elvelaupet og sett opp rekkverk av smijern.

Det er ikkje naturleg god hamn ved utlaupet av Frugardselva. Ein er avhengig av godver for å lenda båt i dette området. Tre av gardane kring Ådlandsvatnet har likevel hatt nausta sine her. Møllebua vart nytta som lager for mjøl som kom frå Frugardsmølla. Bua vart bygt i 1870. Sjå elles omale i bygningsvernplanen. Nærleiken til kyrkja og gravplassane og dei mange ulike næringsverksemdene som fram gjennom åra har vore lokaliserte i dette området, gjer heile området til eit kulturhistorisk interessant miljø. Miljøet omfattar kyrkja, gravplassane, tunet i Frugarden, Frugardsfossen, Møllebua, naustmiljøet og sagkaien. Endå om det er få spor etter dei mange aktivitetane som har vore her fram gjennom åra, bør heile dette området skjermast for framtidige inngrep.

I Døso, frå kyrkja og nordover vart det på begge sider av vegen tidleg bygt einebustader. Frå 1910 og frametter tok ein til å byggja bustader her. Det hadde samanheng med at vegen frå kyrkja til Nordbygdo vart lagt om.

Ein parsell kalla Furuly vart skilt ut i 1908 og seld til naturlege Ole Olvik. Han fekk slått den saman med nokre andre parsellar og bygde og dreiv Furuly Helseheim til han døydde i 1924.

Også på den delen av Orninggard, bnr. 10, som vart skilt frå hovudbruket i 1853, vart det drive jordbruk. Uthusbygningane stod omtrent der Rådhuset er no, og innmarka var der Torget er og oppover Sæ.

*Øvre Ådland, gnr. 28*



Det gamle tunet på Ådland låg på høgaste punktet på vegen over Ådland. Der stod også Ådlandsstova. Opphavleg var det eit klyngetun, men etter kvart som garden vart delt opp på 1800-talet, vart det bygd nye tun på kvart bruk. (Foto:TR)

Nokre av 1800-talsbygningane står framleis:

- våningshuset på bnr. 1. Det er sagt at dette opphavleg var ei lafta stove som vart flytta om lag hundre meter sørover og bygd om til sveitserhus ikring århundreskiftet. Det står også att to mindre grunnmurar i stein, truleg har dette vore uthus og smaleflorar.
- Den gamle stova og fleire uthus på bnr. 2, Sageneset. Bygningane er frå om lag 1870 og er teke godt vare på av noverande eigar. Sageneset var husmannsplass under Ådland. Det er reist nytt våningshus, men samla er området eit fint minne om eit husmannsplass frå sist på 1800-talet
- På bnr. 5 er det eit gamalt restaurert eldhus. Her er også ein godt bevart staursilo frå ca 1920. Desse to bygga er teke med i framlegget til bygningsvernplan. På eigedommen står også eit gammalt våningshus. Kårhuset er restaurert og vert no nytta som barnepark.

Det finst ein del bevarte steingardar og sume stader er det bakkemurar og rydningsrøyser. Desse er viktige kulturminne, som det minkar på etter kvart som nye område vert bygde ut. Ved framtidige utbyggingar må eksisterande steingardar og steinmurar takast vare på. Dei er vakre og historieforteljande innslag i landskapet.

Øvre Ådland hadde både sag og kvern. Ådlandssaga er nemnd alt i 1610 og låg i Sagenesbekken der bnr. 2 er i dag. Det er merke (steinmurar) etter saga der.

På Øvre Ådland har det vore mange frådelingar til bustadbygging frå 1970-talet. Dette gjeld frå bruk nr. 1, 4, 5 ,7 og 8. Både skogsteigar og innmark er gått med til utbygging. Det er ingen bruk att på Ådland der eigaren driv sjølv. Berre dei samanslåtte bruka nr. 4 og 5 har moderne driftsbygning. Her vert det drive med sauer.

I Krækjen kom det setjefiskanlegg på eit areal ved elva som vart skilt frå bnr. 9 på slutten av 1980-talet.

Sjukepleiarskulen og Ådland Studentheim vart bygde på 1970-talet. Sjukepleiarskulen vart i 2004 flytta til høgskuleområdet på Rommetveit.

I nærleiken av Liksmoget er det ein bergformasjon som vert kalla Preikestolen, på grunn av likskapen med ein preikestol.

*Vatna, gnr. 29*



Vatna ligg inst ved Ådlandsvatnet. Gardsnamnet viser til plasseringa ved vatnet. Vatna er truleg den flataste garden i kommunen. Garden ligg på elveøyra ved utlaupet av Vatnaelvo. Dette er einaste området i kommunen med lausmassar av noko omfang. Etter senkinga av Ådlandsvatnet på byrjinga av 80-talet, vart det mogeleg å

dyrka opp endå meir areal på Vatna. Garden har etter våre forhold store utmarksareal med skog. (Foto:TR)

Vatna er jernaldergard, det er vanskeleg å datera han meir nøyaktig. Det er ikkje kjende fornfunn på garden. Garden var adeleg setegard i mellomalderen, fram til 1700-talet.

Garden er delt i fire bruk som har om lag same skylda, bnr. 1, 2, 4 og 5. Det gamle tunet på Vatna er der bnr. 4 er i dag. Tunet ligg innerst på flatene før vegen svingar oppover mot Øvre Økland. Våningshuset er frå 1875 og løa endå eldre. Det står også eit gammalt eldhus frå sist på 1700-talet. Eldhuset er teke med i framlegget til bygningsvernplan.

På bnr 1 står framleis våningshuset frå 1899 og den gamle driftsbygningen frå 1872. Eit bustadhus med ei veldig fin grue i underetasjen er restaurert dei siste åra.. Våningshuset og den gamle driftsbygning på bnr. 2 er frå 1870. Her er også eit gamal og særprega uthus som er påbygd i båe endar opp gjennom tidene. Deler av veggene er mura i stein. Dette huset er også med i bygningsvernplanen. På dette bruket er også ein fin eikeskog, kanskje den einaste på Stord. Bnr. 2 har dei seinare åra kjøpt storparten av bnr. 5. Tunet på bnr. 5 med nokre mål rundt, vart kjøpt av Hordaland fylkeskommune og nytta til eit sosialt tiltak ("Jentespranget"). Hovudbygningen er restaurert, og ny stall og nye uthus er bygde opp.

På vegen til Øvre Økland er det ei fint mura steinbru (bogebru) over Vatnaelvo. Ho har vore eit mykje nytta motiv både for fotografar og kunstmalarar

I landbruksplan for Stord og Fitjar er Vatna – Øvre Økland teke med som eitt av sju særs viktige landbruksområde i Stord.

*Øvre Økland, gnr. 30*



Økland har noko morenejord som er sett av attmed Vatnaelvo. Det har også vore sandtak, men det er avslutta. Garden er stor i utstrekning og eig mykje skog. Ved stølsvegen som går frå Øvre Økland til Isdal, ligg Offersteinen. Det vert sagt at det er ein gamal kultplass. Steinen har eit hol som det vart lagt offergåver i. Eit anna naturfenomen er Bukkhidlaren. Den gav ly for både folk og fe. Garden har mange stadnamn som fortel kva slags naturgjevne ressursar som fanst. (Foto:TR)

Det er tre bruk på Øvre Økland. På bnr. 1 er våningshuset frå 1905 og driftsbygningen frå 1938. Bruket har eit fint tun med mangel små uthus samla. På bnr. 2 er våningshuset frå 1921, og driftsbygningen er gamal. På bruk nr 3 står att eitt gammalt våningshus, eit utedo og fire små gardshus. Til saman dannar dei eit fint gardstun, der også bakkemurar og ein gammal frukthage er med i miljøet. Husa har stått lenge og bør absolutt takast vare på. På stovehuset er det starta restauringsarbeid, men så har det stoppa opp. Alle bygningane treng sårt til vedlikehald no, men heile tunet er så autentisk at det har ein sjølvsagd plass i bygningsvernplanen. Også bnr 1 har stor verneverdi endå om det ikkje er teke med i planen.

*Stuva, bnr. 36*

Namnet kjem av gamalnorsk stufr, stuv eller trestuv. Garden er litt kupert, med eit par markante åsar, Pontåsen og Landåsen. Tunet ligg høgt og fritt. Ikkje langt unna

ligg det gamle skulehuset på Stuva. Det er kjøpt attende av bnr. 1 og vert nytta som grendahus. Vegen Leirvik-Dale går over Stua.
I 1936 vart bruk nr. 2 skilt ut. Det gamle våningshuset på bruket er frå 1875. Ny driftsbygning kom opp i 1933. På bnr. 1 er det gamle våningshuset frå 1850 og driftsbygningen frå 1887. Begge er teke vare på etter at det kom opp nye hus. På tunet er også eit gamalt eldhus fint restaurert og vert nytta til servering (Foto: TR). Det er med i bygnignsvernplanen. Det same er det gamle stabburet i tunet.



*Lønning, gnr. 37*
Namnet har samanheng med at garden har lege noko bortgøymd, sjølv om avstanden til Leirvik berre er eit par kilometer. Tunet ligg fritt med utsyn over vatnet.

Lønning er ikkje av dei eldste gardane, han vart truleg dyrka 300-600 e.kr. Det er registrert eit fornminne, ei mindre gravrøys, som vart fjerna i samband med bygging av veganlegg.
I 1914 vart Lønning delt i to jamstore bruk. Våningshuset ("Karistova") vart høyrande til bnr. 2, medan løa vart høyrande til bnr.1. Fjosen i den gamle løa er bygd om og innreidd til kulturstove.

Namnet "Kvednadammen" tyder på at dette har vore vassmagasin for ei kvern. Lønningsstemmo er fint mura, men kverna manglar. Utlebakken (eigentleg utløebakken) har merke etter ei utløe som stod nær Ådlandsvatnet.

Den gamle bygdevegen mellom Leirvik og Dale gjekk gjennom Lønningstunet og Lønningsdalen. Vegen er lagt om i dag. Delar av gamlevegen eksisterer og kan nyttast som gang/sykkelveg.

Ein stor del av utmarka til Lønning er utbygd med bustadfelt. Det gjeld den delen av Lønningsåsen som vender mot sør, mot Leirvik.

## Teknisk utnytting av vassdrag

*Demning i Lønningsstemmo*
Demninga her har vore nytta til å samla vatn til ei kvern i bekken.

*Sagbruk/møllebruk ved Frugardselvo*
I år 1600 var det sju sager på Stord. To av desse var på Nedre Ådland. Dei må ha lege ved utlaupet av Frugardselva, der fallet var. Torbjørn Ådland seier i "Torbjørn Ådland fortel" at demninga i Frugarden frå fyrst av var ei trestem som fisken lett kunne passera. På slutten av 1800-talet kom det ei steinstem.

Den siste saga i Frugarden, ei oppgangssag, var ifølgje Stord bygdebok i bruk til ut i 1950-åra. Ho skar m.a. materialar til båtbyggeriet på Frugardsberget framom kyrkja. Kaien ved elveosen heiter Sa(g)kaien. Det er berre Sagkaien som er att i dag.

Nedre Ådlands kvern er nemnd i 1648, men er truleg langt eldre. Denne kverna vart starten på ei større mølle som vart bygd i 1870 og seinare utvida til ei moderne bygdemølle på 1920-30 talet (Frugaards Mølle). På 1950-talet vart mølla lagt ned og møllebygningen seinare riven. I dag er berre Møllebuo att, eit sjøhus på Frugardsberget som vart nytta til å ta imot kornet og skipa ut mjølet. Møllebuo er med i bygningsvernplanen. Tiendebuo, som stod ikkje så langt frå Møllebuo, er også borte (grunnmuren kan påvisast). Denne bua vart nytta til å ta imot og vega tiendekornet som bøndene var pålagde å levera til kyrkja.

***Elektrisitetsproduksjon***
T. O. Olsen åtte halvparten av fallrettane i Frugardselva. Han bygde elektrisitetsverk omkring 1907, 30-40 hk, og forsynte Leirvik med lys. Kraftverket var i drift til etter siste verdskrigen.

Vatna elektrisitetsverk vart bygd i 1912-13. Produksjonen var 105 kWa. Verket vart kommunalt frå 1918 og det vart bygd ny demning ved Ravatnet og sett inn ny generator for å auka produksjonen. Verket forsynte heilt frå starten sentrale delar av kommunen med lys. Røyrgata er borte, men ein kan enno sjå spor etter kor ho har gått.

*Fiskeoppdrett*
I Krækjen, ved den gamle lendinga, vart det i 1987 bygd eit setjefiskanlegg for laks og aure. Anlegget består av bygningar og kar. Verksemda tek inn vatn frå Ådlandsvatnet og har lukka avlaup til sjø. Verksemda har dei siste åra utvida drifta.

## Industri/skipsbygging
Skipsverven på Frugardsberget er gammal. Me kjenner ikkje kva tid båtbygginga starta her. Det vart henta mykje skipsplank og bord frå sagene eit par steinkast borte. Verven var ein stor arbeidsplass. Det er knapt spor etter denne verksemda i dag.

Etter siste verdskrigen vart det etablert ein sjoddyfabrikk på sørsida av elva, like nedom demninga. Fabrikken nytta vasskrafta, både ved direktekopling til rivemaskinen og til produksjon av el-kraft. Fabrikken vart lagt ned på 1960-talet og bygningane fjerna.

## Handel/service
I 1848 flytta Søren Vincent Hagerup våningshuset, Hagerupshuset, ut frå det gamle tunet i Frugarden, og plasserte det i Leirvik, der det står i dag. Her starta han landhandel og dampskipsekspedisjon. Seinare vart det både postkontor og telegrafstasjon i bygget. Hagerupshuset i Leirvik vart etter kvart liggjande svært sentralt i den tettstaden som voks fram frå andre halvparten av 1800-talet.

Tidleg skilte han eit par store parsellar frå det nye bruket. Mykje av utbygginga i Leirvik skjedde på desse parsellane:

- B.nr. 15 vart skilt frå i 1859 og selt til Søndre Bergenshus Amstkommune, som bygde fengsel og rettsbygning der.
- B.nr. 10 vart skilt frå i 1862 og selt til sakførar Jørgen Grundtvig Olsen. Dette er området kring Sorenskrivargarden og heile Prestlio frå Nattrutekaien til Muren, dessutan plassa Spelemannsneset, Høybyplasset og ein del av Åsplasset. Ganske snart vart større og mindre parsellar skilde ut frå dette bruket, og dei nye parsellane vart delte opp igjen. Mange av frådelingane skjedde før 1900
- B.nr. 12 vart skilt ut i 1875 og selt til sakførar Tharaldsen. I 1912 fekk Christian A. Nagell Dahl skøyte på dette bruket og bygde hotell der.



Tettstaden Leirvik vart danna av trehuskonsentrasjonen frå Hagerupshuset/Grand hotell og innover mot kyrkja. I mellomkrigstida og fram til slutten av 50-talet var dette ein kjend "stoppestad" for reisande langs kysten. Her var rikt utval av butikkar, verkstader, kafear og overnattingsstader. Dei fleste husa hadde 2 – 3 etasjar og inneheldt også bustad. Fram mot andre verdskrigen hadde Borggata frå Torget

og inn til kyrkja stort sett fått den strukturen ho har i dag. I tida etter 1940 har det skjedd stadige endringar i nedre delen av gata, medan det er gjort få inngrep i øvre delen.

Heile bygningsmiljøet i den øvre delen av Borggata er med i planen, og har fått formell vernestatus gjennom reguleringsplan frå 1997. I alt gjeld det 17 bruksnummer i denne delen av gata.


Borggata 1979 (Foto M.Krogstad)

I nedre el av Borggata vart dei fleste trehusa rivne på 1970-talet, det vart reist massive betongbygg i staden, gata fekk dermed eit anna preg, gata har bygningar frå ulike tiår, som også viser ulike stilretningar. I svingen ned til kaien ligg tre bygg ved sida av kvarandre frå første halvdel av 1900-talet, eitt av dei trehus, dei to andre murbygningar. Desse er regulert til spesialområde vern gjennom reguleringsplan for Øvre Borggata R 65 1997.

Det er også Hagerupshuset, som vart flytta frå Frugarden i 1848. Ved sida av Hagerupshuset ligg gamle Grand hotell, det stod ferdig i 1889 i flott sveitserstil. Det meste av sveitserdetaljane er borte, men hovudforma på bygget er intakt. Huset er bygt på grunnen til det første gjestgjeveriet i Leirvik og her var den gamle tingstova. Saman med Rådhuset representerer dei ein viktig del av identiteten til Vikjo.

Av nyare bygg er Sparebankbygget frå 1981 teke med i planen. Det same er Frugårdsbygget frå 1950-åra. Det vart bygt som bakeri/konditori, seinare har det vore postlokale og ulike forretningsverksemder der. I dei siste åra har det vore restaurant og overnattingsstad.

Hamna var ein vesentleg del av tettstaden, og sambandet mellom gata og hamna var viktig. Båtane mellom Stavanger og Bergen hadde faste stopp i Leirvik, det same hadde kystruta mellom Oslo og Bergen. I om lag 30 år frå 1945 gjekk M/S Sunnhordland i rute mellom Bergen og bygdene i Sunnhordland. På Leirvik la han til ved bryggja på Naustneset, og her vart Sunnhordlandskaien bygt. Ekspedisjonsbua på kaien er riven og erstatta med eit forretningsbygg med moderne form. Arkitekt er Svein Halleraker ved Link arkitekter. Bygget er teke med i framlegget til bygningsvernplan.

Nordre kaisving fører frå Borggata ned til Nattrutekaien. Her er det er bratt frå gatenivået og ned til kaien, og det vart mura opp ein fin mur og plassert stabbesteinar og rekkverk oppå. Denne gatestubben med stabbesteinar og rekkverk er regulert til føremål vern.

## Bustadbygging

Dei første bustadene i Leirviksområdet kom langs vegen inn til kyrkja og var slik med på å danna gateløpet som etter kvart vart Borggata. Dei fleste av desse bygga var kombinerte nærings- og bustadbygg med butikk eller verkstad i første høgda og husvære i andre/tredje. Prestlio og Ingebrigtshaugen var meir reine bustadmiljø, Prestlio alt før 1900, Ingebrigtshaugen i første halvdelen av 1900-talet. Både Prestlio og Ingebrigtshagen er med i planen og vart regulert til spesialområde vern i 1997. Det same gjeld villamiljøet i Åsringen like opp frå Borggata. I litt større avstand frå sentrum vart det bygd meir villaliknande hus med store hagar: Bandadalen,

Lyhaugen, Sæ. Også i Døso, frå kyrkja og innover til Hystad vart det tidleg skilt frå tomter til bustadbygging, på begge sider av den "nye" vegen mot Rommetveit.

Deler av desse områda er seinare fortetta, og det er komme meir tettbygde og regulerte bustadfelt. Mange av husa nær Leirvik er staselege hus med fine, gamle hagar. Desse er kulturhistorisk verdfulle, og ein bør vera varsam med vidare fortetting i desse miljøa.

Lønningsåsen vart bygd ut med bustadfelt på frå sist på 50-talet. Seinare kom Orrebrotet, Studalen og Hadlabrekko, alle i garden Lønning si utmark. Desse områda ligg mellom E39 og Leirvik. I sør grensar områda til Bandadalen.

Stord bustadbyggelag, STOBO, har oppretta mange burettslag, det første var Åsen (Lønningsåsen) i 1958. I Leirviksområdet vart rekkjehusa på Trudvang bygde i 1962, Orrehaugen i 1973, Åsmyra i 1981 og Hadlabrekko i 1985. Hadlabrekko burettslag er teke med i bygningsvernplanen. Det inneheld 44 frittliggjande einebustader med garasjar.

I første delen av 1900-talet var det ein del frådelingar til bustadbygging Ådlandsvegen. Ovanom denne vegen kom det på 70-og 80-talet talet fleire store bustadfelt, som Skyttarhaugen, Ådlandslio, Olvikvegen, Brendehaugen, Storehaugen. På 90-talet kom Ådland Nord.

## Offentleg utbygging



*Fengselsbygningen og rettsbygningen* på høgda over Vikjo vart dominerande landemerke då dei stod ferdige i 1863 – 64. Og dei var med på å gjera Leirvik til ein småby. I hundre år var fengslet i drift, og rettsbygningen har i tider også tent som kommunestyresal. Det at det var fengsel og rettsbygning på staden var kanskje grunnen til at fleire sakførarar slo seg ned på Leirvik. Den offentlege utbygginga var med på å gjera Leirvik til eit sentrum også for handel og tenesteyting.

Om lag samstundes med at det vart bygt fengsel og rettsbygning i Leirvik, kjøpte staten Kårevik til sorenskrivargard. Men i 1912 vart det vedteke at også sorenskrivaren skulle halda til på Leirvik. Kårevik vart seld, og staten kjøpte eigedommen til sakførar Jørgen Grundtvig Olsen like nord for fengselet til sorenskrivarkontor. Huset som var bygt i 1862, vart då totalt ombygt.

I 1892 kjøpte Stord kommune grunn i Leirvik og fekk bygd det første kommunehuset, *Tingvoll*. Huset vart nytta til kommuneadministrasjon og møtestad for kommunestyret heilt til nytt Rådhus stod ferdig. Også folkebiblioteket hadde i ein periode lokale her.

Då Rådhuset skulle reisast først på 1960-talet, måtte to kjende bygningar på Leirvik rivast, Tesalongen og Apoteket. Men Rådhuset skapte ei klår grense mot Torget på eine sida og Borggarden på andre sida. I mange år gav Rådhuset lokale til to bankar og apoteket. Også interiøret i Rådhuset er verdfullt, kommunestyresalen og formannskapsalen er uendra, og dei bør takst vare på utan store endringar.

*Årland kyrkje* vart bygd som ei stor steinkyrkje i angelsaksisk stil i mellomalderen. Ho vart riven 1855. Ein del av inventaret er teke vare på, men mykje kom bort. Ein del av den hogde natursteinen vart brukt i grunnmuren til den nye kyrkja. Den nye kyrkja vart bygd med tårn og ført opp i teglstein. Teglsteinen var av så dårleg

kvalitet at nybygget tok skade av regnværet. I 1864 vart det gjort vedtak om å bordkle kyrkja. Kyrkja vart restaurert til hundreårsjubileet i 1957 og stod då fram slik ho står i dag.



*Furuly - helseheim og sjukehus*
Naturlege Ole Olvik bygde Furuly helseheim på ei stor tomt han kjøpte av Orninggard i 1908. Helseheimen vart seinare omgjort til spesialsjukehus for revmatisme. Stord kommune og seinare Fylkeskommunen overtok eigedomen og bygde nytt sjukehus på slutten av 60-talet. Sjukehuset har seinare fått fleire tilbygg og nye frittståande bygg (Foto: BN). Mellom anna vart det bygd legebustader, sjukepleiarskule og studentinternat (eiga stifting). Staten har no overteke sjukehusdrifta. Sjukepleiarskulen er flytta til Høgskulen Stord-Haugesund på Rommetveit. Det siste nye bygget er psykiatribygget som stod ferdig i 2005.
På ein del av den gamle Furuly -eigedommen var det "piledammar" og utandørs solingsareal med treveggar rundt. Desse anlegga er borte, og arealet er i dag nytta til barnehage.

I landsverneplan for helseforetak er det gjort framlegg om å freda store deler av sjukehusområdet. Verneplanen gjeld noverande administrasjonsbygning frå 1908, vaskeri/trafobygg frå 1908/1930, hovudbygget frå 1970, teknisk sentral frå 1970, personalbustadene frå 1970 og det som er att av det gamle parkanlegget og uteområdet mellom bustadene og ulike deler av sjukehusanlegget. I framlegget til kulturminneplan vert det same området teke med.

## FERDSEL OG FERDSELSÅRER

Den gode hamna har hatt mykje å seia for Leirvik si utvikling til ein tettstad. Hamna har blitt eit naturleg knutepunkt for passasjertrafikken mellom Bergen og Stavanger.

Kyrkja er plassert slik at ho lett kunne nåast med båt, men også dei første vegane hadde kyrkja som endepunkt, kyrkjeveg for presten og sorenskrivaren..

Fyrste offentlege vegen i kommunen gjekk frå kyrkja i Frugarden, over Valdai og til prestagarden på Tyse. Vegen vart bygd i 1850-åra. Delar av vegen er synleg i dag og han er regulert inn som gangveg over golfarealet på Tyse. Traseen til vegen, som vart kalla Valdaivegen, er med i kulturminneplanen.
I 1868 vart det bygd offentleg køyreveg mellom Sørbygdo og kyrkja. Vegen gjekk gjennom Leirvik, og det kom køyrebru over Frugardselvo. Den gamle "Møllebruo" er i bruk framleis. Tettstaden Leirvik har vakse fram langs denne vegen. Tidleg på 1900-talet vart vegen frå Leirvik opp til Vikastemmo lagt om, før det gjekk han lågare og nærar Vikabekken. Restar etter den gamle traseen viser i terrenget, og er med på å gjera heile strekkja langs Vikabekken til eit interessant kulturminnemiljø.

Fram til 1982 gjekk riksvegen mellom Stavanger og Bergen gjennom Leirvik med ferjelem ved Naustneset. Då hovudvegen vart lagt utanfor sentrum i 1982, vart Sævegen utfartsveg, og Borggata sin funksjon som hovudtrafikkåre tok slutt. På mange måtar endra det sentrum, og i 1990- åra vart nedre delen av Borggata gjort om til gågate.

Vegen mellom nedre og øvre Ådland er gammal. Men til Vatna har Ådlandsvatnet vore viktigaste ferdselsvegen gjennom mange hundre år. Først i 1880-åra vart vegen mellom Saneskvilet og Vatna bygd . Om lag ti år seinare vart vegen lengd til Øvre Økland. Vegen vart ført vidare opp Vatnadalen i samband med bygging av kraftstasjonen der i 1918. Der vegen kryssar elva inst på Vatna er ei vakkert mura steinbru. Fleire stader langs Vatnadalsvegen er det rekkjer med stabbesteinar. Steinbrua er med i kulturminneplanen.

Fjellgardsvegen, dvs. vegen frå Frugarden over Ådland og Saneset til Fjellgardane og Førland, kom også på 1870-talet. Saneskvilet er ein kjend kvileplass langs denne vegen.. Den nye traseen for vegen frå kyrkja til prestagarden over Hystad var ferdig før 1900. Han var flatare og rettare enn den gamle vegen over Valdai.

Vegen over Ådland vart utvida i samband med utbygging av nye bustadfelt der på 70-talet. Skyttarhaugsvegen opna store utbyggingsområde i austleg retning. Seinare kom det butikk, sjukepleiarskule og studentheim.

Vegen til Litlabø vart bygt sist på 1800-talet dermed kom det veg også til Lønning, Stuva, Kannelønning og Nedre Litlabø. Då E39 vart bygt nordvest for Leirvik vart traseen til Litlabøvegen lagt noko om. Den gamle traseen går over Kattatveit og forbi garden Lønning. Nordsjøsykkelløypa nyttar denne traseen, og denne vegstubben vert tatt med i planen.

På 1980-talet vart det gjennomført eit stort vegprosjekt på Stord. Stamvegen over øya, europaveg 39 (Kystsamvegen), går m.a. over gardane Lønning, Orninggard, Øvre Ådland og Nordre Tveita. Ei stor bru, Ådlandsbrua, vart bygd ved utlaupet av Ådlandsvatnet, der Frugardselva startar. Det gamle husmannsplasset Gamlalio vart borte. Den nye vegen utanom Leirvik var nødvendig fordi sentrum var i ferd med å kvelast av bilar. Men omlegginga har ført til at Vikjo ikkje på same måte som før er ein småby alle må innom som reiser langs kysten. Mange resier no ofte over Stord utan nokon gong å komma innom Leirvik.

## ENKELTOBJEKT OG KULTURMILJØ
## Kulturminne knytt til jordbruk

### *Gardstun Orninggard, Gnr 27, bnr. 1*
Dette er det gamle tunet i Frugarden. Fram til 1648 låg tunet til prestegarden her, og også heile 1700- og 1800 talet budde det kondisjonerte her. I 1848 vart hovudhuset i Frugarden (Hagerupshuset) teke ned og flytta ut til Leirvik der det står i dag. Tunet omfattar våningshus, borgstova, eit stabbur og eit uthus/vedhus. Desse fire bygga er med i bygningsvernplanen, men heile området mellom Furulyvegen og Ådlandsvegen til litt nordom løa og Løhaugen utgjer eit kulturlandskap som er tatt med i planen. (sjå nedanfor). I dette området må ein vera varsam med nye utbyggingar. Tunet og heile miljøet omkring er i god stand og eigarane held det godt ved like.

### *Gardstun Ådland, gnr 28, bnr 4 og 5*
På bruksnummera 4 og 5 er det enno att mange element frå den tida det vart drive aktivt jordbruk på garden. Eit eldhus og ein staursilo på bnr 5 er med i bygningsvernplanen som enkeltobjekt. Men i kulturminneplanen er også teke med

kårhuset på bnr 5og våningshusa på bnr 4 og bnr 1. Husa er med på å skapa eit kulturminnemiljø som ein bør verna om.

***Husmannsplass Ådland, bnr 2, Saneset***
Husmannsplasset Saneset (bnr 2) inneheld det gamle våningshuset frå midt på 1800-talet og fleire små uthus. Ole Olsson Sagenes fekk skøyte på dette plasset i 1872. Han var kjend som ein dugane rosemålar og kjøkemeister. Det er komme nytt våningshus, men heile eigedommen er eit fint døme på eit gammalt husmannsplass.

***Sauefjøs og eldhus på Vatna. Gnr. 29 , bnr 2 og 4***
Uthuset/sauefjøset på bnr 2 og eldhuset på bnr 4 er teke med som einskildobjekt i bygningsvernplanen. Sauefjøset er spesielt, fleire enkeltbygg med ulike materialar og byggemåte er sette saman til eitt bygg. Eldhuset på bnr 4 er gammalt, truleg frå 1700-talet (Foto: TR). På bruket, som ligg der det gamle tunet var, er i nyare tid reist eit stort reiskapshus med grindverkskonstruksjon, for å illustrera denne byggeteknikken. Vatna er gammal adelsgard, og landskapet er særmerkt på Stord.



***Gardstun Øvre Økland, gnr 30, bnr 3***
Alle bygningane på bruk nr 3 er teke med i bygningsvernplanen som einskildbygg og som deler av eit miljø. Dette tunet har stor autentisitet, bygningane står slik dei stod, og området mellom og rundt bygningane er heller ikkje endra. Dette er eit miljø det er viktig å ta vare på. Diverre kan det synast å vera litt til forfalls, slik at det hastar med å setja i gang tiltak her. Tunet inneheld stovebygning, vedskjul, eldhus, stabbur, utedo og stall/verkstad (Foto TR). Det er mur etter løa, dessutan bakkemurar og ein gammal frukthage.



Også bnr 1 har eit fint bygningsmiljø. Det er ikkje teke med i planen, men bør takst vare på slik det står.

***Stabbur, eldhus og jordkjellar på Stuva, gnr 36, bnr 1***
På bnr 1 er eit stabbur og eit eldhus teke med i bygningsvernplanen. Begge bygningane er truleg frå 1700-talet og fint restaurerte. Her er også ein jordkjellar med overbygg. Heile tunet er eit verdfullt kulturminnemiljø.

***Løe på Lønning, gnr 37, bnr 3***
Løa med fjøs er omgjort til lokalt kulturhus/galleri og er teken med i bygningsvernplanen. Vegen frå Leirvik til Litlabø gjekk tidlegare gjennom tunet. I dag er han gang/sykkelveg. Vegen er med i kulturminneplanen.

## Teknisk utnytting av vassdrag

***Demning i Lønningsstemmo***
I austre enden av Lønningsstemmo er det ei fint mura demning. Det har vore ei kvern nedanfor demninga, men den er borte i dag.

***Demning i Frugardselvo. Møllebuo***
Fallet frå Ådlandsvatnet til sjøen i Frugarden har i hundrevis av år blitt utnytta, til kvern, sagbruk, mølle og anna. Sjølv om det er lite att som viser dei tidlegare verksemdene, er demninga her eit viktig kulturminne. Møllebuo er sjøbu i to etasjar, brukt til å ta imot korn og til lagerplass og utskipingsplass for mjøl. Under krigen var det gøymt ein radio på loftet.

***Demning ved Ravatnet.***
Det første kommunale e-verket var Vatnaverket som kommunen kjøpte i 1918. Det var brukarane på Vatna som hadde bygt verket i 1912-13. Demninga i enden av Ravatnet, høg og vakkert mura i stein, vart bygt då kommunen utvida verket etter overtakinga.

## Handel/service

***Trehusmiljø, handelsmiljø i Øvre Borggata***
På begge sider av vegen innover mut kyrkja vart det på slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet bygd forretningsbygg som samstundes tente som bustader. Etter tradisjonen vart det stort sett bygt i tre, og sveitserstilen var dominerande.. Det er naturleg nok ulik kvalitet på bygningane, men saman er desse bygga med på å skapa eit interessant miljø med stor historieforteljande verdi. Nokre av bygga er fint restaurerte, medan andre er merkte av manglande vedlikehald. Det er viktig at dette kulturminnemiljøet vert halde godt ved like og at det vert brukt. Men alle endringar må gjerast med varsemd, det skal lite til før det autentiske inntrykket som gata gjev i dag, vert borte. I reg,plan R 065 Øvre Borggata er dette området regulert til spesialområde vern. Det verna bygningsmiljøet omfattar 17 bruksnummer. I dei siste åra har fleire og fleire blitt gjort om til reine bustadhus. Det gjeld også det gamle kommunehuset. Slik blir gateløpet og bygningsmiljøet bevart, endå om aktiviteten knytt til bygningane og gata har endra seg mykje. Sjå elles omtale i bygningsvernplanen.

***Frugårdbygget***
Bygget som ligg i krysset Borggata – Jens Hystadvegen er frå 1950-talet. Det har hatt ulik bruk fram gjennom åra, i dag er det serverings- og overnattingsstad. Bygget er med i bygningsvernplanen.

***Torget – Sparebankbygget***
Sparebanken Vest sitt bygg er frå 1981 teikna av arkitektfirmaet Holmedal & Husum og bygt i teglstein med store glasflater. Rådhuset og Sparebankbygget avgrensar på kvar si side Torget, som kommunestyret har peika ut som kommunen sin tusenårsstad. Det er laga planar for opprusting av Torget, som enno ikkje er realiserte, men ved tilrettelegging av Torget vil omsynet til bygga rundet vera viktig. Sparebankbygget er regulert til vern gjennom R 065 Øvre Borggata. Sjå elles omtale i bygningsvernplanen.

***Hagerupshuset***
Huset er bygt ein gong mellom 1750 og 1770. Det vart flytta frå Frugarden i 1848. Huset har hatt mange funksjonar, men var gjennom mesteparten av 1900-talet bustad for familien Hagerup. Stord kommune kjøpte huset i 1982. Det vart restaurert på antikvarisk god måte, og er i dag eldresenter. Huset er sikra formelt gjennom reguleringsplan.

***Forretningsbygg Søndre Kaisving***
Ved sida av kvarandre ligg tre bygg frå første ti-åra av 1900-talet, som samla utgjer eit svært verdfullt bygningsmiljø. Alle tre er regulert til vern gjennom reguleringsplan frå 1997. Dei tre bygga er Hellands-huset, ein fin jugend-bygning frå 1927, Borgen,

truleg frå 1912, fint restaurert og eit forretningsbygg nede på kaiplanet med ei litt særprega form.

***Sunnhordlandskaien***
I 1995 vart den gamle Hauglandsbua riven, og Stord kommune bygde nytt forretningsbygg. Bygget har fått ei spesiell utforming og er teke med i bygningsvernplanen.

## Bustadmiljø

***Villamiljø i Åsringen.***
Bygningsmiljøet inneheld tre villaer frå tidleg på 1900-talet, alle med store hagar. Heile dette området er verneverdige. Sjå omtale i bygningsvernplanen.

***Trehusmiljø/Bustadmiljø i Prestlio***
Dette kulturminnemiljøet inneheld 8 bruksnummer. Det er regulert til spesialområde vern gjennom reguleringsplan R 065 Øvre Borggata. Bygningane vart reiset siste delen av 1800-talet og tidleg på 1900-talet. Sjå elles omtale i bygningsvernplanen.

***Trehusmiljø/bustadmiljø på Ingebrigtshaugen***
Miljøet inneheld sju bruksnummer. Dei fleste husa er små med små hagar. Dei fleste husa er reiste emllom 1915 og 1920. Miljøet er i R 065 for Øvre Borggata regulert til spesialområde vern. Sjå elles omtale i bygningsvernplanen

***Hadlabrekko burettslag***

I Studalen, gnr 37 etablerte STOBO i 1985 Hadlabrekko burettslag som inneheld 44 frittliggjande bustader med garasjar. Arkitekt er Holmedal og Husum. Buområdet er tett og særprega med god terrengtilpassing. Det er nært sentrum og har også kort veg til friområde.

## Offentlege bygg og anlegg

***Rådhuset***
Rådhuset stod ferdig i 1965. arkitekt er firmaet Torgeir Alvsaker og E. Vaardal – Lunde. Huset er i dag eit viktig element i sentrum, i forhold til Torget, Borggarden og Torgbakken. Bygget er stilreint og funksjonelt. Også i framtida bør huset ha ein dominerande plass i sentrum. Rådhuet er med i bygnignsvernplanen.

***Fengslet og rettsbygningen.***
Stord kretsfengsel med rettsbygningen var ein av dei første store offentlege bygningane i Leirvik, bygt i 1863-64, teikna av arkitekt Schiertz. Bygningane er lett synlege på høgda over gata og er lett synleg i bybildet. Bygningane er i dag sette i god stand, etter at dei på 1980-talet var truga av rining. I dag er dei nytta til restaurant. Bygningane er regulerte til spesialområde vern (R 065 Øvre Borggata) Sjå elles bygningsvernplanen.

***Sorenskrivarbygningen.***
Sorenskrivargarden ligg nord for Fengslet, på andre sida av vegen. Den eldste delen av bygget er frå 1862, bygt av sakførar J. Olsen. Då staten kjøpte eigedommen i 1912, vart huset totalt ombygt. I 1997 vart hovudhuset restaurert, arkitekt var Maurseth og Halleraker. Bygget er verna gjennom R 065 Øvre Borggata. Sjå elles bygningsvernplanen.

### *Stord kyrkje*
Kyrkja som vart reist i 1857, vart teikna av ein teolog, kandidat Grønning. Men han døydde og ved sjølve bygginga var Stockfeldt frå Bergen arkitekt.. Stord kyrkje vart restaurert i 1955-57. Trekledningen vart teken bort og veggene pussa og måla. Tårnet fekk nytt og høgare spir. Innvendig vart sidegalleria fjerna og kyrkja vart nymåla og dekorert på nytt. Det kom nytt orgel. Kyrkja stod fram som ny ved hundreårsjubileet i 1957. I 2008 vart det igjen gjort ein del reparasjonsarbeid på taket. Kyrkja med området rundt og gravplassane utgjer eit fint kulturlandskap som må bevarst slik det er.

### *Stord sjukehus*
Stord sjukehus med omliggjande område utgjer eit viktig kulturminnemiljø. Dette er området for gamle Furuly Helseheim, og eitt av bygga frå den første byggeperioden i 1908 står att. Avgrensing av verneområdet går fram av vedlagt kart. I 2007 fekk Statsbygg utarbeidd ein landsverneplan for helsesektoren, der det vert gjort framlegg om vern av store deler av Stord sjukehus. Den kommunale kulturminneplanen følgjer denne planen.
Bygget frå 1908, noverande administrasjonsbygg er med i vereplanen. Det same er bygget frå 1970 og legebustadene og søsterheimane omkring. Til saman 12 bygningseiningar er omfatta av verneplanen.

## Fornminne

### *Gildeskålsbakken*
På breidda ved Frugardselva – restar etter gammal hustuft som kan vera frå mellomalderen. Tufta teiknar seg som låge jordvollar med eit ytre mål på om lag 8 x 8 m. Tufta ligg på ei lita flate på vestsida av Frugardselva om lag midt mellom Ådlandsvatnet og sjøen. Ein del av tufta vart utgraven i 1959 av Egil Baka og Svein Ove Agdestein. Dei fann eit golv av småheller og nokre rustbitar. I det austre hjørnet ligg ein stor hump av stein og jord som kan vera ein samansigen røykomn.

## Kulturlandskap- parkar

### *Vidsteenparken- Sunnhordland museum*
Dr. Christian Bang Vidsteen kjøpte tre parsellar frå bnr 16 og kalla området Furulund. Då han døydde, gav han deler av eigedommen til Leirvik Brand- og bygningskommune på visse vilkår. Nokre år etter gav enkja Birgitte resten av den store eigedommen. Det vart knytt vilkår til gåva, m.a. at dette skulle vera ein park for folk i Leirvik – Dr. Vidsteens Minde. Vidsteenparken ligg i høgdedraget frå Sorenskrivareigedommen og opp mot Ås Parken er på ca 15 mål og inneheld i det vesentlege furuskog med innslag av bøk og kristtorn. Sunnhordland museum fekk tilhald for sine bygningar i parken og har fram gjennom åra flytta stadig nye bygningar til parken samstundes som administrasjons-, verkstad- og magasinbygningane er blitt utvida. Kommunen har bygt ein musikkpaviljon i nordaustre hjørnet av parken. Det kan vera aktuelt å gjera nye mindre inngrep for å gjera det lettare å bruka parken til offentlege tilstellingar. Men det må ikkje gjerast inngrep som bryt med dei vilkåra som er knytte til overdraginga.

### *Nordre kaisving (Baard Hauglandsplass).*
Dette er ein liten opparbeidd park ved Nattrutekaien med statue av Bård Haugland og sitjebenker. I 2004 kom det også opp ein minnestein etter kystruteskipet Austri sitt forlis. Langs vegen er det ei fin rekkje med stabbesteinar. Sjølve vegstubben her med den høge steinmuren, stabbesteinane og rekkverket er regulert til vern gjennom reg.plan R 065 Øvre Borggata. Heile området her, som også representerer eit viktig gløtt frå Borggata mot sjøen, bør regulerast til spesialområde vern.

***Frugarden***

Type/storleik/eigarstatus:
Frugarden er eit sentralt historisk område. Her har vore kyrkjestad frå middelalderen og her var tunet på prestegarden fram til 1648. Frugardselva med fossen har til alle tider trekt til seg næringsaktivetar.

Området er på ca. 50 da. Avgrensinga går fram av kart.

Frugarden ligg på garden Nedre Ådland, seinare kalla Orninggard etter adelsætta Orning som sikra seg garden i 1648. Seinare vart tunet kalla Frugarden, då det budde fleire fornemme fruer her. Frå sist på 1700-talet var her eit godt utvikla hagebruk med m.a.frukttre.
Ved Frugardselva har det vore to sager og ei mølle. På berget framfor kyrkja står Møllebua som teken med som einskildobjekt i bygningsvernplanen. I stranda stod også Tiendebua fram til 1970-talet. Det var der bøndene leverte kyrkjetienden. Der det i dag er parkeringsplass var det heilt fram imot 1920 byggeplass for båtar på opp til 1000 tonn.

Fleire viktige einskildobjekt er borte , men dei er likevel med på å gje historie til plassen:

- Gildeskålen. Grunnrisset av noko som kan vera ein bygning viser i terrenget, men er ikkje utgrave. Det er blitt spekulert i om Ådlandsstova, som i dag står ved Sunnhordland Museum kan ha vore den gamle Gildeskålen.).
- Den gamle steinkyrkja frå mellomalderen vart riven i 1857. Noko av inventaret er i Bergen Museum.
- Skipsverven
- Frugaards Mølle og to sager
- Hagerupshuset, flytt til Leirvik i 1848
- Tiendebuo

Likevel, det historiske arealet er i hovudsak intakt og så også fleire objekt med kulturhistorisk interesse:

- Møllebuo på Frugardsberget
- Kyrkja frå 1857, restauret i 1957.
- Kyrkjegardane (Austre og Vestre gravlund)
- Kulturlandskapet med steingardar, bakkemurar og store lauvtre
- Det gamle tunet med ein del bygningar
- Naustmiljø (3 naust)
- Den gamle brua der Frugaards Mølle stod
- Starten på Prestavegen, opp mot Gjerdet
- Stebmareset, lendingsplass for båtar og tømmer ovafor demninga i Frugardselvo
- elvedemning, elveforsterking, tersklar og laksetrappa

I dag er det også komme reinseanlegg for kloakkutslepp der elva renn ut.

Potensiale og utfordringar
Dersom Frugarden i framtida skal sikrast som kulturhistorisk område, eventuelt i kombinasjon med park og nytt gravareal, er det mange ting å ta tak i som kan auka området sin attraksjonsverdi:

- generell oppgradering av området, bygningar og uteareal
- laga informasjonstavler
- Gildeskålsbakken kan gravast ut og merkast
- Tiendebuo – kan det setjast opp ein kopi (det finst bilete) ?
- Skipsverven, Frugaards Mølle og dei to sagene bør merkast med infoskilt der dei stod. Eventuelt også Hagerupshuset.
- Steingardane, Prestavegen og Møllebruo bør restaurerast og merkast.

Mogelege nye tiltak som ytterlegare kan auka området sin verdi:

- Etablera eit lite arboret som viser korleis dei store lauvtrea planta i Frugarden på 1800-talet har spreidd seg i dag. Ein haug ovanom Vestre gravlund vil truleg eigna seg godt.
- Etablera ein visningshage for hagebruket og frukthagen i Frugarden på slutten av 1700-talet. Det finst opplysningar om kva som vart dyrka av grønsaker, frukt og urter. Tilsvarande er gjort ved Baroniet i Rosendal frå same tidsbolken, og det vil truleg vera mogeleg å skaffa mange av dei gamle sortane derifrå.
- Informasjonssenter (biletsamling m.m.).

***Naturformasjonar det knyter seg særlege tradisjonar til:***

– Offersteinen på Øvre Økland ligg ved stigen som går mellom Øvre Økland og Isdal. Det er ein stor stein med ei hole på toppen. Den har blitt nytta til å leggja smågodt på garden i, for å halda dei underjordiske i godt lune.
– Saneskvilet. Dette er ein gammal rasteplass om lag der Vatnadalsvegen tek av frå Fjellgardsvegen.
– Eikeskogen på Vatna. På bruk nr 2 på Vatna er den einaste samanhengjande eikeskogen på Stord

## Ferdselsårer

***Gammal steinbru over Vatnaelvo***
Rekkje med stabbesteinar i svingen ved steinbrua.
Brua er laga då det vart laga veg innover Vatnadalen i samband med utbygginga av kraftverket der. Brua eer eit særsv verdfullt kulturminne. Ho er også eit kjært miotiv form mange lokale kunstnarar (Foto: BN).



***Den gamle Prestavegen, Valdaivegen.***
Vegen fylgjer Furulyvegen frå kyrkja over Gjerdet, forbi Sjukehuset, og derifrå til Hystad skule. Vidare følgjer han Kleivane fram til prestagardenHeile vegen frå kyrkja og fram til Prestabryggjo på Rommetveit er med i planen. Vegen bør merkjast som turveg.

***Gamle Litlabøvegen***
Den gamle Litlabøvegen tek av frå Sævegen der avkjørsla til Knutsåsen aldersheim er. Han går forbi Kattatveit og inn til Lønning, gjennom tunet på Lønning og kjem inn på Litlabøvegen på nordsida av E39. Då Nordsløsykkelløypa gjennom Stord skulle merkjst, vart denne traseen valt fordi ein då slepp å kryssa E39. Vegen er eit fint kulturnminne, grunneigaren har sagt seg villig til å la han vera open, men ser gjerne at kommunen er med på å rusta vegen opp.

## 6.5. Frå Leirvik til Digernes

### *Topografisk og historisk utgangspunkt*

### *Korleis landskapet er teke i bruk og forma*

*Jordbruk*

Gardsområdet Nordre og Søre Bjelland – Høyland – Søre Tveita – Langeland – Eldøy
Gardsområdet Kårevik – Horneland – Hatland – Byrkjeland – Hornelandsvågen – Grindavikjo – Føyno – Digernes

*Industri*

Skotabergsido
Kjøtteinen
Eldøy mekaniske verkstad

*Handel/service*

Næringsområdet Vabakkjen
Heiane næringsområde
Næringsområde Legene/Saghaugen

*Bustadbygging*

*Offentlege bygg - forsamlingshus*

Skrivargarden i Kårevik
Horneland bedehus
Skule – og idrettsanlegga på Vikahaugane

### *Ferdsel og ferdselsårer*
### *Enkeltobjekt og kulturminnemiljø*

*Kulturminne knytt til jordbruk*

Søre Tveita
Langeland
Kårevik, husmannsplass

*Kulturminne knytt til sjøbruk*

Naustmiljø Føyno
Fortøyningsfeste Digernessundet

*Teknisk utnytting av vassdrag*

Vikastemmo/Vikabekjen
Demning for kvern, Byrkjeland
Fundament for lysmast, Valvatna

*Bergverk*

*Handverk/industri*

*Offentlege bygg og anlegg*

*Fornminne*

*Kulturlandskap*

Søre Bjelland – Høyland – Søre Tveita - Langeland
Digernes
Føyno

*Materielle krigsminne*

*Ferdselsårer/kommunikasjon*

## TOPOGRAFISK OG HISTORISK UTGANGSPUNKT

Den sørlegaste kyststripa av Stord vender ut mot Bømlafjorden og Klosterfjorden. Kystlinja er sundskoren av ei mengd bukter og vikar med nes og knausar imellom. Mellom landet og dei mange øyane går smale og breiare sund.

Det går mykje skipstrafikk nord-sør både på austsida og vestsida av Stord. Bømlafjorden fører innover mot dei indre bygdene av Sunnhordland og mot Hardangerfjorden. Området mellom Føyno og Leirvik er såleis svært sentralt når båt er framkomstmiddelet. Innanfor Eldøyane, i Kåravikjo og ved Eldøysjøen er hamnetilhøva gode. Difor er det også naturleg at Eldøyo vart tollstad for Sunnhordland (Todlarneset). Også Leirvik har gode hamneforhold og har vore ein sentral plass heilt frå 1600-talet.

Innover frå vikane ligg små område med dyrkbar jord mellom knausar og åsar. I nord vert landområdet avgrensa av E39 og i aust av skifta til Lønning og Orninggard.

I dette området har arkeologane funne dei eldste fara etter menneske på Stord. Utgravingar i samband med arbeidet med Trekantsambandet og ny vegføring for E39 avdekka buplassar frå både eldre og yngre steinalder. Funna er gjort i det som for 9-10 000 år sidan var strandlinja - i Djupadalen der Valvatnavågen gjekk inn, i Hillersvikjo, Stølshaugen og Digernesklubben. Også på Føyno og Nautøyo, på Byrkjeland og i Grindavikjo er det gjort steinalderfunn.

Ei årsak til at det i denne delen av kommunen er funne så mange steinalderfunn, kan vera at det her er grave mykje i naturlege funnområde. Andre grunnar kan vera at landskapet gav særs gode tilhøve når fiske og jakt var næringsgrunnlaget og at det var dei ytste stroka som først vart isfrie.

I Sandåkerhaugen på Langeland, mellom gamle Eldøyvegen og Verftsvegen, vart ein gravhaug frå folkevandringstida utgraven i 1885. Midt i gravhaugen er det i dag plassert ein transformator. På Langhaugen er det funne ei mannsgrav, truleg frå eldre jernalder. I Eikehaugen litt opp for Eldøysjøen ligg mellom eiketrea ei samling av fire gravminne som kan vera frå eldre jernalder.



Tingvikjo på Føyno er truleg den eldste tingstaden i kommunen. På ei grasslette litt opp frå stranda ligg tufta av eit hus. C14 dateringar har tidfesta det til 970 - 1020. Inne i Kåravikjo ligg ei nausttuft, om lag 35 x11 m, som er datert til vikingtida (800-1000). Tufta er no komme inn i ein privat hage. Kanskje var dette leidangsnaustet til Kåravikjo skipreide, som alle gardane på Stord og Bømlo høyrde til. Då stordokken til Aker Stord vart bygd i Killingvikjo i 1957, vart det grave fram tufter etter eit naust frå folkevandringstida. Både i nordenden og i sørenden av Killingvikjo er det funne gravrøyser frå eldre jernalder. Frå vika og opp til tunet på Bjelland er det funne åtte gravrøyser frå eldre jernalder. Dei ligg langs den gamle sjoarvegen. Den eldste, Storehaugen, ligg like sør for Verftsvegen. (Foto Tingvikjo: TR )

## KORLEIS LANDSKAPET ER TEKE I BRUK OG FORMA

Dette er det området i Stord kommune som har vore utsett for den tyngste utbygginga. I dei siste 50 åra har menneska gjort større naturinngrep her enn i dei føregåande 10 000 åra til saman. Fem typar utbygging er dominerande:

– Jordbruk

- industri
- handel/service
- bustadbygging
- ferdselsårer

## Jordbruk

Frå gammalt er det i denne delen av kommunen to dominerande gardsområde med Bjelland og Horneland som sentrum i kvar sitt. På begge desse to gardane er det gravminne frå eldre jernalder.

Jordbruket set enno merke på landskapet. Dei gamle gardsstrukturane er synlege, sjølv om dei mange stader er brotne sundt av vegføringar og industrianlegg. Driftsvegen til fjellbeita for gardane i Sørbygdo gjekk gjennom Skipåsen/Landåsen til Stua og Øvra Økland og derifrå opp Vatnadalen og på vestsida av Ravatnet.

***Gardsomådet Nordre og Søre Bjelland – Høyland – Søre Tveita – Langeland – Eldøy***

Gardsområdet til Bjelland har strekt seg frå sjøen og innover øya. Det eldste tunet har truleg lege der tunet til bnr 3 på Nordre Bjelland ligg i dag.

Store deler av Nordre Bjelland er bygt ut etter kvart som tettstaden Leirvik har vakse seg utover. Søre Bjelland utgjer saman med Høyland, Søre Tveita, Langeland og Eldøy det største samanhengjande grøne området i denne delen av kommunen og eit vakkert kulturlandskap. Dette landskapet er sterkt pressa av utbygging på alle kantar. Området ligg klemt inne mellom sentrumsdanninga i Leirvik, Aker Kværner og E39 og vert også gjennomskore av sterkt trafikkerte vegar , som Verftsvegen og Langelandsvegen.. I tillegg er det lagt ut mange bustadfelt: Nedre Hageby, Bjarnebakkjen, Lauvdalen.

I landbruksplan for Stord og Fitjar er Søre Tveita – Langeland teke med som eitt av sju særs viktige landbruksområde i Stord.

*Leirvik, gnr 38*

Leirvik var husmannsplass under Høyland fram til 1798 og ikkje særskilt matrikulert før i 1723. Tunet låg på Tresmyro, om lag det Amfisenter Stord ligg no. Kulturhuset er plassert på garden si innmark. Som namnet seier, ligg garden på leirgrunn. Til leirviksgarden høyrde to husmannsplass: Bandadalsplasset og Holo.

*Nordre Bjelland, gnr. 39*

Garden er saman med Søre Bjelland den eldste i denne delen av bygda. Garden er kupert, i utmarka er dei høge Gullbergsnutane, Stora – og Litla Gullberg. Her var det gruvedrift etter koparkis og svovelkis sist på 1800-talet. . På 1600-talet var halvparten av garden krungods, resten høyrde til Halsnøy klostergods.

På bnr 3 er enno aktiv gardsrift. I 1940 laga tyskarane seg ei festning her, og eigarane måtte evakuera. Det finst mange spor att etter ulike installasjonar frå festninga. Desse vart kartfesta og fotograferte i 1993. Eit par ammunisjonslager inne på sjølve tunet er med i planen. Her står også ei eik som det er knytt historie til heilt tilbake til 1600-talet. Oppe i Gullberg er ein betongbygning som var nytta av tyskarane som utsiktspunkt under krigen.

På Nordre Bjelland var fleire husmannsplass, Toraplasset, to Skotabergsplass, Steffoplasset og Mureperplasset (i dag bnr 7 Stenberg).

*Søre Bjelland, gnr 40*

Den dyrka jorda ligg mellom lauvkledde haugar og skrentar og er mykje oppstykka. Utmarka var ikkje stor, ho låg mellom sjøen og innmarka, mellom Gullberg og Eldøy

si utmark. Naustplassen er bygt ned, men deler av den gamle sjoarvegen finst enno. Langs den ligg 8 gravrøyser. I Killingvikjo, der dokken til Aker Kværner ligg, vart det ved utgraving i 1957 funne restar etter eit 27 meter langt skipsnaust frå jernalder. I Udnadalen , i området der nokre av gravminna ligg, er det etablert ein serveringsstad. I tilknyting til den er det laga ein 9 hols "pitch and putt" golfbane. På garden er det bygt fleire bustadfelt, m.a. Nedre Hageby og Bjarnebakkjen. I dag er det berre på bnr 1 det vert drive aktivt jordbruk. Dette bruket er del av kulturlandskapet Bjelland – Høyland – Langeland.

*Høyland, gnr 41*



Før det vart bygt offentlege vegar på Stord, gjekk ein av dei viktigaste ferdslevegane i bygda over Høyland. Ferdafolk frå bygdene søranfor fjorden lende båtane sine i Eldøy. Dei hadde ærend til Leirvik, og snøggaste vegen fram til ferdslevegen frå sørvestre luten av Stord gjekk då over Høyland. Garden hadde naustrett ved Bjellandssjøen og sjoarveg over Bjelland og ned til sjøen. Der hadde kvart av bruka på garden sitt eige naust. Det gamle tunet på Høyland låg der tunet til bnr. 1 er no. Tuna som ligg sør for gardsvegen mellom Bjellandsvegen og Langelandsvegen er del av kulturlandskapet som strekkjer seg frå Søre Bjelland til Langeland. Sjølv om der er mange nye bygg, ligg tuna fint samla og det er mange eldre bygningar. Langs gardsvegen står ei løe med ein uvanleg fint mura grunnmur. På bnr 3 er eit fint våningshus, eldhus og stabbur. Ingen av bygningane her er med i planen som enkeltobjekt, men tuna er ein viktig del av kulturlandskapet. (Foto: TR)

Frå Tveitavatnet gjennom Vikastemmo og ned til Osen renn Vikabekkjen, som var viktig både for Høyland, Nordre Bjelland og Leirvik. Mellom Vikastemmo og Osen var 4 kverner: for Lervik, Nordre Bjelland, Tveita og Høyland. Nedst i bekken stod ei oppgangssag, sett opp på 1600-talet. Ruinane av saghuset viser enno. Modell av saga står på Sunnhordland museum. Øvst i Vikabekkjen er det laga stem for å sikra nok vatn til kvernene og saga. Kverna som står der no, kjem frå Tveitevågen på Huglo, ho er flytta med stønad frå Statens kornforretning, og Sunnhordland Museum har ansvaret for vedlikehaldet. Stampa litt nedanfor er henta frå Røykenes i Vikebygd, også denne er i Sunnhordland Museum si eige. Kverna og stampa er med i bygningsvernplanen.

*Søre Tveita, gnr 42*

Det gamle tunet på garden låg der bnr. 1 er no. Ved utskiftinga i 1863 vart garden delt i to like bruk, og tunet til bnr. 2 vart flytta ut. Desse to tuna er med i bygningsvernplanen. Søre Tveita har vore frå gammalt vore kyrkjegods. Stord kyrkje var eigar, og garden har vore nytta til klokkargard, men også som bustad for presten og for presteenkjer. I 1854 vart kyrkjeparten av garden seld til kommunen. Tveita hadde naustrett ved Eldøysjøen til 1910 då naustet vart rive.

*Langeland, gnr. 43*

Tunet ligg på Langelandshaugen. Det er eit fint tun med mange velhaldne hus. Våningshuset er bygt i 1890 og driftsbygningen kring 1870. I tillegg er her stabbur, stall, sauefjøs, verkstad, grisehus, potetkjellar og hønsehus. Tunet med alle bygningane er med i framlegg til bygningsvernplan. Langeland hadde husmannsplassa Rotatræ, Halatræ og Baggatræ. Rotatræ vart i 1922 skilt ut som bnr 2. Halatræ er den tufta der Langeland skule er bygt.

Skiphaugsvatnet ligg innanfor Langeland sine grenser, og garden har hatt kvern på Eldøy sin grunn i bekken som renn frå Skiphaugsvatnet til Hybelsneset. Ei tid hadde

Langeland sirkelsag i staden for kvern, då dei hadde kvern i same bekken lenger oppe, på eigen grunn. Langeland hadde naustrett på Hybelsneset. Der hadde garden også opplagsplass for tømmer, og vegrett over Eldøy si utmark ned til opplagsplassen.
I dei siste åra er deler av utmarka avstått til næringsområdet på Heiane og til ny E39. På Langeland sin grunn er det reist eit sagbruk ved Heiane på nordsida av E39

*Eldøy, gnr 44*
I Eldøy har det vore to brukarar frå gammalt. (bnr 1 og 3). Det gamle tunet til dei to bruka låg på kvar si side av skiftet der tunet til bnr. 3 er. I 1882 vart bruk nr 2, Lauvdalen, skilt ut frå bnr 1.

Frå 1590 til 1753 var det tollstad i Eldøy, på Todlarneset. Ei tid var der også skjenkestad og gjestgjevarstad.

I 1913 kjøpte Helle og Alfred Dahl Hamneberget (Nordsida av Eldøysjøen) og bygde mekanisk verkstad der, Eldøy mek. Verkstad. Slippen er i bruk enno. I 1930-åra bygde kommunen kai ved Eldøysjøen. I seinare år er det bygt stor småbåthamn.

Eldøy hadde fleire husmannsplass, eitt av dei var Haugen, eller Skaffarhaugen, i grensa mot Kårevik. I den tida det var tollarar og lensmenn i Eldøyo og skrivar i Kåravikjo, vart plassmennene på Haugen nytta som skysskarar. Haugen er i dag bygt ut som bustadfelt, og det gamle tunet er borte.

***Gardsområdet Kårevik - Horneland –– Hatland - Byrkjeland - , Hornelandsvågen – Grindavikjo – Digernes - Føyno***
Garden Horneland er truleg rydda seinast i folkevandringstid, det er gravfunn både frå tunområdet, ved sjoarvegen og kring Hornelandsvågen. Innanfor Horneland sitt gardsområde ligg Byrkjeland, Hatland, Hornelandsvågen og Grindavikjo.

Dette gamle jordbrukslandet er for ein del nedbygt, men på eitt av bruka på Horneland, på Byrkjeland, Føyno og Digernes er det enno gardsdrift. Vegføringane til Trekantsambandet skjer seg gjennom utmarka til Horneland og Digernes og delvis over innmarka til Digernes. Mykje av landskapet i den sørlegaste delen er nytta til samanhengjande bustadfelt frå Langeland til Hornelandsvågen.

I landbruksplan for Stord og Fitjar 2005 – 2015 er Horneland – Byrkjeland teke med som eitt av sju særs viktige landbruksområde i Stord.

På Digernes og på Føyno er kulturlandskap merkt av jordbruksdrift dei siste hundreåra i området som også vart nytta av dei aller første menneska som kom inn etter at isen trekte seg tilbake. To område er teke med i planen som verneverdige kulturlandskap.

*Kårevik, gnr. 45*
Namnet kjem av mannsnamnet Kåre, og det har gjeve namn til Kåravik skipreide. Nede i vika er det funne tufter etter eit langskipsnaust frå vikingtida. På Krenkjelsneset er det ein gravhaug.
Garden med husmannsplasset Sæbø vart skilt ut frå Horneland i 1677 og selt til futen Johan Thorsson.
Seinare har det stort sett budd tollarar og embetsmenn der. I 1862 kjøpte staten garden og gjorde han til skrivargard. Då staten selde garden i 1912, vart han delt i to gardsbruk, bruk, bnr 1 og 3. Hovudhuset vart tatt unna og fekk bnr. 10. Det er med i bygningsvernplanen. Dei næraste åra etter vart det også selt ut ein del villatomter, mellom anna vart Sæbø skilt ut. Sæbø vart selt til Stord kommune i 1982 og er i dag arbeidsgard for psykisk utviklingshemma. Den gamle husmannsstova i Sæbø og eit

stabbur er med i bygningsvernplanen. Stova har ei tømre som truleg er frå sist på 1600-talet.

I Sæbø, ved stranda står eit gammalt kabelhus for ein sjøkabel som kjem i land der. Det er sett opp i samband med at det kom telefonlinje over Stord i 1902. Det går sjøkabel frå over Bømlafjorden frå Valevåg.

Krenkjelsneset, bnr. 2, vart selt som villatomt til Jonas Lund frå Bergen i 1914. I nokre år, m.a. under andre verdskrigen budde enkja etter han, Augusta Lund der saman med dottera Torborg Nedreaas. På Krenkjelsneset er ein gravhaug frå jernalderen.

*H*orneland, gnr 46:
Horneland er ein av dei største gardane på Stord, med etter måten stor utmark. I alle fall i ein periode sist på 1600-talet må Horneland ha vore futegard. Det gamle tunet på Horneland var omtrent der bnr 1 er no, der gamlevegen ned til Hornelandsvågen (Vågavegen) tek av.

Horneland har hatt båtstø og naustrett i Sæbø frå gammal tid, og naustrettane har vorte nytta til godt etter 1950. Horneland hadde fleire gode plass som etter kvart vart skilde ut som eigne gardsbruk: Byrkjeland 1665, Hatland kring, Hornelandsvågen og Grindevik.

*Hatland, gnr. 47*
Hatland vart skilt ut frå Horneland i 1723. Tunet på Hatland har bevart mykje av det opphavlege, men er diverre til nedfalls. Den gamle løa vart kring 1980 flytta til Sunnhordland museum i Vidsteenparken. I 1888 vart Hatland skulekrins skipa, og det vart bygt skulehus på nordre Hatlandsstølen. Krinsen er nedlagd, men skulehuset står på plassen enno (Foto TR).



*Byrkjeland, gnr 48*
Tunet på Byrkjeland ligg 3-400 meter vestafor det gamle tunet på Horneland og om lag midtvegs mellom Horneland og Hatland. Garden er i god drift. I utmarka ned mot Grindevik er eit stykke som heiter Løkjen. Om haustane vart Løkjen sett under vatn. Enno står der ei høg stem med tre uttappingsluker, den eine over den andre, til regulering av vasshøgda. Slik vart det vatn til ei kvern nedom stemma. No er Løkjen dyrka opp og eit fint tillegg til den dyrka jorda. Til Byrkjeland høyrde ein liten del av plasset Tømmervik, resten låg til Digernes. Tømmervik vart skilt frå i 1918.Det andre plasset er Vombaneset, som har namn etter ein stor stein, Vombasteinen. I dag er det fritidsbustad på plasset.

*Føyno, gnr 51*
På Føyno møtest det aller eldste og det aller nyaste som ingen andre stader i kommunen. Nokre få hundre meter frå bomstasjonen til trekantsambandet ligg Tingvikjo, der det står tufter etter ei bu som er datert til 1000-talet. Namna Føyno og Nautøyno tyder på at øyane frå først av har vore nytta til beiteland. Men på begge øyane er det funne gravminne, noko som tyder på at garden har vore bebudd lenge. På Føyno har det vore tre bruk. Bruk nr 2 er i dag hytteområde vor Verkstadklubben ved Aker Solutions. Dei to andre bruka har bevart dei gamle tuna, som



begge er vesentlege innslag i kulturlandskapet på Føyno. Frå tunet på bnr 1 og innover og også nedover mot Lonkjølsvikjo er fint kulturlandskap, det har stor lokal verneverdi og er teke med i planen. I dette området er det også funne fleire steinalderbuplassar og på knausen opp frå Nordavikjo er ein liten gravhaug.

Dei to bruka vert drivne for å produsera mat og for å halda kulturlandskapet i hevd, men gjev lita økonomisk vinning. Dette er eit fint turområde, men for mykje allmenn ferdsle kan verka forstyrrande på gardsdrifta. Det gjeld særleg hundar i nærleiken av sauer og lam og dessutan fare for nedtrakka gjerde og opne grinder. Kulturlandskapet her er blitt forma av jamn bruk gjennom mange generasjonar, og noverande eigar ønskjer å halda fram på same måten med tradisjonell drift.

På bruk nr 3 er naust og sjøhus som er med i bygningsvernplanen.

I landbruksplan for Stord og Fitjar 2005 - 2015 er Føyno teke med som eitt av fem særs viktige kulturlandskapsområde (Foto AH).

*Digernes, gnr 52*
På Digernes er det funne to gravminne og seks steinalderbuplassar. I alle fall eitt av dei er truleg frå eldre jernalder. Det tyder på at garden er svært gammal. I landbruksplan for Stord og Fitjar er Digernes teke med som eitt av seks viktige landbruks – og kulturlandskapsområde. Heile innmarka på garden er teke med i planen som verdfullt kulturlandskap. Stordabrua har eine festet sitt på Digernes, det store veganlegget dominerer den sørvestlege den av garden og Digernessundet.

## Industri
*Skotabergssido*
Sørsida av hamna i Leirvik og Skotaberget høyrer til Nordre Bjelland. Denne sida av hamna logg godt i ly for vind og sjø. Frå først på 1900-talet har det vore stor næringsaktivitet i denne delen av hamna.
I 1909 bygde Karl Gulliksen motorfabrikk i Teinevikjo. Han kalla motoren sin "Stordmotoren". Han bygde også eit par slippar, og då motorproduksjonen tok slutt, vart det drive ein del slipping og reparasjonsarbeid. I dag er Oma båtbyggeri etablert der.

Også Johan Pedersen begynte med motorproduksjon og mekanisk verkstad. Han kjøpte grunn i 1904 like innom der Moloen er no.

Utanfor Teinevikjo etablerte Wilhelm Engelsen entreprenørverksemd i 1912. Han såg at det var ein marknad for grunnarbeid og støyping. Han fekk etter kvart godt med arbeid. Etter krigen overtok sønene John og Amund, og i den sterke ekspansjonstida på Stord voks verksemda mykje. I dag er det eit stort betongblandeverk på tomta og W. Engelsen Ettf. har hovudkontor der.

I 1946 vart Leirvik Sveis (Leirvik Module Technology) skipa inne i Evjo. Verksemda vart seinare flytta til Aslaksvikjo.

Like etter hundreårsskiftet vart det etablert fleire hermetikkfabrikkar. Den første grunnla C. Houge
Thiis ved strandlinja på det gamle Skotabergplasset. Der vart det drive hermetikkfabrikk like til 1965. I 1909 etablerte Johannes og Ola Gravdal hermetikkfabrikk i Evjo.

Det er få spor att etter dei første verksemdene på Skotabergsido. Det einaste av dei tidlegaste bygga som står att, er hermetikkfabrikken til Houge- Thiis. Den er restaurert og verna gjennom vedteken reguleringsplan.. Bygget er med i bygningsvernplanen.

*Kjøtteinen*
"A/S Stord som nå dekker hele Bjellandsnesset med sildoljefabrikk, verksteder, skipsbyggeri, moderne fryserier og en lav, stilsikker administrasjonsbygning på toppen, tør være et av de vakreste fabrikkanleggene i landet. I mørke kvelder ligger den som en langstrakt diamant og funkler bak de slørete skyggene av Eldøyene – en levende en." Slik skreiv Torborg Nedreaas om industrianlegget på Kjøtteinståa i 1953.

I dag dekkjer industriområdet heile strandlinja til garden Bjelland og dessutan Eldøyane og Eldøysundet. Den stilsikre administrasjonsbygningen er borte.

Stord sildoljefabrikk vart grunnlagt i 1919. Like etter 1945 vart det etablert ein mekanisk verkstad for reparasjon av båtar og nybygg. Bedding med plass til båtar opp til 7-8000 tonn var i drift til om lag 1960. Frå midt i 50-åra vart det bygt tørrdokk som etter kvart vart utvida til å kunna ta båtar på opptil 280 000 tonn. Etter krisa i tankmarknaden på 1970-talet har verftet omstilt seg til å byggja produksjonsplattformer til Nordsjøen. Store deler av Eldøyane vart planert i 1970-åra, og overskotsmassen vart nytta til å fylla i Eldøysundet, slik at Eldøyane i dag er del av eit samanhengande industriområde.



Dei eldste delane av fabrikkanlegget er interessante kulturminne. Det gjeld t.d. den gamle snikkarverkstaden inst i bukta og ikkje minst den store tørrdokken frå 1957 med Goliat-krana over. Velferdsbygget vart bygt tidleg i 60-åra og har til det siste vore nytta til kantine og festlokale.

*Eldøy mekaniske verkstad*
I 1913 reiste brørne Helle og Alf Dahl motorverkstad i Eldøy. Til å byrja med vart der produsert motorar, seinare vart det mest reparasjonsarbeid og smedarbeid. I dag er det meste av aktiviteten service på fritidsbåtar. På verkstaden er to slippar, begge bygde før 1920. Verkstadbygget og slippane er lite endra dei siste åra og står som eit godt døme på ein mindre mekanisk verkstad frå tidleg i førre hundreåret. (Foto:TR)

## Handel/service
*Næringsområdet Vabakkjen*
På Vabakkjen er det bygt ut eit næringsområde i utmarka til garden Høyland. Her er forretningar og stasjon for Statens Vegvesen. Næringsområdet har lite høve til utviding utan at det kjem i konflikt med idrettsanlegga på Vikahaugane, bustadområdet på Høyland eller gardsdrifta på Høylan og Tveita

*Heiane næringsområde*
Frå midt på 70-talet la Stord kommune til rette eit større næringsområde på Heiane, i utmarka til Langeland og Horneland. Det har stadig vorte utvida og er i dag eit handels – og serviceområde med 5-600 arbeidsplassar.

Kring 1970 bygde Leiv Tveita Stord hotell på Legene. Den sterke aktiviteten i samband med at Aker Stord bygde produksjonsplattformer og Lerivik Sveis bustadmodular, gav eit godt grunnlag for hotelldrifta. Hotellet har då også utvida fleire gonger. I området er det også etablert nokre butikkar, og det har komme eit motell. Legene er såleis blitt eit sentralt nærings- og serviceområde, men omgitt av bustadfelt og idretts-skuleanlegg, slik at det ikkje ligg til rette for utviding av området.

## Bustadbygging

Den første konsentrerte bustadbygginga i området, sist på 50-talet, var i stor grad knytt til den sterke auken i arbeidsstokken ved AS Stord. Første bustadfeltet vart etablert på Bjelland, Nedre Hageby. Seinare er store deler av Nordre Bjelland nytta til bustadfelt. Skotaberget og området nedover mot stranda mellom Kjøtteinen og Gullberg vart bygt ut frå 1950-åra og framover. Aker Stord bygde også rekkjehus til arbeidarane på Stølen, og også Gullskar vart bygt ut for å dekka behovet for bustader til dei tilsette.

Frå 1960-åra, og særleg frå 1970-åra har den sterkaste utbygginga av bustadfelt i den sørlegaste luten av området: I dag er det samanhengjande bustadområde frå krysset Langelandsvegen/Kårevikvegen i nordaust til Grindavikjo i sørvest.

## Offentlege bygg, forsamlingshus

*Skrivargarden i Kårevik*
Frå først på 1700-talet har Kårevik vore nytta som bustad for embetsfolk. Først på 1700-talet budde ein tollkontrollør der, siste halvdelen av hundreåret var det bustad for sokneprestane og tidleg på 1800-talet for sorenskrivar og fut. I 1862 kjøpte staten garden og nytta han til skrivargard fram til 1912.
Me veit ikkje sikkert når det huset som står der no, vart bygt, men truleg har det stått i alle fall frå midt på 1700-talet. Eit par utbygg har komme til første halvdel av 1900-talet. Etter 1912 vart det drive som pensjonat, nokre år etter krigen var det barneheim, og etter krigen igjen pensjonat og selskapslokale framover til 1970. Bygget er restaurert og teke godt vare på dei siste åra.
Skrivargarden er med i bygningsvernplanen. Saman med tuna på bnr 1 og bnr 3 dannar bygningen også eit interessant kulturhistorisk miljø.

*Horneland bedehus*
Bedehusa har hatt viktige funksjonar i bygdene på Vestlandet, og mange stader har dei stått etter måten tett. I dette området har det vore bedehus både på Bjelland og på Horneland. Bedehuset på Bjalland vart bygt i 1934 og påbygt i 1952. Knut Horneland f. 1866, eigar av bnr 2, bygde eit forsamlingshus på Horneland (Horneland bedehus). I 1916 skilde han grunnen ut og selde den til Stord indremisjon (b.nr 5). I 1963-64 bygde Horneland indremisjon nytt bedehus ved sida av det gamle. (Foto: AH)



*Skule – og idrettsanlegga på Vikahaugane*
Leirvik skule vart bygd der han står i dag i 1913/14. Han har vorte utvida med tilbygg og påbygg i 1935, 1953, 1982 og 2001-2003.

Ved den sterke skuleutbygginga frå slutten av 1950-åra utvikla området på andre sida av vegen seg til å bli sentralskuleområdet for Stord. Først vart det bygt realskule på Saghaugen saman med nybygg til den kvinnelege industriskulen. Då overgangen til 9 års skuleplikt kom, og dermed kravet om kommunale einskapsskular, vart Stord ungdomsskule bygt. Den stod ferdig i 1962. Samstundes hadde kommunen fått gymnas, som overtok realskulen sine lokale. Dette anlegget er seinare utvida fleire gonger.

Dei nye skulane sine behov for gymnastikksalar vart kombinert med idrettlsaga sine behov for innandørs og utandørs anlegg og det vart bygt både idrettshall og grasbane i same området. Idrettshallen frå 1965 er med i bygningsvernplanen, den var første idrettshallen i Sunnhordland og inneheldt også første symjebassenget.

Skule – og idrettsanlegga på Vikahaugane har blitt eit fint parkområde i gangavstand frå sentrum, med mange ulike idrettsanlegg og med turvegar utover i vakkert skogsterreng. I 1993 fekk Vikahaugane Rolf Hofmo sin pris for idrettsparkar. Stord yrkesskule, bygt i 1970-åra på andre sida av riksvegen, er også ein naturleg del av området.

Kulturhuset vart teke i bruk hausten 1978. Det er teikna av arkitekt Knut Eide. Bygget er representativt for den typen kulturhus som vart bygde på 70-talet. Eit viktig føremål var å samla ulike typar kultur- og fritidsaktivitetar på ein stad, slik at husa også kunne fungera som uformelle møtestader. Kulturhuset har ein romsleg vestibyle med inngang til kino, bibliotek og symjehall. Bygget er med i bygningsvernplanen.

## FERDSEL OG FERDSELSÅRER

Ein av dei første vegane som vart bygde på Stord, i 1860-åra, var hovudvegen mellom kyrkja og Skrivargarden i Kåravikjo. Vegen gjekk gjennom Leirvik, opp langs Vikabekken og passerte tunet på Langeland. Frå hovudvegen kom det etter kvart sidevegar ut til dei gardane som ikkje låg langs vegen: Bjellandsvegen, Eldøyvegen, Hornelandsvegen med framhald til Digernes. Ut frå Leirvik gjekk også vegen til Litlabø og til Kjøtteinen.

Rutebåttrafikken har vore viktig for utviklinga av Leirvik. Dampskipsanløp på Leirvik har det vore frå før 1850. I dei første åra måtte båtane bordast ute på hamna, men i 1880-åra bygde Søren Hagerup ei trebryggje. I 1913 bygde kommunen ny kai i betong på same staden, den vart opphavet til Nattrutekaien. Dei fleste passasjerrutene langs vestlandskysten har hatt Leirvik som stoppestad. Den ruta som har hatt mest å seia over lang tid, er nok Nattruta. Ho gjekk frå 1892 og til langt ut i 1970-åra. To selskap har drive ruta, Sandnes DS og Stavangerske DS, og dei har hatt kvar sin ekspedisjon på Nattrutekaien. I tillegg til desse to selskapa hadde også HSD ruter mellom Sunnhordland og Bergen og Haugesund. I 1947 bygde





kommunen kai på Naustneset, og då flytta HSD sine båtar over dit. Kaien på Naustneset har fått namnet Sunnhordlandskaien, og HSD hadde ekspedisjonen sin der.

I 1964 vart det bygt ferjekai mellom Naustneset og Notahaugsbryggjo. Den tok ferjetrafikken mellom Stord og Valevåg, Utbjoa, Kvinnherad, Huglo og Tysnes. Ferjeleiet er i dag borte.

I 1980-åra vart ferjesambanda til Valevåg og Utbjoa flytta frå Leirvik til Skjersholmane (Foto I+II: TR). Innafor Skjersholmane vart laga ferjekai og oppstillingsplass. For å skjerma kaien for sjø og vind er det laga steinmolo mellom land og Skjersholmane. Hovudvegen frå Sandvikvåg til Skjersholmane (rv 14, seinare E39 ) vart då lagt om og flytta vestom tuna på Tveita og Langeland. Det siste store inngrepet er E39 som skjer seg gjennom Digernesmarkjo og over Føyno og Nautøyo. Trekantsambandet er i dag den dominerande kommunikasjonslinja gjennom området med bruer, skjeringar og bomstasjon. Trekantsambandet gjorde at



ferjeleiet på Skjersholmane vart overflødig for sambandet over til Valevåg. Men i 2003 vart ferjetrafikken mellom Stord og Ranavik/Sunde flytta frå Leirvik til Skjersholmane. Dermed var det slutt på alle bilferjetrafikk til Leirvik sentrum, og ferjeleiet der vart fjerna (Foto: Trekantsambandet TR).

Den første telefonlinja kom til Stord tidleg på 1900-talet. Det var linja Stavanger – Haugesund som vart ført vidare nordover til Valevåg og over til Stord. I Sæbø står huset der kabelen kom i land (Foto AH).

## ENKELTOBJEKT OG KULTURMINNEMILJØ
## Kulturminne knytte til jordbruk

***Gardstun Søre Tveita, gnr. 42***
Tuna på bnr 1 og bnr 2 er med i bygningsvernplanen. Dette er einskildobjekt som kvar for seg er verneverdige, men dessutan er dei to tuna viktige kulturminnemiljø. Hovudbruket på Søre Tveita vart delti to i 1860, og bygningsmassen i det opphavlege tunet (bnr 1) vart då totalt fornye. Tunet på bnr 2 vart også bygt på nytt nokre hundre meter vestover. I dag er dei to tuna dermed skilt frå kvarandre av E39. Tuna er i bra stand, men diverre er løene på begge tuna i ferd med å forsvinna.

***Gardstun Langeland, gnr 43***
På Langeland var det heilt fram til 1922 berre eitt. Gardstunet ligg oppe på Langelandshaugen, fritt og med god utsikt. I tunet er det ni einskildbygg, alle godt vedlikehaldne. Alle er med i bygningsvernplanen, og tunet representerer også ei uvanleg fint kulturminnemiljø

***Gardstun Føyno, gnr 51***
Tuna på bnr 1 og bnr 3 på Føyno er godt bevarte og er fine kulturminnemiljø, m.a. med fleire fine skifertak. Ingen av bygningane er med i bygningsvernplanen som enkeltobjekt, men begge tuna er verdfulle som del av kulturlandskapet på Føyno. (Sjå nedanfor)

***Husmannsplasset Sæbø, Kårevik gnr. 45***
Plasset Sæbø er i kommunal eige og vert nytta som dagtilbod for psykisk utviklingshemma. Den gamle stovebygningen og eit lite stabbur er med i bygningsvernplanen. Plasset vart kjøpt i 1914 som sommareigedom og etter kvart slått saman med nye teigar skilde ut frå 45/3 slik at det etter kvart vart som eit lite småbruk.. Men enka etter den siste husmannen fekk bu der saman med dottera og eigaren bygde seg ny sommarvilla. Fritidshuset som vart bygt i 1917, står enno og er lite endra. Også gangvegen ned til sjøen, bryggja og eit naust står enno.



## Kulturminne knytte til sjøbruk

***Naust og nothus på Føyno***
Til bnr 3 på Føyno høyrer eit naust og ei notbu som begge er med i bygningsvernplanen.

***Fortøyningsfeste i Digernessundet***
Digernessundet var i nokre år ankringsplass for oljeplattformer medan dei vart ferdig utrusta. I samband med arbeidet vart det laga terminal inne på land. I strandsona vart det laga fleire

kraftige fortøyningsfeste. Tre av desse festa er teke med i planen som minne om den aktiviteten som gjekk føre seg (Foto AH).

Fortøyningsfesta ligg på bruk nr 1 på Byrkjeland og bnr 1 og 9 på Digernes

## Teknisk utnytting av vassdrag

***Vikastemmo/Vikabekkjen. Kvern og stampe***

I Vikabekken har det vore stor bygdeindustri. På det meste var det ei oppgangssag og fire kvernbruk der. Oppgangssaga var frå 1600-talet. Tuftene etter henne finn ein enno eit lite stykke oppom Kulturhuset. Saga var i bruk til først på 1900-talet. Då vegen sørover frå Leirvik vart lagt om, låg saga ikkje lenger så lagleg til. Den gamle gang- og køyrevegen gjekk rett forbi saga. På 1960-talet fall saghuset ned, men då var det målt opp, og ein modell av saga står i dag på Sunnhordland Museum.

Den nedste kverna høyrde til Leirviksgarden, ovafor stod Nordre Bjelland si, deretter Tveitakverna og øvst Høyland si kvern. Steinmurar i bekken var med på å leia vatnet inn i sloka, og med stemma øvst i bekken kunne vassføringa regulerast. I dag står ei kvern frå Tveit på Huglo i tuftene etter Tveitakverna. Like nedanfor er sett opp ei stampe som kjem frå Røykenes i Vikebygd. Sunnhordland museum eig desse to, og begge er med i bygningsvernplanen. I dag går gangvegen mellom sentrum og Vikahaugane langs Vikabekkjen, og Vikastemmo er blitt ein del av parklandskapet. Alle restane etter sag og kverner i Vikabekkjen er med i kulturminneplanen. Heile søkket frå Kulturhuset til Vikastemmo er eit interessant kulturminnemiljø.



***Demning for kvern, Byrkjeland.***

Tett ved vegen frå E39 mot Tømmervikterminalen, på nordsida, ligg ei fint mura demning med opningar i to høgder. Den demde opp vatnet som samla seg om hausten, slik at det vart nok vatn til å driva ei kvern litt lenger nede. Demninga er med i kulturminneplanen. (Foto: AH)

## Bergverk/gruvedrift

***Gruveopningar og slagghaugar i Gullberg.***

I Gullberg var det gruvedrift etter svovelkis i perioden 1870 – 1900. Førekomstane kunne takast ut i dagbrot, og dei låg nær sjøen og djupt vatn, slik at det var lett å frakta kisen bort. Dagbrot og steinrøyser viser att. Gullberg er eit viktig naturområde mellom Leirvik og industrianlegget på Kjøtteinen/Eldøyane og spora etter gruveaktiviteten gjer at området også har kulturhistorisk verdi.



**Handverk/industri**

På Stord vart den første hermetikkfabrikken bygt tidleg på 1900-talet. Det var fabrikkeigar C Houge Thiis som kjøpte det gamle Skotabergplasset med strandlina, bygde seg fabrikk og tok til å leggja ned brisling. Hermetikkindustrien gav mange arbeidsplassar heilt fram til 1960-åra. Utanom Thiisa-fabrikken var det fabrikkar både i Evjo og i Klovestrando. Berre Thiisa-fabrikken står att. Den er restaurert og sett i god stand og er i dag kontor/forretningsbygg (Foto Kanneløning).

## *Offentlege bygg og anlegg*

***Skrivargarden i Kårevik***

Skrivargarden i Kårevik har vore nytta som bustad for kondisjonerte frå sist på 1600-talet og fram til 1912. Han har vore bustad for tullfullmektigar først på 1700-talet, for soknepresta sist på 1700-talet og for futar og skrivarar. I 1862 kjøpte staten garden og gjorde han til sorenskrivargard, det var han til 1912 då sorenskrivarkontoret vart flytta inn til Leirvik. Seinare vart bygget nytta som pensjonat, og eit par år under siste krigen som barnehjem. Etter krigen var det pensjonat og selskapslokale. Det er uvisst kor gammalt huset er, kanskje frå 1700-talet. Det har fått mindre påbygg på begge kortsidene. På haugen tvers overfor står eit lysthus som vart bygt i hagen til Skrivargarden om lag 1860.

***Gamle Horneland bedehus***

Huset frå 1916 er ikkje i bruk som bedehus lenger, men vert halde ved like. Det er ikkje gjort endringar på huset, dermed står det i dag som eit typisk døme på eit bedehus frå mellomkrigstida. Det er med i bygningsvernplanen.

***Idrettshallen på Vikahaugane,***

Idrettshallen stod ferdig i 1965. Han inneheld også 12,5 meters symjebasseng. Arkitekt er Knut Eide. Hallen er med i bygningsvernplanen.

***Kulturhuset***

Kulturhuset stor ferdig i 1978. Arkitekt var Knut Eide og entreprenør Wilh Engelsen. *Idrettshallen på Vikahaugane,* bygt i 1965.

## Fornminne

Alle fornminne er automatisk freda etter kulturminnelova med ei sikringssone rundt.

***Søre Bjelland***

Langs den gamle sjoarvegen er det funne ei rad med gravhaugar frå jernalderen. Den eine ligg på Storehaugen, tett ved og på sørsida av Verftsvegen. Gravhaugen er bygd på ein naturleg bergrygg. Ved utgraving i 1959 fann ein eit steinfritt rom midt i haugen der det var fullt av jord og tett med brende bein og krukkebrot.

På nordsida av Verftsvegen ligg to gravminne som kan vera jamgamle med det på Storehaugen. Dei ligg ved gardsvegen til Bjelland, det eine tett ved Verftsvegen, det andre litt lenger oppe. Sør for Storehaugen er eit gravfelt med heile fem gravhaugar, på begge sider av sjoarvegen. Mest synleg er ein langhaug på 18 meter. Det er mest sannsynleg at desse haugane er frå tida 500 - 1000 e.Kr. I samband med arbeidet med å laga ein 9 hols "pitch and pull" golfbane i området har arkeologar funne endå to gravfelt, det eine like aust for og det andre sør for Storehaugen. Alle dei registrerte fornminna må regulerast til spesialområde vern. Om det vert nødvendig med inngrep i framtida, er dette søknadspliktige inngrep som må til Riksantikvaren for avklaring. Det har også klårt positive sider at området med gravhaugar vert opna opp og gjort tilgjengeleg, det vil auka folk sin kunnskap om dei automatisk freda kulturminna. Gravhaugane i området er med på å understreka verdien desse områda har også som kulturlandskap, dei vitnar om innpå 2000 års samanhengjande busetnad med jordbruk som næringsveg.

***Langeland***

Tett ved Verftsvegen, på vestsida rett sør for krysset med Langelandsvegen ligg Sandåkerhaugen, ein gravhaug frå yngre jernalder. Ved utgraving fann ein her restar av eit trespann og bronseband og fire brikkar til eit brettspel. Haugen er 13 m i diameter og i meter høg. På toppen av haugen står i dag ei kraftig kraftlinjemast med fire stolpar.

***Eldøy***
Rett opp frå Eldøysjøen ligg Eikehaugen. Mellom eikene her ligg fire gravminne, to røyser med diameter 7 – 8 meter, ei røys med diameter 16 meter og høgde 1 meter og ei langrøys, 12 meter lang og 5 meter brei. Gravflokk i Eikehaugen. Fire gravminne.

***Kårevik***
I Kårevik er det to fornminne. Nede i Kåravikjo, mellom eit stort naust og eit bustadhus ligg ei nausttuft. Naustet må ha vore 35 meter langt og 11 meter breitt. Deler av tufta vart graven ut i 1972, og arkeologane fann eit tjukt kollag og skipsnaglar. Naustet er frå vikingtida (800 – 1000 e.Kr.) På Krenkjelsneset ligg ein gravhaug i ein privat hage. Det er ikkje gjort funn i denne haugen.

***Horneland***
I Djupadalen , tett ved E39 like ved staden der gangvegen frå Hatland går under E39 ligg den eldste steinalderbuplassen som er registrert på Stord. Like etter at isen hadde trekt seg tilbake, gjekk truleg Valvatnavågen heilt inn hit. Omkring 7700 – 7400 f.Kr. har truleg jegerfolk for kortare tid slått seg ned her.
Litt opp frå sjøen på austsida av Grindavikjo vart det gjort arkeologiske undersøkingar i samband med opparbeiding av bustadfeltet ved Hornelandsvågen. Det har vore ein liten buplass, lunt plassert mellom to kollar med utsyn mot sør.

Ute på Hornelandsneset er det tre gravrøyser, den eine inne i Størjevikjo, dei to andre heilt ut på neset rett opp frå sjøen.

***Byrkjeland***
Ved den gamle sjoarvegen frå sjøen og opp til tunet på Byrkjeland ligg det ein gravhaug ved ein stad som heiter Stølsled, og her var første staden ein kunne sjå til gards. Her er det funne ei steinøks og ei draktspenne av bronse. Den siste kan tyda på at dette har vore ei kvinnegrav.

***Digernes***
Dei til no eldste spora etter menneske på Stord finn ein på Digernes. På begge sider av E39 fram mot Stordabrua er det avdekka buplassar frå steinalderen, frå dei første hundreåra etter at isen trekte seg attende. Dei ligg 25- 30 m over noverande havflate, og låg ved sjøkanten inne i lune viker då dei var i bruk. Steinalderbuplassar viser lite att i landskapet, men både på Digernes og på Føyno ligg buplassane i særeigne og vakre kulturlandskap. Ved skilting kan ein formidla kunnskap om dei funna som er gjort (Foto TR).



I Hillersvikjo, på vestsida av Digerneset, er ein stor heller som gjev ly for regn og vind. Denne vart ikkje utgraven i samband Trekantsambandet, fordi han ikkje kom i direkte konflikt med vegen. Ved prøvestikk fann arkeologane kulturlag og matavfall. Dei fann også tilhoggen rhyolitt frå eit steinbrot på Siggjo. Seinare er buplassen likevel delvis øydelagd ved ulovlege inngrep. Også på andre sida av E39 ligg eit buplassområde, lett tilgjengeleg frå vegen.

På Digernes er det også funne to gravhaugar, ein på nordsida av den gamle gardsvegen, den andre på neset der Stordabrua tar av.

***Føyno***
I Tingvikjo og i Longkjølsvikjo er det funne hustufter som er daterte til ca år 1000. Hustufta i Tingvikjo har ytre mål 11 x 11 meter og innvendige mål 4 x 4 meter. Veggvollane er 1 – 1,5 meter høge inni, men berre 30 cm utvendig. Det tyder på at golvet har vore grave ned. I Lonkjølsvikjo, berre 300 meter lenger nord er det funne ei liknande tuft, men meir skadd. Denne er også C-14 datert til same tidsperioden. Det er altså ting som tyder på at det kan ha vore ein tingstad på Føyno i sein vikingtid (Foto Tingvikjo).

Då Føyno vart arkeologisk undersøkt i samband med planlegging av Trekantsambandet, vart det funne fleire steinalderbuplassar. På begge sider av den kommunale vegen frå bomstasjonen og austover, ligg eit buplassområde som er så stort at det kan ha vore fleire buplassar der. Her er funne tjukke kultulag og fleire hundre flintavslag. Søraustover frå Lonkjølsvikjo ligg tre buplassar. (Sjå nedanfor under kulturlandskap)

På Kalhagen, ein liten haug rett søraust for Nordavikjo (bnr 3) ligg ei gravrøys. Røysa er ikkje stor, men utsynet frå haugen er praktfullt. På Helganeset, lengst sør på Føyno, er også ei gravrøys, ho er 10 meter i tverrmål og 0,5 meter høg.

Også på naboøya til Føyno, Nautøyno, er det funne fleire fornminne. Dei ligg nokolunde samla på nordsida av riksvegen, ved nedkøyringa til ein rasteplass. Eitt av funna er eit steinbrot, der det er teke ut jaspis som råstoff for reiskapar. Like ved, på same bergryggen, er også ei lita gravrøys og litt lenger vest to gravrøyser til.

## Kulturlandskap

***Søre Bjelland –Høyland –Søre Tveita –Langeland.***
Frå tunet på gnr 39/1 og vestover mellom Verftsvegen og Høylandsvegen og heilt fram til E39 er eit småkupert jordbrukslandskap med åkerholmar og kantvegetasjon med store lauvtre, steingardar, gamle bygningsmiljø, stølar og fornminne frå jarnalder. Her ser ein enno det gamle kulturlandskapet knytt til gardsdrifta midt på 1900-talet. Mange av tuna er godt bevarte, innmarka vert halden i hevd, og det er berre spreidd bustadbygging. Både tunet på Langeland og tunet på bnr 1 på Søre Tveita er med i bygningsvernplanen. Gjennom området går den gamle bygdevegen, delvis som gang- sykkelveg. Langs vegen ligg Tveita landhandel frå sist på 30-talet, men noko ombygd. . Det eine husmannsplasset på Langeland er dyrka opp til eit småbruk, på den andre ligg Langeland skule frå sist på 1960-talet. I området er det gravhaugar frå eldre/yngre jernalder – Langhaugen og Sandåkerhaugen (yngre romartid/folkevandringstid). Og ved gardsvegen til Søre Bjelland ligg to gravhaugar. På andre sida av Verftsvegen ligg Storehaugen, med ei grav lagt på ein naturleg bergrygg. Dette verdfulle kulturlandskapet er truga av industri- og næringsutbygging frå to kantar og er også omkransa av bustadfelt. Men det har høg verdi som kulturminneområde, og det er viktig at det vert skjerma for vidare utbygging.

***Digernes – kulturlandskap, fornminne***
På begge sider av Stordabrua (Digernes og Føyno) er vakre kulturlandskap, som samstundes er rike på arkeologiske funn frå eldre og yngre steinalder. Begge dei to områda er i privat eige (Foto Djupedalen TR).



I desse områda har det også vorte drive jordbruk truleg heilt frå jernalderen. Landskapet er merkt av det, grøne dalføre med furuskog og lauvskog som er halden

tilbake av sauebeite. På Digernes skjer hovudvegen seg tvers gjennom kulturlandskapet, men miljøtunnelen sikrar samanhengjande kulturbeite frå tunet og ut til strandlinja.

Tun, innmark og kulturbeite på dei to bruka på Digernes utgjer eit verdfullt kulturlandskap som bør skjermast mest råd er for utbygging. Dei to tuna er karakteristiske for gardstuna kring midten av 1900-talet, endå om det har komme til eit par moderne våningshus. Også gamlevegen fram til Digernes er eit kulturminne i seg sjølv, smal og buktete der han smyg seg fram mellom alle dei små kollane.

På Digernes bør heile området frå der innmarka tek til, inkludert vegane og tuna, og fram til E39 takast vare på som eit samanhengjande kulturlandskapsområde. Utmarka nord til E39 er også ein naturleg del av dette landskapet. Området bør skånast for vidare utbygging, og ved reising av nødvendige nye bygg/anlegg må det leggjast stor vekt på tilpassing til det eksisterande miljøet.

***Føyno – kulturlandskap, fornminne***

På Føyno er det funne buplassar både frå eldre og yngre steinalder. Like aust for bomstasjonen på begge sider av vegen ligg eit buplassområde som er så stort at det kan ha vore fleire buplassar der. Vegen går tvers gjennom området og kan ha øydelagt noko av det. Funna som er gjort her viser at området har vore nytta i eldre jernalder. Austover frå Longkjølsvikjo er det fleire steinalderbuplassar. Eit par av dei er ganske nær hytteområdet til verkstadklubben ved Aker Solutions. Arkeologar har funne tilhogd flint, kvarts og bergkrystall. Desse opne buplassane frå steinalderen er naturleg nok lite synlege og difor svært sårbare minne frå ein fleire tusen år gammal jeger- og samlarkultur. Det skal difor lite til for at dei skal forsvinna ved moderne utnytting av lokaliteten. I Kalhaugen, ein skogkledd haug like ovanom Nordavikjo ligg ein liten gravhaug.



Både i Tingvikjo og Longkjølsvikjo er det tufter av hus som er daterte til siste delen av vikingtida, ca 970 – ca 1030. Namnet kan tyda på at Tingvikjo har vore ein gammal tingplass. (Foto:TR)

Buplassane på Føyno ligg på eigedommane 51/1 og 51/2. Det vil vera naturleg å sjå heile den nordre delen av Føyno som eit kulturvernområde, med tanke på å bevara landskapsstrukturane og kulturlandskapet slik det er blitt forma gjennom lang tid
Området som bør vernast, går frå Longkjølsvikjo til Jonavikjo. Slik vert også dei to verneverdige sjøhusa ein del av kulturlandskapsområdet. I nord og vest vert det avgrensa av grensa til bruk nr 2, som omfattar eit regulert hytteområde og bomstasjonen ved E39. I sør strekkjer området seg til vegen fram til gardsbruka. Tuna på bnr 1 og bnr 3 er høyrer også naturleg med til dette kulturlandskapet.

Desse landskapsområda på Digernes og Føyno vil også i framtida vera verdfulle rekreasjonsområde og vakre kulturhistoriske naturmiljø. E39 gjer at dei er lett tilgjengelege både for travle bilistar og for turgårarar/syklistar. Ved å halda oppe eit visst sauehald, vil ein også kunna bevara karakteren til landskapet. Endå om steinalderbuplassane, som er fornminna her, ikkje viser noko særleg att i terrenget, er det i desse områda lett å sjå korleis terrengformasjonane har lagt til rette for at folk har kunna laga seg tilhaldsstader her. Gjennom litt oppmerking og opplysningstavler kan her lagast gode illustrasjonar som viser korleis området har blitt utnytta.

Eventuelle tiltak med tanke på å gjera området tilgjengeleg for publikum må sjølvsagt gjerast i nært samarbeid med grunneigarane. Reguleringsmessig kan området gjerne ha status som landbruksområde men med klåre restriksjonar for vidare utbygging. Verkstadklubben ved Aker Solutions eig ein del av området lengst nord på Føyno. Kombinasjonen mellom friområde med hytter og kulturvernområde treng i dette tilfellet ikkje å føra til konfliktar.

**Materielle krigsminne**
Hausten 1942 måtte eigarane av 40/3 forlata eigedommen fordi tyskarane skulle nytta han som festning. Rundt om på garden finst fleire mindre anlegg frå denne tida, ammunisjonslager, skytestillingar og ei brakke står att. Inne på tunet til bruk nr. 3 er to bunkersar som er tekne vare på. Dei vert tatt med i planen. Men også dei andre anlegga bør vernast om så langt råd er. Øvst på Gullberg er også ein utkikkspost som var knytt til festninga. Den er også tatt med i planen (Fot: Bunkers: BN).



## Ferdselsårer/kommunikasjon

***Kabelhus for sjøkabel – Sæbø .***
På Stord kunne ein ta i bruk telefon frå 1902. Då vart det lagt sjøkabel frå Valevåg til Sæbø som ein del av telefonlinja mellom Stavanger, Haugesund og Bergen. Kabelhuset vart bygt der kabelen kom i land. Det er eit lite, kvadratisk bygg med spissa tak, og det einaste av sitt slag i kommunen. Huset er med i bygningsvernplanen.

## 6.6. Storavatnet med gardane omkring

***Topografisk og historisk utgangspunkt***
***Korleis landskapet er teke i bruk og forma***

- *Jordbruk*
- *Utnytting av vassdrag*
- *Utnytting av vassdraga*
  - Sagbruk og mølle ved Sagvågselva
- *Gruvedrift*
  - Stordø Kisgruver
- *Handverk/industri*
  - Skipsbygging
  - Annan industri
- *Handelsverksemd*
  - Sagvågsbrekka
- *Bustadbygging*
- *Offentleg utbygging*

***Ferdsel og ferdselsårer***
***Enkeltobjekt og kulturmiljø***

- *Kulturminne knytt til sjøbruk*
  - Bjørnvika –naustmiljø
- *Teknisk utnytting av vassdrag*
  - Sagvågselva
- *Bergverk*
  - Gruveområdet på Litlabø
- *Handverk/industri*
  - Jensaneset - Ottesens Skipsbyggeri
- *Handel/service*
  - Sagvågsbrekka
- *Bustader*
  - Arbeidarbustadene i Rødkleiv
  - Stigerbustadene og stallmeisterbustaden i Stallbakken
  - Administrasjonsbustadene ned mot Storavatnet
  - Hillarhaugen
- *Offentlege bygg og anlegg*
  - Nysæter kyrkje
- *Anna*
- *Fornminne*
- *Ferdsel og ferdselsårer*

### TOPOGRAFISK OG HISTORISK UTGANGSPUNKT

Mellom Utslettefjellet/Litlabøfjellet og det sentrale jordbruksområdet i Sørbygdo, ligg Storavatnet. "Kanskje har namnet på Storavatnet frå først av vore Vadlavatn. Namnet kjem av det gamle ordet vadil – eit vad. Det er mange øyar i Storavatnet, og mange stader so grunt mellom dei at ein kan va over." (Stord bygdebok, b. II, s. 670).

Vatnet er omkransa av gardane:

- Dale, gnr 32
- Øvre Litlabø, gnr 33
- Nedre Litlabø, gnr 34

Nord for Dale ligg Isdal (gnr. 31)

- Kannalønning (gnr 35)
- Valvatna, gnr. 55
- Almås, gnr. 56
- Nysæter, gnr 57

Vest for Valvatna og til sjøen ligg gardane

- Sætrevik (gnr. 53),
- Nes (gnr. 54)

S T O R A V A T N E T

Nord for Valvatna/Nysæter ligg

- Vikanes (gnr 58),
- Dyvik (gnr 59)
- Mjelkevik (gnr 60)
- Stokken (gnr. 61)
- Petateigen (gnr 62)
- Morkjo (gnr 63)

Området er ikkje rikt på fornminne. Det er ikkje kjende gravminne. I Mjelkevik er det funne eit par steinalderbuplassar. På Almås og Valvatna er gjort nokre lausfunn frå steinalder.

Der Storavatnet har hovudutlaupet til sjøen, renn to elvar ut, den søndre og den nordre elva. Ved dette elvelaupet har det vore sagdrift heilt frå siste halvdelen av 1500-talet, og saga har gitt namn til vågen og landet rundt, Sagvågen. Elva og saga er grunnlaget for tettstaden, og Valvatne trelasthandel har frå sist på 1800-talet vore ei stor verksemd. Ottesen skibsbyggeri på Jensaneset har vore i samanhengande drift frå 1825. Frå midt på 1800-talet har Sagvågen og seinare Grunnavågen vore utskipingshamn for kis frå gruvedrifta på Litlabø/Nysæter.

Landskapet på nordsida av Storavatnet er merkt av 100 års gruvedrift. På flata tvers ovafor Litlabø kurs –og treningssenter låg vaskeriet til AS Stordø Kisgruber, og heile dette området er fylling frå den tida dei vaska rein kisen her. Hustredalsvatnet har vore ei vik i Storavatnet.




Gruveområdet 1930

## KORLEIS LANDSKAPET ER TEKE I BRUK OG FORMA

Valvatna er truleg den eldste garden i området. Mange av dei andre gardane er skilde ut frå den. Området er merkt av følgjande typar utbygging:

- jordbruk
- utnytting av vassdraga
- gruvedrift
- handverk/industri
- handel
- bustadbygging
- offentleg utbygging

## Jordbruk

Fleire av gardane på Stord var på 1600-taletått av Orning-familien på Vatna. Det kan sjå ut til at Valvatna har vore kjernen i eit gods som hang saman med Vatnagodset på 1500-talet. I 1647 omfatta Orninggodset m.a. gardane: Almås, Isdal, Kannalønning, Nysæter, Valvatna og Øvra Litlabø.
Området er ganske kupert og ikkje spesielt godt jordbruksland. Mange av gardsbruka har også gått med til bustadføremål. Aktivt jordbruk finn ein i dag først og fremst på Nedra Litlabø, Kannalønning, Dale og Isdal.

*Isdal, gnr. 31*
Isdal har frå gammalt høyrt til Vatnagodset. Namnet kan ha noko med elvenamnet Isa å gjera. Det gamle tunet på Isdal låg oppe på haugen nordaust for Isdalsmyrane. På garden har det vore tre husmannsplass: Furehaugen, Leitesmyro og Dalshaugen. Garden grensar til Øvra Økland i aust, til Dale i sør og Øvre Litlabø, Petateigen og Morkjo i vest og nord.

*Dale, gnr. 32*
Dale grensar til nordaustenden av Storavatnet og strekkjer seg nordover. Garden vart gjeven som sjelegåve til Munkeliv kloster i 1426, men seinare har Halsnøy kloster fått hand om han. I 1759 fekk brukaren skøyte på garden. Han delte i to bruk, bnr 1, Nedra Dale og bnr. 4, Øvra Dale. Det gamle tunet låg oppå haugen litt vest for det noverande tunet på Øvra Dale.

Dale hadde frå gammalt kvern og stampe i Dalselva. Merkje etter kverna viser. I Båtsvikjo hadde dei naust til ferdsla på Storavatnet.

Dalssetra låg oppe ved Dalskarsvatnet, og Sætradalen var beitemark når dei låg på setra.

På Dale har det vore fire husmannsplass: Dalen, Haugaplasset, Toppen og Åsen.

*Øvra Litlabø gnr. 33*
Namnet tyder den litle garden. Øvra Litlabø ligg på nordsida av Storavatnet. Bernt Orning åtte garden i 1648. I matrikkelutkastet 1723 er nemnt at garden hadde kvern i Kvednavikjo. Seinare hadde dei også kvern saman med Dale i Kvednafossen ved Båtsvikjo. Øvra Litlabø hadde ikkje seter, men to heimestølar, Johannesstølen og Andreasstølen. Garden hadde naustrett i Sagvåg, og sjoarveg over Sagvågsplasset.

Det gamle tunet på Øvra Litlabø var om lag der direktørbustaden til Stordø Kisgruber ligg. I 1884 fekk brukseigar Mens Koren auksjonsskøyte på heile Øvra Litlabø. Han skilde ut og selde dei tre husmannsplassa på garden: Rutle, Båtsvikhaugen og Rossnes. Eit fjerde plass var Kvednavikjo.

I 1907 fekk A/S Stordø kisgruber eigedomsretten til garden, og frå då var det samanhengjande gruvedrift fram til 1968. Frå 1945 var staten eigar. Etter at gruveproduksjonen stansa, kjøpte Stord kommune eigedomane i 1972. Ein del vart selt ut til private, resten sit kommunen enno med heimelen til.

I 1925 kjøpte Stord kommune bnr 6 Gjerdet og bygde skulehus der.

Plasset Rutle vart om lag 2000 selt til organisasjonen Smiths venner som bygde eit konferansesenter der.

*Nedra Litlabø, gnr. 34*
Garden ligg på austsida av Storavatnet. Nedra Litlabø var klostergard. Tunet ligg oppe på høgda om lag i midten av innmarka.

Garden vart delt i to bruk (bnr 1 og bnr. 3) i 1840. I 1882 vart bruk nr 2 skilt ut frå bnr 1, men har seinare vore skøytt samstundes med bnr 1 og til same kjøpar. Bnr 4 vart skilt frå bnr 1 i 1905. Lars Jensson hyste opp bruket og dreiv det som eit gardsbruk.

Bnr 10 Nylund vart skilt frå bnr 4 i 1936 – eit bureisingsbruk. I 1953 fekk eigaren Jens L Litlabø også skøyte på bnr 4.

*Kannalønning gnr 35*
Garden har høyrt til Orninggodset. Namnet kan komma av at garden ei tid høyrde til adelsætta Kane. Men namnet kan også komma av ordet kann, som er ein stad eller ei grense mellom to gardar eller to slekter sine eigedommar. Tunet ligg i nordre kanten av innmarka, og bøen hallar nedover mot Hestatjødno.

*Sætrevik, gnr. 53*
Vest for Valvatna og sørvest for Almås ligg Sætrevik. Namnet kjem av gln setr som tyder ein stad der folk set seg til eller held seg mykje. Sætrevik er klostergods frå gammalt.

Grunnavågneset vart skilt ut frå Sætrevik frå 1905 og skøytt til A/S Stordø Kisgruber. Der vart det utskipingshamn for kisen frå gruvene. Seinare er det etablert eit større industriområde i Grunnavågen og på Grunnavågneset.

I 1980-åra vart det bygd ut bustadfelt i Høgåsen.

*Nes, gnr 54*
Namnet er naturnamnet nes. Garden var del av klostergodset. På Nes var det eit husmannsplass som i 1752 vart kalla Nedre Nes. I 1911 vart plasset skilt ut og fekk bnr. 2. Fram til då var det berre eitt bruk på garden. I dei siste åra er det skilt ut noko byggjeland. I 1980-åra vart det bygt ut bustadfelt i Neshaugen.

*Valvatna, gnr. 55*
Valvatna er truleg ein jernalder – eller vikingtidsgard, endå om det ikkje finst arkeologisk materiale som kan underbyggja dette. Garden kan ha høyrt til ressursområdet til Bjelland, og kan ha vorte skild ut anten frå denne garden eller frå Høyland.



I 1562 skriv eigaren av Valvatna, Eirik Ormsson seg ***til** Valvatne,* noko som syner at Eirik har hatt høg status, og at Valvatna var adeleg setegard med skattefritak og andre privilegium. Frå 1645 åtte Bernt Orning Valvatna og brukte garden som avlsgard under hovudgarden Vatna. (O.Høyland s. 672).

På Valvatna sin grunn har vore sag frå 1560-åra, der Sagvågselva renn frå Storavatnet og ut i sjøen. I 1598 er ho nemnd som ei sag ved Fuglesalt. (Foto: BAL)

Frå gammalt har det vore to hovudbruk på Valvatna, bruk nr 1 og bnr 5. Eigarane av bruk 1 var også medeigarar i saga i Sagvåg. Peder Helgesson Valvatna, som overtok bruket i 1871 dreiv sagbruket ved sida av gardsdrifta. I 1900 utvida han høvleriet med vanleg trelasthandel – Valvatna Trelasthandel.

Frå bnr 1 er det rundt sjølve Sagvågen skilt ut mange tufter som har blitt næringseigedommar. Inst i vågen fekk O.K. Rydland hand om eit par hustufter i

1885. Han var postopnar og dreiv også ein landhandel. I 1938 selde han til Hallvard Magnussen.

Jensaneset vart skilt frå bnr 5 i 1913 og skøytt til Gunvald og Nils Ottesen, som fekk det som tillegg til skipsverven.

På Valvatna var det 4 husmannsplass: Justagjerdet (bnr. 5), Valvatnagjerdet (bnr.5), Oksnabergvikjo (bnr. 1) og Sagvågshaugen (bnr. 1).

Truleg er Nysæter, Sætrevik og Almås skilde ut frå Valvatna.

Frå 1970 –åra og framover er det bygt ut fleire bustadfelt på Valvatna.

*Almås, gnr 56*
Namnet er samansett av trenamnet alm og naturnamnet ås. Garden kan i si tid ha blitt skilt ut frå Valvatna. Frå 1700-talet var det to brukarar på Almås. I 1915 vart Flatholmen skilt frå bnr 3 og skøytt til Gunvald og Nils Ottesen. Dei overdrog eigedommen til Sagvåg sildoljefabrikk i 1919.

Bnr 27 Eiriksøyro vart skilt frå bnr 3 i 1918 og skøytt til Stord kommune. Seinare vart det vervaplasss for Åsheim og Valvatna skipsbyggeri.

Til Almås høyrde tre husmannsplass: Pollen (Podlen), Træ og Sagvågsplasset.

*Nysæter, gnr. 57*
Nysæter ligg på nordsida av Storavatnet og rekk til sjøen i Sagvåg. Garden hadde same eigar som Valvatna fram til 1660-70-åra.

Nysæter har vore eitt bruk fram til 1869. I dag er det ikkje gardsdrift att, og store deler av garden er samanhengjande bustadområde.

I 1864 vart det funne svovelkis på garden "ved Matias Nysæters lade og ved Langåkerreinen." Desse kisfunna er det første opphavet til gruvedrifta som har vore i området. Staden der dei fann den første kisklumpen, vart skilt ut som bnr. 5 i 1869 og selt til det Bergenske Grubeselskab. I 1915 kjøpte AS Stordø kisgruber heile garden.

Bnr 3 er det gamle husmannsplasset Sagvåg med 100 mål utmark til. I 1886 fekk Matias Matiasson kjøpa plasset. Han dreiv med sagbruk og kvern. Sagbruket hadde sirkelsag, driven med vasshjul, og kverna hadde to par steinar med 2 kallar.

Bruk nr 45 vart skilt i frå i 1938 og selt til Stord kommune som bygde Sagvåg skule der.

På Nysæter har det vore mange husmannsplass:
Sagvåg, (Nysæter)Neset, Myro, Bunes, Smette, Sæbjørns-Adnesekjo, Åkervikjo.

Etter at kommunen kjøpte Stordø Kisgruver vart det lagt ut store bustadfelt på høgdene over Storavatnet. Her vart også bygt ungdomsskule, idrettsanlegg og i 1992 kyrkje.

*Vikanes, gnr 58*
Vikanes ligg på neset mellom Sagvågen og Dyvikevågen. Garden går til skiftes med Nysæter i aust og med Dyvik i nord. Elles grensar han til sjøen. På Vikanes har vore både marmorbrot og kalkbrot. I Limbuvik var det kalkomn. Oberstløytnant Montague Lillienschold dreiv ut marmor kring 1720. På Vikanes var det frå gammalt tre husmannsplass: Limbuvik, Jensanes og Sætre. På Jensanes sette Otte Ånenson

Vikanes seg til som bygslar kring 1795. Sonen Otte Ottesen tok til med skipsverv i 1825. Etter det har det vore samanhengande drift på området. Frå 1970-åra er det bygt ut fleire bustadfelt på Vikanes.

*Dyvik, gnr. 59*
Namnet kan komma av dy, som tyder søle, mudder, sump. Noko av innmarka ligg som i ei hole, som før ho vart utveita kan ha vore som ein sump eller myr. Til Dyvik har det vore tre husmannsplass: Bjønnvik, Knutamyro og Kleivo.

Bjønnvik vart skilt ut i 1878 med namnet Bjørnevik og fekk bnr 2. I Bjørnevik er to gamle naust som er med i bygningsvernplanen. Heile miljøet nede i fjøra bør takast vare på. Der er laga ein liten steinmur som skal stoppa utvasking og to gamle båtopptrekk. Eit lite våningshus som i dag er nytta som fritidsbustad er eit godt døme på eit tradisjonelt bustadhus

*Mjelkevik, gnr. 60.*
Mjelkevik var frå først av plass under Dyvik. Namnet kjem seg av at dei har mjølka kyrne der om sommaren. Garden har altså vore ein stølsplass. Men i 1723 er Mjelkevikjo eigen gard. Eit anna plass var Jernebøen. I Mjelkevik er det funne to steinalderbuplassar. På Prestaneset vart det i 1919 gjeve løyve til å bryta granitt.

*Stokken, gnr. 61*
Stokken var også plass under Dyvik. Truleg har det tidleg vore to husmannsbruk der. I 1980-åra vart det bygt flyplass på Sørstokken.

*Petateigen gnr. 62*
Det kan tenkjast at namnet kjem av mannsnamnet Peter. Men like rimeleg er det at første leddet kjem av ordet "pete", som tyder den litle. Petateigen grensar til sjøen i vest, Dåfjorden. Garden er den nordlegaste i Stord på vestsida av øya.. I utmarka til Petateigen ligg Petateigvatna, og ovafor dei i fjellet, Holmedalsvatnet. Frå desse vatna renn Petateigselva. I 1918 kjøpte Stord herad retten til dette vassdraget.

*Morkjo gnr. 63*
Namnet kjem av skog. Morkjo har ikkje vore nokon gard, men ei ålmenning. Kven som hadde bruksretten frå fyrst av, veit me ikkje.

## Utnytting av vassdraga

*Sagbruk og mølle ved Sagvågselva*
Tettstaden Sagvåg er bygd opp kring sagbruksdrifta, som har vore i området frå sist på 1500-talet. Den første saga ein finn omtala i gamle dokument, var ved Fuglesalt. Den som fekk sett opp saga, var truleg adelsmannen Erik Ormsson, som åtte både Vatna og Valvatna. Peder Helgesson Valvatna, som overtok bnr. 1 1871 dreiv sagbruket ved sida av gardsdrifta. I 1900 utvida han høvleriet med vanleg trelasthandel – Valvatna Trelasthandel. Seinare har her vore sagbruk heilt fram til om lag år 2000. I 2005 brann det gamle sagbruket ned og eit verdfullt kulturminne gjekk tapt. Men elvefallet har også vore utnytta til kvern og mølle. Kulturmiljøet kring elva er verdfullt. Her er demningar, fleire elvelaup, gamle steinbruer, sirkelsag og kornmølle.

## Gruvedrift

*Stordø kisgruver*
Enno er spora etter det gamle gruvesamfunnet tydelege. Utviklinga av gruvedrifta skjedde i to tidsepokar. Den første fasen var frå det første funnet vart gjort i 1864 og fram til 1907. I denne perioden var all drifta basert på dagbrot. Den moderne gruvedrifta start i 1907, og det meste av dei bygningane og anlegga me ser i dag, skriv seg frå denne perioden. Utbygginga var i grove trekk ferdig om lag 1915. Etter dette har det vore ein del nybygg og ombyggingar, men hovudstrukturen i området

er ikkje endra. Gruvesamfunnet som vart etablert frå 1907 var på mange måtar eit samfunn for seg, klårt skilt frå resten av bygdesamfunnet.

## Handverk/industri

*Skipsbygging*

På Jensaneset, plass under Vikanes, sette Otte Ånenson Vikanes seg til som bygslar kring 1795. Sonen, Otte Ottesen tok til med skipsverv i 1825. Etter det har det vore samanhengande drift på området. Jensaneset vart skilt frå bnr 5 av Valvatna i 1913 og skøytt til Gunvald og Nils Ottesen, som fekk det som tillegg til skipsverven. Ottesen skipsbyggeri har til tider vore eitt av dei største treskipsbyggeria i Sunnhordland (Foto: BAL). I kortare periodar har det vore to vervar – på Jensaneset og i Breiavikjo. I dag er det også industriverksemd på Seglneset.





Plankestimar

*Annan industri*

Aker Kværner Elektro vart etablert nede i Sagvågen like etter krigen med namnet Stord Elektro. Verksemda flytta i 1970-åra opp til flata ved nedkjøringa til Sagvåg. Seinare, då verksemda vart ein del av Akerkonsernet, vart det bygt nye produksjonslokale og administrasjonsbygg i Podlen. Også I Grunnavågen bygde verksemda produksjonlokale. Men Aker Kværner Elektro har no flytta. I lokala i Grunnavågen har Wärtsila etablert seg. I Grunnavågen er også Risnes Sønner AS etablert med skipsbygging.

## Handelsverksemd

*Sagvågsbrekka*

Frå Valvatna sin grunn i Sagvågen vart det skilt ut eigedomamr på slutten av 1800-talet. Ole Ingebrigtsen tok til med handel i 1870-åra. I 1880 overtok O.K. Rydland Han var postopnar og dreiv også ein landhandel og bakeri. I 1938 selde han til Hallvard Magnussen. Valvatne Trelast hadde også administrasjon og trelastutsal her. Inst inne i Sagvågen låg det gamle Sagvågsplasset under Almås. Det vart skilt ut frå bnr 3 og fekk bnr 5. Eigedommane i Sagvågsbrekka er skilde ut frå dette bruket. Inste delen av Sagvågen vart såleis eit travelt og tett handels- og servicesenter. I 1970-åra vart det etablert forretningar på flata ovanom nedkjøring til sjølve vågen. Og her har veksten komme dei siste åra.

## Bustadbygging

AS Stordø Kisgruber sette alt før 1910 i gang planmessig bustadbygging for å ha hus til tilreisande arbeidarar. Det vart bygt arbeidarbustader i Gjerde, i Moskvadalen, i Rødkleiv og på Knatten (sjølve produksjonsområdet). Byggemåten merkte seg ut i forhold til den vanlege i distriktet. Særleg husa i Rødkleiv minner om bustadhus ein kan finna i tyske småbyar, nokre av dei er murhus. Gruveselskapet var opptatt av at dei ulike gruppene av tilsette ikkje skulle bu likt og på same staden. For den øvste leiinga vart det bygt store villaer i fint terreng ned mot Storavtanet. Formenne fekk sine bustader i Stallbakken. Desse husa står enno, det same gjer dei fleste husa i Rødkleiv og nokre i det sentrale gruveområdet står enno, men er til dels mykje ombygde og påbygde. Bygningsmiljøet i Rødkleiv er med i bygningsvernplanen. Det same er stigerbustadene i Stallbakken og administrasjonsbustadene.




*Bustader i guveområdet*

Frå 1960 – åra er det lagt til rette for konsentrert bustadbygging i regulerte felt. På Vassneset bygde STOBO ut frå 1969. I 1970-åra vart heile Nysæterområdet lagt ut til bustadfelt. Dette var område som Stord kommune fekk hand om då kommunen kjøpte eigedommane til Stordø Kisgruber. I dette buområdet er det bygt idrettsanlegg, ungdomsskule og kyrkje. I "Moskvadalen", Hillarhaugen vart det etablert eit nytt bustadfelt sist på 1970-talet, teikna av arkitektkontoret Holmedal og Våge. Dette feltet fekk Statens byggeskikkpris for god utforming. Også på Valvatna, i Sætrevik, på Nes og på Vikanes er det lagt ut store bustadfelt, slik at folkeauken har vore stor i dette området dei siste 10-åra. Det er også planlagt større bustadfelt på Almås.

## Offentleg utbygging

Sagvåg har hatt eigen skule frå 1867, då det vart bygt skulehus på Vikanes. I 1917 vart skulehuset på Leirvik flytta til Sagvåg. Sagvåg skule vart bygt i 1939, den vart lagd ned som skule i årsskiftet 2005/06, då det kom nye Sagvåg skule i Rukjen. Gruveområdet fekk sin skule i 1925, Litlabø skule, eit nytt bygg kom til i 1957. Den sterke folkeauken etter krigen har skapt trong for nye skular. I 1978 fekk Sagvågsområdet ungdomsskule på Nysæter. I 1991 vart Tjødnalio skule teken i bruk.

I slutten av1970-åra vart det bygt omsorgsbustader på Buneset.

## FERDSEL OG FERDSELSÅRER

Hovudvegen mellom Stord og Fitjar går gjennom Sagvåg. Først kring 1880 vart det bygt veg mellom Leirvik og Sagvåg. Kring 1890 vart Sagvågsvegen forlenga til Dyvik, og 1910 vart han ført fram til Rydland.

Om lag samstundes med at vegen mellom Leirvik og Sagvåg vart bygt, kom det og veg mellom Leirvik og Dale. Vegen mellom Litlabø og Sagvåg, Nysætervegen arbeidde Stordø Kisgruber opp og gav han over til Stord kommune i 1938.

Frå gammalt av må det meste av trafikken inn til Sagvåg ha gått med båt. Hamneforholda er gode, og Sagvåg ligg sentralt i leia nord – sør. Frå 1876 var Sagvåg stoppestad for HSD sine dampskipsruter. Leia inn til Sagvåg var urein med mange fluer og skjer. Men i 1910 fekk O.K. Rydland bygt steinkai inst inne i vågen. Før det var fluene blitt oppstaka, og dermed kunne rutebåten gå heilt inn.

Ei noko spesiell kommunikasjonslinje gjekk mellom Litlabø og Grunnavågen frå 1915. Stordø Kisgruber bygde utskipingskai for kisen i Grunnavågen og bygde smalspora jernbanelinje frå Vaskeriplanet og ut. Deler av traseen er enno intakt og vert nytta som gangveg. Denne gangvegen er også eit viktig kulturminne.

## ENKELTOBJEKT OG KULTURMILJØ
## Kulturminne knytt til sjøbruk

***Bjørnvika –naustmiljø***
Miljøet består av to gamle naust, ein steinmur som er laga for å stansa utvasking frå sjøen og to båtopptrekk, alt på bruk nr 59. Nausta er omale i bygningsvernplanen

## Teknisk utnytting av vassdrag
***Sagvågselva***
Det rann to elvar frå Storavatnet og ut i sjøen i Sagvåg, søndre og nordre elva. Berre den søndre har vorte utnytta kommersielt. Den hadde mange avgreiningar på vegen ned til sjøen, m.a. var det eitt elvelaup på kvar side av Sagvågshaugen.. Det var i det nordre laupet hovuddrifta vart liggjande. Her låg den eldste saga, og her kom det etter kvart kverner. Denne elva gjekk på sørsida av mølla og ned til ein liten foss nokolunde i enden av høvleribygningen til Valvatne. Nedanfor fossen låg saga og kvernene. Med alle desse avgreiningane er det ikkje å undrast over at elva vart kalla Kvitleelva i eit dokument frå 1860-åra. (Av kvisl – kløfta grein, arm av elv).



Elva utgjer eit verdfullt kulturminnemiljø. Her er demningar, gamle steinbruer, oppgangssag, opphavleg frå 1500 –talet, sirkelsag frå førre århundreskiftet. Den største kornmølla i Sunnhordland utanom Etne vart bygd i 1929 etter at den førre mølla brann ned. I tillegg vart det i slutten av 1930-åra bygt ein verkstad på nordsida av elva, kanskje med tanke på produksjon av vognhjul. (Foto: JG)



I søre elva er det fleire demningar. Fyrst er det betongstemma oppe ved vatnet som vart brukt til regulering av vassføringa i elva i høve til arbeid på sagbruk, mølle og høvleri lenger nede ved elva. I periodar med turt ver hende det ofte at det ikkje var nok vatn til å driva vasshjul og turbinar. Nedanfor denne stemma ligg mølledammen som er demt opp av ein jord – og steinvoll og truleg og nokre trematerialar. Herifrå gjekk vassrennene til sag – og møllevasshjulet.

Kulturminnemiljøet inneheld fire enkeltobjekt: På bruk 57/212 står ei *kornmølle*, bygt om lag 1930, ei *steinbru*, som kan vera frå sist på 1600-talet, og ei *sirkelsag* frå tidleg på 1900-talet. Eigar er Hilmar Mathisens dødsbu. Strekninga ned frå Storavatnet til Sagvåg over den gamle steinbrua var ein mykje brukt tømmerveg i eldre tider. Store skogvidder grensa til Storavatnet, og det var naturleg for skogeigarane å føra tømmeret gjennom vatnet til saga i Sagvåg og der gjera det opp

i pengar eller varer. Dekket eller "køyrebana" i den gamle steinbrua er tre store steinheller som kvar er ikring 2 m lange, 1,5 m breidde og 15 cm tjukke. Steinbrua ligg i ein sving på tømmervegen, og det er difor sett opp ein føringskant av store steinar i om lag 9 meter lengde. Føremålet med denne har vore å hindra at tømmeret gjekk ut i elva. Noko av denne føringskanten er ramla ned. Det fjerde enkeltobjektet er ein lagerbygning/gammal vognhjulfabrikk på eigedommen 57/3.

I reguleringsplan R – 104 004 er Sagvågselva regulert til føremål vern av bygningar og anlegg/kulturpark. Det verna området utgjer området sør for vegen frå Fitjarvegen og ned til sjøen og til like sør for det sørlegaste elveløpet. I hovudsak er dette deler av eigedommane 57/212, 57/3 og 55/11. Enkeltobjekta som er med i kulturminneplanen, er altså i dag verna gjennom gjeldande reguleringsplan.

## Bergverk

***Gruveområdet på Litlabø***

*Type/storleik/eigarstatus*

I gruveområdet har det vore teke ut svovelkis frå om lag 1860 til 1968. Området ligg på nordsida av Storavatnet og dekkjer store deler av gardane Øvra Litlabø og Nysæter. Her er fleire kategoriar kulturminne som til saman gjev eit godt bilete av gruvesamfunnet: gruvesjakter, produksjonsanlegg, ulike tekniske anlegg for å føra fram vatn, bustader til arbeidarar, funksjonærar og toppleiinga, skule og samfunnshus. Det spesielle ved miljøet er at alle desse funksjonane er samla på eit avgrensa, etter måten lite område. Topografien er nytta til å danna skilje mellom dei sosiale sjikta i gruvesamfunnet og delvis mellom arbeidsplass og bustadområde.



Då gruvedrifta vart avslutta, kjøpte Stord kommune heile området. Nokre bygningar og anlegg vart rivne, dei fleste bustadene vart selde, men ein stor del av eigedommen er enno i kommunal eige.

*Kort historikk*

Den moderne gruvedrifta på Litlabø tok til i 1907 då A/S Stordø Kisgruber vart skipa. Frå 1908 vart Zellstoff-Fabrik Waldhof hovudaksjonær, og gruveselskapet var i tysk eige til etter krigen då den norske staten overtok. Anlegget slik det står i dag er i hovudsak utvikla i perioden 1914 – 1940. Mange av bustadene er frå den eldste tida, altså før 1920. Mange av produksjonsanlegga er også frå denne første anleggsperioden. Men både på ein del bustader og på dei fleste produksjonslokala er det gjort mange endringar opp gjennom åra.

*Tilstand*

Mykje av gruveanlegga er borte. Sjølve gruvene er fylte med vatn og store mengder produksjonsutstyr ligg att nede i gruvene. Men det står att eit par hundre meter med gruvegangar og eit par store fjellhallar. Det store vaskeriet er rive, og av den smalspora jernbanen frå vaskeriet og til utskipingshamna i Grunnavågen, er berre traseen att. Også utskipingskaien er fjerna. Likevel gjev området også i dag eit framifrå bilete av det sermerkte samfunnet som blømde kring gruvedrifta. For at dette biletet skal kunna bevarast, må ein vera varsam med vidare utbygging i området. Dei naturlege romma mellom dei ulike delane av området er viktige for å få fram karakteren i gruvesamfunnet. Difor må ein sjå på heile gruveområdet som eit kultrminnemiljø.



Venelaget for Gruva, eit lag som er skipa for å ta vare på kulturverdiane i området, gjer eit stort arbeid for å dokumentera historia til gruvene, ta vare på anlegga og formidla kunnskap. I det siste har laget fått lagt ut jernbaneskjener i det sentrale området og fått på plass eit lokomotiv av den typen som vart nytta (Foto: BN).
Venelaget nyttar Heishuset som base for arbeidet sitt. I den gamle smia har Sunnhordland Museum ei utstilling om gruva. Stord kommune stiller desse bygningane til disposisjon for museums- og kulturvernføremål.

Geografisk er det fleire miljø som kvar for seg er verneverdige:

- Det sentrale produksjonsområdet med gruvegangar
- Rødkleiv med arbeidarbustadene
- Stallbakken med stigerbustadene og stallmeisterbustaden
- Administrasjonsbustadene i lia ned mot Storavatnet
- Høgåsen/Jappaløken og området nord for Rødkleiv med synkar, og mange spor etter installasjonar til å leia vatnet. Demning ved Dalskardsvatnet.
- Skulen
- Samfunnshuset
- Jernbanetraseen frå Vaskeriplanet til Grunnavågen

***Det sentrale produksjonsområdet***
er avgrensa av vegen opp til Rødkleiv og dei bratte skråningane opp mot Litlabø skule og Høgåsen. I verneområdet ligg desse bygningane som er med i verneplanen: Kontoret, Sjukestova (flytta frå annan stad på området), Heishuset, Heistårnet, Stigerkontoret, arbeidarbustad (flytta frå Gjerde), Smio, Snekkarverkstaden, og den mekaniske verkstaden. Desse bygningane er omtala i bygningsvernplanen.
Den gamle Parken i Gruvene er sett i stand og er ein del av verneområdet. Her står eit monument over gruvearbeuidaren, laga av kusntanren Arne Mæland. Ein av arbeidarbustadene som stod oppe på Gjerdet er sett opp her. Bakom snekkarverkstaden er det inngang til ein av gruvegangane..

Eit produksjonslokale som vart sett opp i 1970-åra, er ikkje med i verneplanen, og heller ikkje ein lagerbygning som har blitt nytta til vedproduksjon.

Stord kommune eig heile dette området og alle bygningane bortsett frå den mekaniske verkstaden. . Kommunen har såleis forvaltningsansvaret.

Inngrep som vert gjort i området må ta omsyn til det særmerkte kulturminnemiljøet. Ved utarbeiding av reguleringsplanar bør det få status spesialområde vern med føresegner som seier kva tiltak som kan gjerast.

***Høgåsen/Jappaløken og området nord for Rødkleiv med synkar og mange spor etter installasjonar til å leia vatnet. Demning ved Dalskardsvatnet.***



Frå Lappetjørna henta gruveselskapet vatn til Vaskeriet. Det er laga eit system av dammar og kanalar frå Lappetjørna og fram til høgda over Vaskeriplanet. Kanalen går på nord- og austsida av Andreasåsen og Dyrhaugen og er enno godt synleg i terrenget, men er noko attgrodd. Det er mogeleg å ta vare på dette vassforsyningsanelgget frå demningen i Lappatjørna og fram til åsen over Vaskeriplanet,

der vatnet enda i eit vassmagasin før det vart ført i røyr inn i Vaskeriet. Ein del av dette vassforsyningssystemet er også ei fint mura demning i sørenden av Dalskarsvatnet. (Foto JG)

Oppe i Høgåsen er det også store gruveopningar. Det går merkt turløype frå Tårnet, opp i Høgåsen og ned att til Rødkleiv.

Heile området med Høgåsen, Lappatjørna, Andreasåsen og Dyrhaugen bør bevarst som friluftsområde med verna kulturminne.

